Fjord1

ÅRSRAPPORT 2018

INNHALD

Om Fjord1 ASA

Adm.dir har ordet

Eit verdibasert selskap

Organisasjon

Nøkkeltal

Medarbeidarane

Viktige hendingar

Mål og resultat

Trendar

Forretningsområde

Strategi

Mål og styringsparametrar

Visjon

Verdiar

Overordna ambisjonar

Dyktige medarbeidarar

Prioriteringar fram mot 2020

Samfunnsansvar

Medarbeidar- og organisasjonskultur

Tryggleik

Miljø

Aksjonærinformasjon

Informasjon om leiargruppa

Informasjon om styret

Eigarstyring og selskapsleiing

Årsmelding og rekneskap

Årsmelding frå styret

Konsernrekneskap

Selskapsrekneskap

Erklæring frå styret og dagleg leiar

Melding frå uavhengig revisor



OM FJORD1 ASA

DETTE ER FJORD1

Fjord1 er det leiande ferjeselskapet i Noreg, med ferjetransport som kjerneverksemd. Selskapet driv òg aktivitet innanfor passasjerbåttransport, catering og fjordbasert reiseliv. Gjennom imøtekommande og profesjonell service skal medarbeidarane i Fjord1 sørgje for at dei 21,6 millionar reisande får ei sikker, komfortabel og saumlaus oppleving på fjorden.

Fjord1 er eit innovativt selskap med høge ambisjonar. Selskapet har eit ønskje om å spele ei leiande rolle i det pågåande grøne skiftet som dominerer ferjenæringa. Gjennom kontinuerleg arbeid med å utvikle nybygg i verdsklasse er målet til Fjord1 å vere best på miljøvennleg og påliteleg transport.

Fjord1 er allereie godt i gang med det største ferjeløftet gjennom tidene. I dei fleste anbodskonkurransane som har blitt lyst ut dei siste åra, er miljøkrava forsterka, og det er i stor grad krav til null- og lågutsleppsteknologi. Selskapet har gjennom bygging av nye, klimavennlege fartøy sikra seg ein leiande posisjon i det grøne skiftet og elektrifiseringa av fartøya på norske fjordar. Gjennom 2018 har selskapet fått levert heile sju nye hybride og heilelektriske fartøy, og det vil i 2019 bli levert endå fleire. Samtidig skal fleire av dei eksisterande fartøya våre gjennom større oppgraderingar for å oppfylle miljøkrava.

Selskapet er med andre ord inne i ein periode med høge investeringar – som igjen bidreg til å sikre selskapet posisjonen som den største aktøren i den norske ferjenæringa.

> *Gjennom kontinuerleg arbeid med å utvikle nybygg i verdsklasse er målet til Fjord1 å vere best på miljøvennleg og påliteleg transport*

Med brei erfaring frå ferjedrift, solid marknadskunnskap og stor fleksibilitet i flåten skal selskapet vise at det er ei god investering for eigarane. Selskapet har hovudkontor i Florø og avdelingskontor i Molde og Bergen.

ADMINISTRERANDE DIREKTØR HAR ORDET

Ein del av ferjenæringa har vore sett ut på anbod i 2018. Fjord1 har delteke i fleire av desse anbodskonkurransane, og det er med store glede at selskapet kan sjå tilbake på eit år med ei rekkje oppturar på dette området. Fjord1 har vunne godt fram i anbodsprosessane på Vestlandet, og selskapet er tungt inne i det grøne skiftet med satsinga på miljøvennlege fartøy sidan nullutsleppskrav har gjort seg gjeldande i den maritime næringa.

Omstillingsprosessen frå tradisjonelle dieselferjer til elektriske ferjer byr på omfattande arbeid, men med ein organisasjon som er tilpassa nettopp denne prosessen, er Fjord1 godt budd på utfordringane. Satsinga på nybygg er stor, og i løpet av dei neste åra vil store delar av flåten vere elektrifisert. Miljøkrava frå myndigheitene er på sin plass, og då Fjord1 opna det første heilelektriske sambandet i verda 1. januar 2018, var dette ein merkedag for selskapet.

Sambandet Anda–Lote på E39 er det første sambandet i verda med krav om nullutslepp, og det er eit prestisjeprosjekt for Fjord1 å vere først ute med ny teknologi – både når det gjeld fartøya og løysinga for ladeanlegga på kaiene. Fjord1 er i dag både leiande og innovative innanfor miljøsatsingar og ny teknologi, og dette set krav til ny kompetanse. Vi i Fjord1 ser stadig etter ny kompetanse på ulike fagområde, og vi driv målretta arbeid med personleg utvikling blant både medarbeidarar og leiarar.

Det å leggje vekt på dei reisande har vore eit satsingsområde i 2018. Kunden har alltid vore viktig for Fjord1, og i dag er god service viktigare enn nokon gong. I løpet av året som har gått, har stadig fleire samband fått sjølvbetente kioskløysingar. Det er gledeleg å sjå at kundane set pris på eit døgnope tilbod, og at svinnet er lite. I november gjennomførte vi den største kundeundersøkinga i historia til selskapet. Tilbakemeldingane tek vi med oss i det vidare arbeidet, for Fjord1 vil strekkje seg langt for å halde på posisjonen som leiande i næringa også overfor kundane.

For å få eit godt forhold til dei reisande er trygg og stabil drift essensielt. Fjord1 legg bak seg nok eit år med gode resultat, og mykje er takka vere vidare god drift. Bak dette arbeidet ligg det høg kompetanse, presisjon og dyktige medarbeidarar. Dei tilsette er dei viktigaste ressursane for selskapet, og vi ønskjer alltid å ha dei flinkaste og mest motiverte medarbeidarane i næringa.

> *Dei tilsette er dei viktigaste ressursane for selskapet, og vi ønskjer alltid å ha dei flinkaste og mest motiverte medarbeidarane i næringa*

Fjord1 satsar stadig tyngre på reiseliv, og dette blir eit spennande område i året som kjem, spesielt med tanke på intensjonsavtalen med NSB-konsernet om eit felles nasjonalt reiselivsselskap som blei inngått vinteren 2018. Dessutan samarbeider vi tett med The Fjords, og det var med stor glede at fartøyet deira «Future of The Fjords» blei kåra til «Årets skip 2018», til liks med søsterskipet i 2016.

Fjord1 er inne i ein god flyt. Vi har allereie hausta nyttige erfaringar frå omstillingsprosessar, og desse tek vi med oss i det vidare arbeidet i året som kjem. Vi ser alltid framover, for vi skal vere best på sikker og miljøvennleg transport på dei stadig grønare fjordane våre.



Dagfinn Neteland
administrerande direktør i Fjord1

EIT VERDIBASERT SELSKAP

Verdiane til Fjord1 skal vise kven vi er, og korleis vi arbeider. Dei skal vere rettleiande for korleis medarbeidarane i Fjord1 skal opptre i kvardagen, både internt og eksternt. På den måten blir òg verdiane viktige styringsverktøy i kvardagen, og dei dannar grunnlag for identiteten til selskapet.

Medarbeidarane har sjølve vore med på å utarbeide verdiane til selskapet, og dette har vore sentralt i arbeidet med å byggje ein sunn og sterk organisasjonskultur. I dag er verdiane godt forankra i alle ledd i organisasjonen.

GODT HUMØR

OPEN OG ÆRLEG

PÅLITELEG OG HELD DET VI LOVAR

LØNSAM

SAMHANDLING OG TEAMÅND

STOLT

ORGANISASJON



NØKKELTAL

ÅRSVERK
1264

FARTØY
74

REISANDE
21,6 MILLIONAR

KØYRETØY
10,7 MILLIONAR

OMSETNAD
3,1 MILLIARDAR

BALANSE
6,7 MILLIARDAR

EIGENKAPITAL
2,3 MILLIARDAR

FØR SKATT
675 MILLIONAR

EBITDA
1,1 MILLIARDAR

INVESTERINGAR
1,9 MILLIARDAR

MEDARBEIDARANE
– DEN VIKTIGASTE RESSURSEN VÅR

Fjord1 skal vere den sikraste og mest attraktive leverandøren av miljøvennleg ferje- og passasjerbåttransport for kundar, oppdragsgjevarar og samarbeidspartnarar. Gjennom imøtekomande og profesjonell service skal medarbeidarane i Fjord1 gjere reisa på fjorden til ei sikker, komfortabel og saumlaus oppleving.

Den positive utviklinga til selskapet er tett knytt til innsatsen, engasjementet og kunnskapen til den enkelte, og det er medarbeidarane som har gjort Fjord1 til ei sterk merkevare.

Fjord1 starta året 2018 med å opne verdas første heilelektriske samband!

VIKTIGE HENDINGAR

Fjord1 har i 2018 sett eit tydeleg fotavtrykk som den leiande aktøren i næringa, i eit år som har vore prega av store anbodskonkurransar.

FØRSTE KVARTAL

1. januar set Fjord1 i gang drifta av det første heilelektriske ferjesambandet i verda på Anda–Lote i Sogn og Fjordane. Dette er det første sambandet i verda med krav om nullutslepp, og det er eit prestisjeprosjekt for Fjord1 å vere først ute med ny teknologi – både når det gjeld fartøya og løysinga for ladeanlegga på kaiene. Frå 1. januar set Fjord1 også i gang drifta av to nye samband i Hordaland: Krokeide–Hufthamar og Husavik–Sandvikvåg. I den same perioden blir Fjord1 tildelt «Nordmørspakken» og får dermed halde fram i elleve år til med å drive fire fylkesvegsamband på Nordmøre. I 1. kvartal signerer også Fjord1 kontrakt på levering av sju nye fartøy – fem ved Havyard og to ved Cemre Shipyard i Tyrkia.

ANDRE KVARTAL

Fjord1 er no godt i gang med omstillingsprosessen frå tradisjonelle dieselferjer til elektriske ferjer. Arbeidet med nybygg er større enn nokon gong, og eit obligasjonslån til finansiering av nye fartøy blir etablert og notert på Oslo Børs. I 2020 vil 29 elektriske ferjer vere i drift som ein del av konvertering frå konvensjonell til elektrisk ferjedrift. Selskapet får i denne perioden levert to nye ferjer: MF «Horgefjord» og MF «Husavik». I tillegg signerer selskapet kontrakt med Tersan Shipyard om eit nytt fartøy. Det blir betalt ut utbyte til eigarane av Fjord1 på 270 millionar kroner på bakgrunn av resultatet året før. The Fjords DA signerer kontrakt for eit nytt fartøy som skal bli sett i drift på Oslofjorden, og får i tillegg levert den heilelektriske passasjerkatamaranen «Future of the Fjords». Fjord1 opnar nye sjølvbetente kioskløysingar på stadig fleire samband. Tilbakemeldingane frå kundane er gode, og svinnet er lite.

TREDJE KVARTAL

Selskapet legg bak seg nok ein periode med god og stabil drift. I tillegg blir Fjord1 tildelt ein ny anbodskontrakt frå Møre og Romsdal fylkeskommune. Kontrakten gjeld «Romsdalspakken», som omfattar drift av fire samband i Romsdal i ein periode på 14 år. Kontrakten inneber ein omfattande reduksjon av CO_2-utslepp, reduksjon i bruken av fossilt drivstoff og samla sett lågare energibruk. I den same kvartalsperioden signerer Fjord1 kontrakt for ombygging til elektrisk drift av MF «Årdal» med Fiskarstrand Verft AS. Ettersom selskapet har inngått fleire kontraktar for bygging av miljøvennlege ferjer, tek GIEK del i finansieringa av nybyggprogrammet til Fjord1 med ein garanti på 900 millionar kroner. I september opnar Fjord1 den første landbaserte Ferdamat-kafeen i historia til selskapet. På grunn av vekst i drifta i nye geografiske område etablerer Fjord1 ein ny region i driftseininga. Region 4 får ansvar for ferjedrifta på dei nye sambanda i Hordaland. Fjord1 gjennomfører dåp for nye elektriske ferjer der både lokalbefolkninga og tilsette er inviterte til festmarkering.

FJERDE KVARTAL

Fjord1 er framleis med i konkurransen om å få drive det første hydrogenanbodet i verda (som éin av tre aktørar) og leverer inn dette anbodet i oktober. Sjølv om selskapet ikkje vinn fram i denne konkurransen, ser dei på arbeidet som verdifullt og kunnskapsbyggande. I november vinn Fjord1 fram i anbodskonkurransen om drift av fire samband på Indre Sunnmøre. Denne kontrakten strekkjer seg over 14 år og er saman med Romsdalspakken dei lengste kontraktane selskapet har. Kontrakten har ein verdi på om lag 1,9 milliardar kroner. I siste kvartal i 2018 får selskapet levert fire nye fartøy: MF «Austrått», MF «Vestrått», MF «Hadarøy» og MF «Kommandøren». Fjord1 inngår ein intensjonsavtale med NSB-konsernet om å etablere eit felles nasjonalt reiselivsselskap. Målet er å tilby miljøvennlege reiselivspakkar over heile Noreg, utvikle nye turistdestinasjonar og bidra til heilårsturisme. NSB og Fjord1 siktar mot å etablere selskapet i løpet av første halvår 2019.

MÅL OG RESULTAT 2018

FRÅVÆRSSKADAR

MÅLTAL: 3,00

RESULTAT: 4,13

(pr. million arbeidstimar)

SJUKEFRÅVÆR

MÅLTAL: 4,90 %

RESULTAT: 5,81 %

(målt i prosent)

PASSASJERSKADAR

MÅLTAL: 0,10

RESULTAT: 0,46

(pr. million frakta passasjerar)

KONTAKTSKADAR

MÅLTAL: 0

RESULTAT: 0,69

(pr 100.000 anløp)

FORUREINING

MÅLTAL: 0

RESULTAT: 0

(målt i hendingar)

RUSKONTROLLAR

MÅLTAL: 0

RESULTAT: 3

(antal umelde ruskontrollar)

TRENDAR

FRÅVÆRSSKADAR



SJUKEFRÅVÆR



FORUREINING



RUSKONTROLLAR



KONTAKTSKADAR



PASSASJERSKADAR



FORRETNINGSOMRÅDE

Kjerneområdet til Fjord1 er ferjetransport, og selskapet er i dag det største ferjeselskapet i Noreg. Selskapet satsar også på passasjerbåttransport, catering og reiselivsaktivitet ved fjordane.

FERJER

Ferjesegmentet omfattar drift av ferjesamband i Noreg. Fjord1 er den leiande operatøren i norsk ferjedrift med 50 prosent av marknaden. Fjord1 driv 7 av dei 10 største sambanda i Noreg. I 2018 har aktivitetsnivået i ferjesegmentet vore høgt, og dette viser att i dei gode resultata for året. Den samla trafikkveksten i 2018 innanfor ferjesegmentet var på 3,4 %.

FARTØYSLISTE

Fartøynavn	Byggeår	PBE
Møkstrafjord	2018	130
Husavik	2018	45
Horgefjord	2018	120
Austrått	2018	50
Vestrått	2018	50
Hadarøy	2018	120
Kommandøren	2018	120
Gloppefjord	2017	120
Eidsfjord	2017	120
Hornelen	2016	60
Losna	2016	60
Edøyfjord	2012	50
Boknafjord	2011	240
Hjørundfjord	2011	120
Storfjord	2011	122
Fannefjord	2010	128
Korsfjord	2010	128
Lifjord	2010	110
Norangsfjord	2010	120
Romsdalsfjord	2010	128
Davik	2009	45
Moldefjord	2009	128
Årdal	2008	108
Vågsøy	2008	42
Fanafjord	2007	212
Mastrafjord	2007	240
Raunefjord	2007	212
Lote	2006	120
Bergensfjord	2006	212
Stavangerfjord	2006	240
Dryna	2005	35
Harøy	2005	35
Julsund	2004	99
Eira	2002	100
Volda	2002	100

Fartøynavn	Byggeår	PBE
Nordfjord	2001	54
Glutra	2000	120
Ivar Aasen	1997	76
Lærdal	1997	77
Svanøy	1992	89
Tresfjord	1991	124
Gulen	1989	83
Rauma	1988	73
Romsdal	1988	87
Dalsfjord	1986	28
Sulafjord	1986	106
Selje	1986	58
Sognefjord	1984	64
Sogn	1982	110
Solskjel	1981	35
Bjørnsund	1979	61
Geiranger	1979	36
Stordal	1979	51
Stryn	1979	81
Aukra	1978	36
Eid	1978	35
Nordmøre	1978	52
Sunnfjord	1978	46
Aurland	1977	35
Solnør	1977	36
Kvernes	1976	35
Sykkylvsfjord	1975	36
Veøy	1974	50
Fanaraaken	1973	29
Tingvoll	1972	35
Bolsøy	1971	38
Goma	1968	29
Nårasund	1968	11
Ørsta	1964	25
Driva	1963	29



Skip under bygging	Plan levering	PBE
TBN 1	1. kv 2019	120
TBN 2	1. kv 2019	120
TBN 3	3. kv 2019	120
TBN 4	3. kv 2019	120
TBN 5	3. kv 2019	130
TBN 6	3. kv 2019	83
TBN 7	3. kv 2019	83
TBN 8	4. kv 2019	83
TBN 9	4. kv 2019	80
TBN 10	4. kv 2019	80
TBN 11	3. kv 2019	50
TBN 12	4. kv 2019	50
TBN 13	4. kv 2019	50
TBN 14	4. kv 2019	50
TBN 15	4. kv 2019	50
TBN 16	4. kv 2019	120

Passasjerbåtar	Byggeår	Pass
Tansøy	2006	96
Fjordglytt	2000	81
Sylvarnes	2000	70
Skagastøl	1970	384

10 STØRSTE SAMBAND I 2018

Samband	Operatør	PBE (i heile tusen)
Moss - Horten	Torghatten	3 741
Mortavika - Arsvågen	**Fjord1**	2 838
Sandvikvåg - Halhjem	**Fjord1**	1 905
Molde - Vestnes	**Fjord1**	1 596
Fodnes - Mannheller	**Fjord1**	1 282
Hareid - Sulesund	Norled	1 201
Solevåg - Festøya	**Fjord1**	1 190
Sykkylven - Magerholm	**Fjord1**	1 186
Oppedal - Lavik	Norled	1 159
Flakk - Rørvik	**Fjord1**	1 085

MARKNADSANDEL PBE (INKL. IKKJE TILDELTE KONTRAKTAR)



RESULTAT FOR FERJESEGMENTET 2018

OMSETNAD
2,8 MILLIARDAR

EBITDA
985 MILLIONAR

FØR SKATT
691 MILLIONAR

PASSASJERBÅTAR

Fjord1 driv 15 lokale passasjerbåtruter i Sogn og Fjordane. Selskapet eig fire passasjer- og kombibåtar sjølv og leiger inn ti passasjer- og kombibåtar frå underleverandørar. Nokre av båtane tek både passasjerar og bilar, medan andre berre tek passasjerar.

Kontraktane på dei lokale passasjerbåtrutene har vore gjeldande frå 1.mai 2012. Opsjon for ytterlegare to år drift vart erklært i 2018 og kontraktene har dermed ein varighet på 10 år.

KYSTEKSPRESSEN

Gjennom selskapet Partsrederiet Kystekspressen ANS er Fjord1 engasjert i passasjerbåtdrifta mellom Kristiansund og Trondheim. Kystekspressen er eit samarbeid med Fosen Namsos Sjø AS, og Fjord1 har ein eigardel på 49 prosent.



Fjord1 sitt eigarskap i selskapa

KYSTEKSPRESSEN

RESULTATA FOR PASSASJERBÅTANE I 2018

OMSETNAD

105 MILLIONAR

EBITDA

7 MILLIONAR

FØR SKATT

1 MILLION

TURIST

Fjord1 er engasjert i fleire ulike reiselivsselskap med reiseopplevingar på fjorden som fellesnemnar. Selskapet har lange tradisjonar med fjordbaserte reiseopplevingar og har dei siste åra spissa satsinga i samarbeid med ulike partnarar som utfyller kvarandre når det gjeld tilbod, marknadsføring og operativ produksjon. Gjennom auka satsing på utvikling av miljøvennlege løysingar, marknadsarbeid i digitale flater og gjennom å delta i den globale veksten i reiselivsnæringa har selskapet oppnådd gode resultat i dette segmentet. Ei stadig større satsing på reiseliv vil gjere seg gjeldande i Fjord1 dei neste åra. Fjord1 og NSB har signert ein intensjonsavtale om å satse på eit felles reiselivsselskap. Partane har eit felles ønskje om å satse på mellom anna heilårsturisme, miljøvennleg turisme og nye destinasjonar. Fjord1 og NSB siktar mot å etablere selskapet i løpet av første halvår 2019.



Fjord1 sitt eigarskap i selskapa

THE FJORDS

Med kompetanse innanfor både maritim næring og reiseliv har Fjord1 og Flåm AS stifta eit felles selskap med likeverdig eigarskap, The Fjords. Selskapet blei etablert i 2015 og skal gjennom fornying av materiell og produktutvikling tilby eit endå betre reiselivsprodukt på dei norske fjordane. Selskapet skal styrkje fjordopplevingane til dei mange turistane som besøkjer Fjord-Noreg, og leggje vekt på fornying av materiell og produktutvikling.

Selskapet The Fjords har fått stor merksemd både internasjonalt og nasjonalt på bakgrunn av dei to unike fartøya sine, MS «Vision of The Fjords» og MS «Future of The Fjords». MS «Vision of The Fjords», som er selskapet sitt første hybridfartøy i karbon som fraktar turistar på Nærøyfjorden, vann «Ship of the Year» i 2016 og har vunne fleire prisar som mellom anna pris for universell utforming, årets design, DOGA-merket med meir. MS «Future of The Fjords» vann dessutan «Ship of the Year» i 2018 under verdens største skipsmesse SMM i Hamburg. MS «Future of The Fjords» er ein passasjerkatamaran i karbonfiber – den første i verda som er heilelektrisk. Begge fartøya er spesialbygde for sightseeing på norske fjordar. Designet er basert på fjellstiar langs fjorden, og kvar passasjer om bord har ein meter med rekkverk og store vindauge, så uansett kvar i fartøyet ein er, har ein ei einestående utsikt til den praktfulle naturen.

Då MS «Future of The Fjords» blei bygd, oppstod det ei problemstilling, nemleg at det ikkje var nok straum i Aurland kommune til å dekkje forbruket til begge fartøya. Det blei då utvikla ein Powerdock. Dette er ei flytekai som har ein batteripakke om bord som ladar gradvis av straumnettet, og deretter ladar fartøyet av denne. Powerdocken har òg mottak for kloakk og gråvatn, og dette gjer at fartøyet verkeleg er eit nullutsleppsfartøy på alle frontar. Powerdocken ligg i Gudvangen og fungerer godt.

The Fjords er til stades på Geirangerfjorden, Hjørundfjorden, Nærøyfjorden, Sognefjorden, Lysefjorden og Oslofjorden. Selskapet utvidar den geografiske plasseringa og har fartøy under bestilling. Eit nytt fartøy med namnet MS «Legacy of the Fjords» (søsterskipet til MS «Future of The Fjords») er under bestilling og vil bli levert i april 2020. Dette fartøyet er tiltenkt Oslofjorden, som er den nyaste av marknadene som The Fjords satsar på. The Fjords er i vekst og har store framtidsutsikter. Etableringa av selskapet er ei viktig og langsiktig satsing der faktorar som miljø og berekraftig utvikling står sentralt.

GEIRANGER FJORDSERVICE

Gjennom tett samarbeid med fleire aktørar tek selskapet sikte på å gjere Geiranger til ein attraktiv destinasjon med reiseopplevingar på fjorden og aktivitetar i Geiranger. Primærproduktet til selskapet er ein passasjerbåt som går rundturar på Geirangerfjorden. Frå sommaren 2018 vart dette produktet forsterka med ein heilt ny passasjerbåt.

Geiranger Fjordservice driv i tillegg utleige av syklar og bilar og kan tilby transport, guiding og ulike aktivitetar. Fjord1 har ein eigardel på 30,2 prosent i selskapet.

FJORD TOURS

Fjord Tours AS blei etablert i 1982, og selskapet tilbyr ferdige pakketurar i heile Noreg, overfor både den nasjonale og den internasjonale marknaden. Selskapet har individuelle reisande som primær målgruppe og har utvikla ei nettplattform som hovudkanal for sal og marknadsføring. Rundreisene går med offentleg transport som tog, båt og buss. Fjord1 har ein eigardel på 30,6 prosent i selskapet.

RESULTAT FOR TURISTSEGMENTET 2018

OMSETNAD

23 MILLIONAR

EBITDA

8 MILLIONAR

FØR SKATT

7 MILLIONAR

CATERING

Catering er eit viktig og lønnsamt verksemdsområde for Fjord1. Gjennom Ferdamat-konseptet har selskapet dei siste åra satsa på eit tilbod med mat av høg kvalitet. Maten om bord på fartøya er laga av gode råvarer med eit visuelt uttrykk som gjer at kundane kjenner seg att på alle Fjord1-samband. Kvaliteten på maten som selskapet serverer, sikrar ein ved å bruke nylaga produkt som er produserte om bord eller av lokale produsentar i nærområdet.

Fjord1 jobbar også kontinuerleg med å fornye seg ved å finne nye produkt og tilby gode kampanjar og freistande tilbod til alle dei reisande. I tillegg er selskapet opptekne av å tilby produkt til reisande med ulike matallergiar og vegetarianarar, og ikkje minst berekraftige produkt som gjer at selskapet tek omsyn til miljøet. Der er til dømes alltid gluten- og laktosefrie alternativ i kioskane med betening. I tillegg er alle kaffialternativ som blir laga på maskiner med heile bønner, økologiske og Fairtrade-merkte. Dessutan jobbar selskapet kontinuerleg med å gjere gode miljøvennlege val for emballasjen selskapet nyttar.

Svele og kaffi er sjølve signaturprodukta til Fjord1, og i 2018 blei det selt om lag 800 000 sveler.

FERDAMAT KAFÉ HAREID OG PRODUKSJONSKJØKKEN

1. september opna den første landbaserte Ferdamat-kafeen på Hareid trafikkterminal. Dette er ei spennande nyvinning der selskapet ønskjer å nå dei reisande som reiser til og frå Hareid både med hurtigbåt og ferjer. I same lokale har Fjord1 også eit produksjonskjøkken som skal levere sveler, påsmurd mat, salatar og anna til kioskane med betening på dei nye elektriske ferjene som skal trafikkere Hareid–Sulesund. Fjord1 har også som mål å kunne levere sveler og påsmurd mat til stadig fleire sjølvbetente kioskar på andre samband.

SJØLVBETENTE KIOSKAR

I februar 2018 opna Fjord1 den første sjølvbetente kioskløysinga i selskapet si historie. Denne løysinga har vist seg å vere ein suksess. I løpet av dei neste månadene har det gått slag i slag med nye opningar av sjølvbetente kioskløysingar på ei rekkje samband i fleire fylke. Fjord1 er no leiande i den maritime ferjenæringa med tanke på bruk av ny teknologi i

Svele og kaffi er sjølve signaturprodukta til Fjord1, og i 2018 blei det selt om lag 800 000 sveler.

cateringsegmentet og har i 2018 opna 12 sjølvbetente kioskar.

På 10 av 12 fartøy som har fått sjølvbetent kioskløysing om bord i 2018, har det tidlegare ikkje vore noko serveringstilbod. Med sjølvbetente kioskløysingar får Fjord1 dermed utvida serveringstilboda slik at fleire av dei reisande får eit kiosktilbod døgnet rundt.

OVER ALL FORVENTNING

Dei sjølvbetente kioskløysingane er godt mottekne blant dei reisande, og innteninga har vore betre enn selskapet sjølv forventa når ein lanserte dei første sjølvbetente kioskane tidleg i 2018.

RESULTAT FOR CATERING

OMSETNAD

192 MILLIONAR

EBITDA

34 MILLIONAR

FØR SKATT

31 MILLIONAR

STRATEGI



Den overordna strategien til Fjord1 er å styrkje selskapet sin posisjon som det leiande ferjeselskapet i Noreg. Aktivitetar som fremjar vekst og lønnsemd, blir prioriterte i tråd med strategien til selskapet og finansielle mål. Som ein del av ein overordna strategiprosess har det vore arbeidd med å utvikle Fjord1 gjennom tydeleg vektlegging av leiing, medarbeidaroppfølging og utvikling.

MÅL OG STYRINGSPARAMETRAR

Måla til Fjord1 er på mange måtar avgjerande for kva strategi selskapet legg til grunn. Desse måla er viktige styringsparametrar for heile organisasjonen.

FJORD1 SKAL

- vere best på miljøvennleg transport
- gje eigarane ei stabil, god avkastning på investert kapital
- halde det selskapet lovar kundane
- behandle medarbeidarane på ein slik måte at selskapet blir ein attraktiv arbeidsplass for dyktige potensielle medarbeidarar
- vere ein føretrekt samarbeidspartnar for oppdragsgjevarane
- levere solide økonomiske resultat og ha ei sunn forretningsdrift som er prega av kvalitet i alle prosessar

VISJON

Fjord1 ASA skal vere den sikraste og mest attraktive leverandøren av miljøvennleg ferje- og hurtigbåttransport for kundar, oppdragsgjevarar og samarbeidspartnarar.

Gjennom imøtekomande og profesjonell service skal dei tilsette i Fjord1 gjere reisa på fjorden til ei sikker, komfortabel og saumlaus oppleving.

"Best på miljøvennleg og påliteleg transport"

VERDIAR

GODT HUMØR	OPEN OG ÆRLEG	PÅLITELEG OG HELD DET VI LOVAR	LØNSAM	SAMHANDLING OG TEAMÅND	STOLT

OVERORDNA AMBISJONAR

Gjennom dei overordna ambisjonane til selskapet skal Fjord1 arbeide for å nå måla våre:

Å HA DEI DYKTIGASTE OG MEST MOTIVERTE MEDARBEIDARANE I NÆRINGA

Å VERE DET LEIANDE SELSKAPET I NÆRINGA

Å LEGGJE VEKT PÅ TRYGGLEIK OG GODE KUNDEOPPLEVINGAR

Å VERE KJENNETEIKNA AV MODERNISERING, INNOVASJON OG KVALITET

Å UTVIKLE LEIARAR OG MEDARBEIDARAR PÅ ALLE NIVÅ I ORGANISASJONEN

DYKTIGE MEDARBEIDARAR

Fjord1 skal vere ein attraktiv arbeidsgjevar og trekkje til seg dei beste og mest engasjerte menneska. Selskapet er avhengig av dyktige medarbeidarar for å oppnå dei overordna måla og strategiane. I tillegg til fagpersonell med kompetanse på ny digital teknologi, miljøeffektivisering og prosjektstyring er Fjord1 også avhengig av medarbeidarar som produserer og leverer i toppklasse. Dyktige medarbeidarar har i 2018 sikra selskapet i åra som kjem, gjennom å vinne fram i ei rekke anbodskonkurransar.

Fjord1 har i 2018 starta arbeidet med ein overordna rekrutteringsstrategi som selskapet skal fullføre i 2019. Ny teknologi og nye fartøy sikrar selskapet nye medarbeidarar. Det blir i tillegg prioritert å kome fram til ein formell strategi som skal bidra til at selskapet knyter til seg nye medarbeidarar i framtida, og når det gjeld lærlingar og kadettar.

PRIORITERINGAR FRAM MOT 2020

At Fjord1 har teke rolla som det leiande selskapet i næringa, heng saman med lang erfaring frå ferjedrift, brei marknadskunnskap, stor fleksibilitet i flåten og ikkje minst god investeringsevne. Dette er ein posisjon som selskapet vil arbeide sterkt for å halde på, og difor vert det også arbeidd målretta for at selskapet har den rette kompetansen og tileignar oss ny kunnskap i åra som kjem.

Både i 2018 og i dei føregåande åra har Fjord1 vunne viktige miljøkontraktar. Samtidig som Fjord1 har starta opp fleire nye samband i 2018, vil ein del av marknaden vere ute på anbod dei komande åra. Selskapet ønskjer å vere posisjonert til å kunne delta i anbodskonkurransar også i kommande år, med eit klart mål om å vere konkurransedyktig i anbodsprosessane.

Som følgje av at Fjord1 er tildelt ei rekkje nye kontraktar og har starta fleire av dei i året som har gått, er det gjennomført ei refinansiering for å støtte opp om nybyggingsprogrammet i selskapet. Kostnadseffektivitet og lønnsam drift vil dermed vere sentralt i perioden fram mot 2020. Fjord1 skal halde fram med å levere gode resultat, først og fremst ved å leggje vekt på å sikre ei trygg og stabil drift.

Fjord1 ønskjer å stå i spissen når det gjeld innovasjon, miljø og teknologi. Selskapet har dei siste åra vist at ein er først ute på mange område, og vist evne til å vere nytenkjande i «den grøne revolusjonen». Gjennom å vinne nye lønnsame kontraktar, utvikle reiselivssatsinga og vere delaktig i teknologiutviklinga har Fjord1 allereie gjort seg gode erfaringar som selskapet tek med seg i det vidare arbeidet i åra som kjem.

Ei stadig større satsing på reiseliv vil gjere seg gjeldande i Fjord1 dei neste åra. I november 2018 signerte Fjord1 ein intensjonsavtale med NSB om å satse på eit felles reiselivsselskap. Partane har eit felles ønskje om å satse på mellom anna heilårsturisme, miljøvennleg turisme og nye destinasjonar. Fjord1 og NSB siktar mot å etablere selskapet i løpet av første halvår 2019. Eit klart mål med reiselivsselskapet er også å etablere ein sterk sals- og marknadsføringsportal som skal marknadsføre Noreg som ein miljøvennleg reiselivsdestinasjon også internasjonalt.

Fjord1 skal vidare framover vere kjenneteikna som eit selskap som også tek vare på – og utviklar – medarbeidarane sine. Ei felles satsing på medarbeidarar og leiarar vil halde fram, og det vil i åra som kjem bli gjennomført ulike organisatoriske grep for å halde oppe og halde ved like kompetansen til alle dei tilsette. Dette er planlagd gjennom eit felles løft, på same måten som ein tidlegare gjennomførte «Fjord1-løftet».

SAMFUNNS-ANSVAR

Fjord1 har som mål å opptre som ein ansvarleg og profesjonell samfunnsaktør med relasjonar som er bygde på tillit og truverd.

Den norske ferjenæringa er ein viktig samfunnsaktør som frakta om lag 10,7 millionar køyretøy og 21,6 millionar passasjerar i 2018. Som det leiande ferjeselskapet i Noreg spelar Fjord1 ei viktig rolle i norsk infrastruktur med tilrettelegging for effektiv, trygg og miljøvennleg transport som dekkjer samfunnsbehov. Prognosane for framtidig etterspurnad er påverka av befolknings- og næringsutvikling, mobiliteten til kundane og eit generelt krav om auka regularitet frå privatreisande og næringsliv.

For Fjord1 skal samfunnsansvaret reflektere visjonen til selskapet, kjerneverdiane våre, kvaliteten på den daglege drifta og arbeidet vårt med medarbeidarar, miljø og tryggleik. Gjennom trygg, miljøvennleg og påliteleg drift av ferjesamband gjev dette også grunnlag for avkastning på investert kapital, attraktive arbeidsplassar og gode relasjonar til kundane.

Arbeidet med samfunnsansvar er ein integrert del av strategi, leiing og dagleg drift. Selskapet vil framover forsetje arbeidet med systematisk og strukturert vektlegging av samfunnsansvar.

For å integrere samfunnsansvar i den daglege drifta har selskapet tre fokusområde for utøving av samfunnsansvar.

MEDARBEIDAR- OG ORGANISASJONSKULTUR

Fjord1 søkjer dei beste og mest motiverte medarbeidarane med den beste kompetansen. Selskapet ser på rolla som opplæringsbedrift som viktig, og i tillegg skal selskapet ha ein kultur som er prega av openheit, toleranse og høg etisk standard.

HELSEFREMJANDE ARBEIDSMILJØ

Gjennom ei kompromisslaus haldning til tryggleik og eit systematisk og målretta arbeid med helse skal selskapet førebyggje skadar og sjukdom hos medarbeidarane våre. Ingen skal bli sjuke av å arbeide i Fjord1, og selskapet har som overordna mål å unngå all form for arbeidsrelatert fråvær. Oppfølging og tilrettelegging er difor ein viktig del av kvardagen vår.

Inkluderande og inspirerande arbeidsmiljø prega av gjensidig respekt og likeverd er viktig. I Fjord1 er det nulltoleranse for trakassering og negativ oppførsel som kan oppfattast som trugande eller nedverdigande. Derimot jobbar selskapet aktivt for å skape eit inkluderande og inspirerande arbeidsmiljø som er basert på gjensidig respekt og likeverd.

Arbeidet med å redusere sjukefråværet er ein kontinuerleg prosess som krev målretta arbeid også i åra som kjem. Fjord1 vil halde fram arbeidet med nærvær og tett oppfølging, og satsingsområda vidare vil vere førebyggjande arbeid, psykososiale arbeidsmiljø, tilrettelegging og oppfølging.

Etter å ha vore prega av høgt fråvær over fleire år har selskapet i 2018 sett positiv utvikling for nærværet, trass i at gjennomsnittsfråværet framleis er høgare enn måltalet, som er sett til 4,9 prosent. I april nådde selskapet måltalet for totalfråvær med nøyaktig 4,9 prosent, og i mai var totalt fråvær under måltalet med 4,7 prosent. Utover denne perioden på våren var framleis totalfråværet høgare enn ønskt, med eit gjennomsnitt på over 5 prosent.

FRÅVÆRSSKADAR

MÅLTAL: 3,0

RESULTAT: 4,13

SJUKEFRÅVÆR

MÅLTAL: 4,9 %

RESULTAT: 5,81 %

MEDARBEIDARTILFREDSHEIT

Hausten 2018 gjennomførte Fjord1 ei stor medarbeidarundersøking for alle tilsette. Føremålet med undersøkinga var mellom anna å kartleggje sentrale forhold rundt opplevinga av eigen arbeidsplass, trivsel, jobbinnhald og leiarskap, og å peike på område for utvikling og forbetring. Tiltaka som blir utarbeidde i etterkant av undersøkinga, skal vere med på å vidareutvikle Fjord1 som ein trygg og god arbeidsplass for kvar enkelt medarbeidar.

Når det gjeld motivasjon og tilfredsheit, kjem Fjord1 ut med ein totalskår på 4,8 – eit resultat som er tilfredsstillande, men har rom for forbetring. Målet er å ligge ein stad mellom 5 og 7, kor 7 er toppscore.

LEIAR- OG MEDARBEIDARUTVIKLING

Selskapet har arbeidd målretta med å utvikle både leiarar og medarbeidarar på alle nivå i organisasjonen. I 2015 starta Fjord1 opp det første leiarutviklingsprogrammet i historia til selskapet – eit obligatorisk program for alle mellomleiarar med personalansvar. Programmet hadde som føremål å gjere leiargruppa medviten om eigen leiarstil. I tillegg var det praktisk retta og ga konkrete verktøy som leiarane kunne nytte i det daglege arbeidet sitt.

I starten av 2018 arrangerte Fjord1 den siste medarbeidarsamlinga av i alt 10 samlingar. Målet med desse samlingane har vore å byggje ein sterk Fjord1-kultur der alle tilsette får eigarskap til overordna mål, verdiar og etiske retningslinjer. Fjord1 har med dette lagt til rette for eit samlande og inkluderande fellesskap for alle medarbeidarar og styrkt motivasjonen og trivselen hos dei tilsette.

KOMPETANSEHEVING

Fjord1 vil bidra til at dei tilsette har den nødvendige erfaringa og kompetansen til å utøve arbeidet. Endra rammevilkår, det grøne skiftet og ny teknologi krev tiltak for å styrkje kompetansen og utvikle organisasjonen i tråd med nye krav både for selskapet som heilskap og dei tilsette. Fjord1 tilsette i 2018 ei rekkje nye fagpersonar med ulik kompetanse og bakgrunn, og dette vil selskapet halde fram med i året som kjem. Med nye krav i samband med null- og lågutsleppsteknologi og behov for opplæring av tilsette er «Kompetanseløftet» innført i 2018.

FOKUS PÅ OPPLÆRING

I 2018 hadde selskapet om lag 60 opplæringsstillingar innan matros- og motormannfaget, samt at selskapet også hadde innom 14 kadettar. Lærlingane og kadettane er viktige for selskapet og Fjord1 skal vere ein god plass for opplæring innan det maritime yrket. Fjord1 er også aktiv deltakar i Framtidsfylket Sogn og Fjordane si traineeordning. Ordninga har vore vellykka for Fjord1, som har tilsett fleire av traineeane i fast stilling etter at året som trainee er overstått.

TRAINEE I FJORD1

Selskapet følgjer traineeane tett opp, både avdelingsvis og gjennom trainee-programmet. Fjord1 samarbeider med Framtidsfylket Sogn og Fjordane og har vore med i denne traineeordninga sidan 2015.

«Som trainee i Fjord1 får eg ta del i ei utruleg spennande utvikling i eit innovativt selskap, bruke fagfelta mine og utvikle meg sjølv.»

Sondre Austreim, trainee i 2017-2018

«Å bli utfordra fagleg, få mykje tillit og stor breidde i arbeidsoppgåvene er ei unik moglegheit og ein veldig god start på arbeidslivet.»

Kristine Larsen Mjelde, trainee i 2018-2019

«Det å få ta del i det grøne skiftet i den maritime næringa i samband med overgang frå fossil til elektrisk framdrift var ei unik moglegheit for meg som trainee i Fjord1.»

Odd Helge Hatlem, trainee i 2016-2017

HØG ETISK STANDARD

Fjord1 er avhengig av tillit frå kundar, styresmakter, leverandørar og samfunnet generelt. Selskapet skal vere kjenneteikna av høg etisk standard, og avgjerdene skal vere styrte av normer, verdiar og etiske reglar som samsvarar med alminneleg rettsoppfatning. Dei etiske retningslinjene til selskapet gjeld for alle tilsette og byggjer på verdiane til selskapet.

Ved å forankre åtferd i det felles verdigrunnlaget til selskapet og opptre i høve til desse retningslinjene kan ein bidra til ein høg etisk standard i alle delar av selskapet. På denne måten syner Fjord1 interessentane at selskapet er til å stole på, og at ein kan forvente at medarbeidarane i selskapet opptrer på ein god måte. Dei etiske retningslinjene er innarbeidde i styringssystemet, og dei har vore ein del av leiarutviklingsprogrammet og medarbeidarsamlingane. Fjord1 har etablert rutinar for varsling av kritikkverdige forhold.

Fjord1 aksepterer ikkje nokon former for korrupsjon eller anna misleghald. Tilsette i Fjord1 skal alltid opptre på ein måte som er til selskapet sitt beste og heile tida søkje å unngå situasjonar som kan skape interessekonfliktar. Tilsette i Fjord1 skal oppføre seg upartisk i all forretningsverksemd, og ikkje gje andre selskap, organisasjonar eller enkeltpersonar urettmessige fordelar.

TRYGGLEIK

Tryggleik står sentralt i Fjord1, og selskapet har gjennom 2018 lagt vekt på å halde fram med å styrke tryggleikskulturen gjennom både barrieresystem og endring av haldningar.

Samspelet mellom prosedyrar og teknologi skal hindre at tekniske eller menneskelege feil får utilsikta konsekvensar. Tradisjonelt utarbeider og forbetrar Fjord1 styringssystemet ved å granske hendingar eller ved å risikovurdere ein operasjon. Slik identifiserer selskapet om det er behov for tiltak. Fjord1 har ein nullvisjon når det gjeld skadar og nullaksept for tap av liv.

STYRINGSSYSTEM FOR TRYGGLEIK

Fjord1 har eit levande og strukturert tryggleiksstyringssystem som er sertifisert i samsvar med ISM-norma. Her legg ein vekt på utvikling gjennom risikostyring. Dette gjev selskapet grunnlag for korrigerande tiltak, forbetringar og læring av hendingar. Systemet er med på å sikre gode og tenlege rutinar for ei sikker drift av fartøya, for å unngå gjentaking av hendingar og betre ferdigheitene til personell på sjø og land.

Systemet er eit verkemiddel for at Fjord1 gjennom rutinar og prosedyrar skal nå måla for helse, miljø og tryggleik (HMT). Selskapet registrerer og måler utviklinga når det gjeld skadar og hendingar, og målinga blir nytta til å setje i verk tiltak for å redusere ulykker. På alle fartøy er det automatiske overvakings- og varslingssystem. Posisjonsdata blir nytta til å overvake den daglege drifta av barrieresystemet, og er ein viktig del av arbeidet for å hindre kontaktskadar.

Fjord1 har gjennom målretta innsats redusert talet på hendingar sterkt. Resultatet er ikkje berre færre ulykker, men også rutetider som blir følgde og betre omdømme og økonomi for Fjord1. Tryggleik har alltid førsteprioritet i selskapet, og dette sikrar selskapet ved å etterleve prosedyrar og system for barrieretenking.

BEREDSKAP

KONTAKTSKADAR

MÅLTAL: 0

RESULTAT: 0,69

Fjord1 stiller opp på nasjonale og lokale beredskapsøvingar. Dette gjer selskapet for å ruste personellet om bord og beredskapsorganisasjonen i land betre stand til å handtere ein beredskapssituasjon. At selskapet gjer seg tilgjengeleg og spelar ei aktiv rolle i slike øvingar, bidreg til å styrke beredskapen lokalt og nasjonalt. Fjord1 ønskjer i planlegginga å redusere risikoen så langt det er praktisk mogleg, ved å ha ein effektiv beredskapsorganisasjon for å handtere hendingar om dei skulle oppstå. Selskapet legg stor vekt på å vidareutvikle beredskapen ved uønskte hendingar.

Føremålet med beredskapsgruppa er å sikre støtte for fartøy som er i ein naudssituasjon, for å avgrense skadar på liv, miljø og materiell. Beredskapsgruppa i Fjord1 gjennomfører jamleg øvingar med tilhøyrande evaluering. Dette gjer gruppa for å vere best mogleg trena til å handtere ulike situasjonar. Øvingane byggjer på realistiske scenario med vekt på samspelet mellom beredskapsgruppa, fartøya og redningstenesta. Ein viktig del av treninga er også øving på handtering av pårørande og media.

MILJØ

Utfordringane rundt miljø og energi er eit samfunnsansvar som selskapet tek på alvor. Fjord1 har ambisjonar om å bidra til ein reduksjon i utslepp per passasjer gjennom den flåtefornyinga som følgjer av dei nye miljøkontraktane. Fjord1 har eit stort nybyggingsprogram der fornying til meir energieffektive fartøy vil prege ferjenæringa i åra som kjem.

FORUREINING

MÅLTAL: 0

RESULTAT: 0

Transportverksemder medfører i ulik grad ureining av det ytre miljøet. Ureininga er særleg knytt til bruk av fossilt brensel med utslepp av NO_x og CO_2. Utsleppa til selskapet ligg innanfor alle formelle krav som styresmaktene stiller, men desse krava blir stadig meir spissa mot eit mål om nullutslepp. Den maritime næringa og ferjenæringa er spesielt viktige bidragsytarar for å innfri dei norske måla for reduksjon av klimagassutslepp. Gjennom eit vedtak i 2015 bad Stortinget regjeringa om å *«iverksette tiltak som sikrer at alle fylkeskommunale og kommunale ferger og hurtigbåter benytter lav- eller nullutslippsteknologi ved nye anbud og på ruter i egen regi»*.

Strenge miljøkrav frå oppdragsgjevarane i anboda har skapt ein marknad for teknologiutvikling av låg- eller nullutsleppsløysingar for den maritime næringa. Fjord1 er svært positive til at oppdragsgjevarane set krav til ei miljøvennleg ferjedrift, og selskapet ser at ein i stor grad lykkast med dette arbeidet gjennom fleire vunne kontraktar i 2018 med sterk miljøprofil.

Anbodskonkurransar og oppstart av nye heilelektriske samband i 2018 viser at selskapet lykkast med å balansere økonomi- og miljøomsyn, og at selskapet på denne måten tilbyr dei beste løysingane for oppdragsgjevarane og samfunnet. Fjord1 har i 2018 inngått ein større samarbeidsavtale med miljøstiftinga Zero, samtidig som The Fjords har eit godt samarbeid med Bellona.

REDUSERT FOTAVTRYKK

Gjennom samarbeid i næringa, med fartøydesignarar, systemleverandørar og forskingsmiljø, søkjer Fjord1 kontinuerleg å finne tiltak som kan redusere nivået av klimagassutslepp. Fjord1 har i fleire år nytta 100 prosent fornybart biodrivstoff som energikjelde på nokre av ferjene som er i rutedrift. Bruken av fornybar energi gir store reduksjonar i utslepp av CO_2 samanlikna med fossilt brensel. Fjord1 kjem framleis til å vere dominerande på drift av naturgassdrivne ferjer, som reduserer NO_x-utsleppa med om lag 90 prosent og CO_2-utsleppa med 25–30 prosent samanlikna med konvensjonelle dieselferjer.

Oppstart på Anda–Lote, som blei det første heilelektriske sambandet i verda, har vore ein suksess og har førebudd selskapet på oppstart av åtte nye nullutsleppsfartøy i 2019. Med nye miljøkontraktar og elektrifisering av flåten held Fjord1 fram som det leiande selskapet innanfor det grøne skiftet med ein vesentleg reduksjon i CO_2-utslepp. Fram mot 2020 vil Fjord1 ha 29 elektriske fartøy i drift, og dette vil redusere CO_2-utsleppa med omlag 90 prosent samanlikna med konvensjonell drift av dieselferjer.

Selskapet har avtalar om levering av miljøfarleg avfall, mellom anna spillolje, til godkjende mottakarar. Fjord1 set også krav til leverandørane om at dei må ha eit medvite forhold til berekraftig drift. Delar av Corporate Social Responsibility (CSR) legg vekt på miljøansvar og miljøvennleg teknologi.

Fjord1 har etablert retningslinjer for SEEMP (skipsenergieffektivitetsplan) på alle fartøy, med eit mål om å betre energieffektiviteten til fartøya. Som ein del av miljøstrategien til selskapet, jobbar Fjord1 for å sertifisere seg etter regelverket for ISO 50001 (energileiing). Målet er å vere sertifisert våren 2019.

FORNYING AV FERJEFLÅTEN

1. januar 2018 sette Fjord1 i drift det første heilelektriske ferjesambandet i verda på E39 i Sogn og Fjordane. Dette var ein milepåle og ein historisk dag for Fjord1, og det markerte samtidig starten på ei rekke nyopningar av samband med låg- eller nullutslepp.

Fjord1 har dei siste åra vore gjennom omfattande aktivitet knytt til anbodskonkurransar der merksemda har vore retta mot miljø, gjennom strenge krav til både energiforbruk og utslepp av CO_2 og NO_x. Selskapet har vunne fram i ei rekkje av desse anbodskonkurransane, og dette vil seie at 2018 har vore prega av eit stort pågåande nybyggprogram og planlegging av ombyggingar.

Eit viktig element for å redusere utsleppa er å fase ut eldre fartøy med nye, miljøvennlege fartøy, i tillegg til å byggje om eksisterande fartøy. Fornyinga som selskapet gjennomfører, medfører ein gradvis overgang til ein flåte og drift med null- og lågutsleppsteknologi basert på elektrisk framdrift.

I dei nye anboda er det mellom anna også teke omsyn til universell utforming. På denne måten blir dei nye fartøya godt lagde til rette for reisande med særskilde behov, i tråd med retningslinjene i samfunnet elles. Fjord1 vil ved utgangen av 2019 ha fått levert 25 nybygg som er tilpassa batteridrift, og saman med ombygde eksisterande fartøy vil selskapet totalt sett ha 30 ferjer som vil kunne drive heilelektrisk utan utslepp av CO_2.

Desse nye krava i anbodskontraktane gjer at ein i løpet av få år får ei fornying av ferjeflåten som ein tidlegare aldri har opplevd, med auka passasjerkomfort og betre miljø som resultat.

> *Fjord1 er ein god arbeidsplass, og livet på Siteteam er interessant og hektisk*

FRÅ STÅLPLATE TIL FERJE – LIVET PÅ SITETEAM

Lars Gjerde (f.v.) og Pål Wefring trivst på Siteteam i Tyrkia.

Lars Gjerde har vore inspektør på Siteteam sidan oppstarten av nybygg i Tyrkia i 2016. Før dette var Gjerde tilsett som teknisk inspektør i administrasjonen og har i dag vore tilsett i selskapet i 14 år.

«Fjord1 er ein god arbeidsplass, og livet på Siteteam er interessant og hektisk. På Siteteam får ein med seg siste nytt i næringa, og ein får jobbe med den nyaste teknologien innanfor ferjedrift. Eg har bygd båtar heile livet, og så langt vore med på bygging av over 50 fartøy. Det er lange dagar på Siteteam, men tida går fort», fortel Gjerde.

I takt med at bestillingane på nybygg har auka vesentleg dei siste åra, har Siteteam blitt arbeidsplassen til stadig fleire. I august 2018 hadde Pål Wefring sin første arbeidsdag på Siteteam i Tyrkia. Sidan han starta i Fjord1 i 2006, har Wefring arbeidd som maskinist på gassferjene på sambandet Arsvågen–Mortavika. Wefring hadde lenge tenkt at det kunne vore interessant å vere med på å byggje båt, og i 2018 var tida inne for å søkje nye arbeidsoppgåver.

«Eg trivst godt på Siteteam, og arbeidet er interessant. Det blei tre turar til Tyrkia i 2018, og eg ser fram til fortsetjinga. Det er kjekt å lære noko nytt, og det blir spennande å sjå teikningane som eg arbeider med no, bli til ferjer i løpet av 2019», fortel Wefring.

TEKNOLOGI, INNOVASJON OG UTVIKLING

Visjonen til Fjord1 er å vere best på miljøvennleg og påliteleg transport. Selskapet arbeider aktivt for å utvikle løysingar som gir betre ressursutnytting og energieffektivisering, og for å ta i bruk teknologi som kan bidra til ei meir miljøvennleg ferjedrift. Dette utviklingsarbeidet skjer i tett samarbeid med leverandørar og forskings- og utviklingsinstitusjonar.

Fjord1 har over fleire år arbeidd med utviklingsprosjekt knytt til ferjer for framtida med spesiell vekt på batteri- og hybridferjer. Fjord1 har i løpet av 2018 bygd seg opp kompetanse knytt til hydrogen som energiberar. På dette området har selskapet saman med bransjeleverandørar utvikla og fått godkjent eit konsept for hydrogenelektriske ferjer.

Fram til i dag har selskapet lagt stor vekt på det å vere først ute med å ta i bruk ny teknologi og nye energiberarar. I åra som kjem, vil det å raffinere bruken av den nye teknologien og dei nye energiberarane vere avgjerande for å kunne halde fram som det leiande selskapet. Difor er Fjord1 gjennom ulike prosjekt tett på og ein bidragsytar til utviklinga av nye digitale verktøy. Framover vil selskapet ta i bruk nye digitale verktøy for driftsoptimalisering. Fjord1 vil oppnå betre energieffektivitet og betre kostnadseffektivitet som følgje av smartare vedlikehald og mindre behov for nedetid på fartøya. Mindre behov for nedetid til vedlikehald vil til dømes også slå positivt ut for miljøet fordi fartøy som er nytta som reserve, ofte er mindre energieffektive enn hovudfartøya.

Fjord1 ser allereie resultat av at nye digitale verktøy set oss i stand til å lære av og forbetre drifta, og selskapet forventar at desse verktøya vil kunne bidra til forbetringar på alle fartøy, gamle som nye.

Dei nye fartøya har i tillegg ein heilt annan redundans enn dei eldre fartøya. Nye fartøy har typisk fire uavhengige kraftkjelder til framdrift, mot eldre fartøy som berre har éi. Dette vil bidra til å gjere drifta meir solid.

> *Fjord1 skal vere dyktigare på miljø enn det dei offentlege oppdragsgjevarane set krav til i utlysingane av anbodskontraktar*

MILJØVENNLEG TURISME

Fjord1 skal vere dyktigare på miljø enn det dei offentlege oppdragsgjevarane set krav om i utlysingane av anbodskontraktar. Gjennom dotterselskapet «The Fjords DA» har Fjord1 satsa stort på grøne sjøbaserte turistopplevingar på banebrytande fartøykonsept med null- og lågutslepp.

Verdas første heilelektriske passasjerkatamaran MS «Future of The Fjords» blei levert våren 2018 og er sett i drift på Nærøyfjorden saman med søsterskipet MS «Vision of The Fjords». På desse fartøya kombinerer ein batteriteknologi og bruk av karbonfiber i eit heilt nytt, unikt opplevingskonsept.

MS «Future of The Fjords» blei heidra med prisen «Ship of The Year 2018» som eit heilskapleg konsept der innovativ fartøyutvikling går hand i hand med ein gjennomført strategi for å gjere det heilelektriske fartøykonseptet mogleg også på andre stader. MS «Vision of The Fjords» fekk tilsvarande pris i 2016.

Eit tredje heilelektrisk fartøy MS «Legacy of The Fjords» er òg bestilt, og blir levert våren 2020. På denne måten bidreg selskapet til at stadig fleire turistar kan oppleve nye område av landet om bord i miljøvennlege og lydlause fartøy.

AKSJONÆR-INFORMASJON

INFORMASJON OM LEIARGRUPPA

Leiargruppe

Tabellen nedanfor viser medlemma i Fjord1 si leiargruppe:

NAMN	ROLLE
Dagfinn Neteland	Administrerande direktør
Anne-Mari Sundal Bøe	Økonomi- og finansdirektør
André Høyset	Driftsdirektør
Deon Mortensen	Sikkerheit- og maritim teknisk direktør
Nils Kristian Berge	Prosjektdirektør

DAGFINN NETELAND - ADMINISTRERANDE DIREKTØR

Dagfinn Neteland har vore administrerande direktør i Fjord1 sidan januar 2017. Han hadde også denne stillinga i 2014-2015. Neteland har bakgrunn i frå stillingar i transport- og bankindustrien, i tillegg til at han har vore administrerande direktør i Tide ASA, HSD ASA og Gjensidige Vest, og regionansvarleg i Nordea.

Noverande styreverv og leiande stillingar:
Fjord1 ASA (adm.direktør), F1 Administrasjon AS (dagleg leiar) Norheimsund Skiheis AS (dagleg leiar), Dato Invest AS (dagleg leiar), Norheimsund Skiheis AS (styreleiar), Presis Vegdrift AS (styreleiar), Baneservice AS (styreleiar), Dato Invest (styreleiar), The Fjords Fartøy i DA (styremedlem), The Fjords DA (styremedlem), Fjord-2 Fjord Cruises AS (styremedlem), Fana Arena AS (styremedlem), The Fjords Fartøy 11 DA (styremedlem), Geiranger Fjordservice AS (styremedlem), The Fjords 111 DA (styremedlem), Fjord Tours AS (styremedlem), Janus Holding AS (styremedlem), Geiranger Utvikling AS (styremedlem).

ANNE-MARI SUNDAL BØE - ØKONOMI- OG FINANSDIREKTØR

Anne-Mari Sundal Bøe har vore økonomi- og finansdirektør i Fjord1 ASA sidan desember 2013. Bøe har tidlegare erfaring som konsernrekneskapssjef for INC Invest AS og Senior Manager i PWC. Bøe er utdanna siviløkonom i frå Norges handelshøyskole (NHH).

Noverande styreverv og leiande stillingar:
Fjord1 ASA (økonomi- og finansdirektør), Fanafjord AS (dagleg leiar), F1 Administrasjon AS (styreleiar), Nye Fanafjord AS (styremedlem), Widerøe AS (styremedlem), Widerøe's Flyveselskap AS (styremedlem), Evoy AS (styremedlem), Fanafjord AS (styremedlem).

ANDRÈ HØYSET - DRIFTSDIREKTØR

Andrè Høyset har vore driftsdirektør sidan mars 2017. Høyset hadde stillinga som konstituert administrerande direktør i Fjord1 i 2016, og har tidlegare 20 års erfaring frå ulike stillingar i Fjord1, inkludert IKT-leiar og HR-direktør. Høyset har master i informasjonsteknologi.

Noverande styreverv og leiande stillingar:
Fjord1 ASA (driftsdirektør), Kolkaia Vest 1 (styreleiar), The Fjords Fartøy i DA (styremedlem), The Fjords DA (styremedlem), Fjord-2 Fjord Cruises AS (styremedlem), Widerøe AS (styremedlem), Widerøe's Flyveselskap AS (styremedlem), The Fjords Fartøy 11 DA (styremedlem), The Fjords Fartøy 111 DA (styremedlem), F1 Administrasjon AS (styremedlem), NHO Sjøfart (styremedlem), Geiranger Fjordservice AS (varamedlem), Fjord Tours AS (varamedlem).

DEON MORTENSEN - SIKKERHEIT- OG MARITIM TEKNISK DIREKTØR

Deon Mortensen er sikkerheit- og maritim teknisk direktør i Fjord1. Mortensen har arbeidd i Fjord1 sidan 2010 i stilling som mellom anna viseadministrerande direktør og driftsdirektør i Fjord1. Han har også erfaring som teknisk direktør for STX Norway Florø og prosjektleiar for Odfjell SE.

Noverande styreverv og leiande stillingar:
Fjord1 ASA (sikkerheit- og maritim teknisk direktør), Maritime Montering AS (styremedlem), Martime Møbler AS (styremedlem), Gunhildvågen Industri AS (styremedlem), Gunhildvågen Utvikling AS (styremedlem).

NILS KRISTIAN BERGE - PROSJEKTDIREKTØR

Nils Kristian Berge har vore prosjektdirektør i Fjord1 sidan januar 2018. Berge har over 30 års erfaring i Shipping Industrien og har ein bachelorgrad i Naval Architecture. I tidlegare stillingar har Berge vore administrerande direktør i Arab Shipbuilding and Repair Yard, direktør for Shipmanagement i Utkilen AS, teknisk direktør i Laurin Maritime Inc., i tillegg til andre leiarstillingar i rederi og skipsverft.

Noverande styreverv og leiande stillingar:
Fjord1 ASA (Prosjektdirektør), Berge Consult (Eigar).



INFORMASJON OM STYRET

Styret

Tabellen nedanfor viser ei oversikt over styret i Fjord1.

NAMN	ROLLE
Vegard Sævik	Styreleiar
Frederik Wilhelm Mohn	Styremedlem
Siri Beate Hatlen	Styremedlem
Siri Hatland	Styremedlem
Per Sævik	Styremedlem
Atle Olav Trollebø	Styremedlem - tilsetterepresentant
Geir Offerdal	Styremedlem - tilsetterepresentant
Egil Kirkebø	Observatør - tilsetterepresentant
Thomas Rakstang	Observatør - tilsetterepresentant

VEGARD SÆVIK – STYRELEIAR

Vegard Sævik har vore styremedlem sidan 2011, nestleiar fram til 2016, og styretleiar sidan juli 2017. Sævik er tilsett hos Havila AS som viseadministrerande direktør og har styreposisjonar i ulike selskap. Han er for tida styreleiar i Havyard Group ASA, og har ein bachelorgrad frå Handelshøgskolen BI.

Noverande verv som styremedlem og leiande stillingar:
Fjord1 ASA (styreleiar), Havyard Group ASA (styreleiar), Never no AS (styreleiar), Havila Invest AS (dagleg leiar/styremedlem), Havilafjord AS (styremedlem), Siva Sunnmøre AS (styremedlem), Kystruten KS (dagleg leiar), Havila Ariel AS (dagleg leiar), OHI Eiendom AS (dagleg leiar), Havblikk Eiendom AS (dagleg leiar/styremedlem), Tangen 7 Invest AS (dagleg leiar), Sæviking AS (styremedlem), Havila AS (styremedlem), Hardhaus AS (styremedlem), Brattholm Invest AS (styremedlem), Innidimman AS (styreleiar), Hotell Ivar Aasen AS (styreleiar).

FREDERIK W. MOHN – STYREMEDLEM

Frederik W. Mohn har vore styremedlem i Fjord1 sitt styre sidan juli 2017. Mohn er einaste eigar av Perestroika AS, eit investeringsselskap med langsiktige investeringar innan offshore / rig, shipping, eigendomsutvikling og finansielle tenestar. Mohn har ein omfattande industriell erfaring frå den verdsomspennande familiebedrifta, Frank Mohn AS, kor han også var administrerande direktør. I tillegg har han hatt ei rekke stillingar i det amerikanske selskapet Schlumberger i USA.

Noverande verv som styremedlem og leiande stillingar:
Fjord1 ASA (styremedlem), Perestroika AS (styreleiar), Transocen (styremedlem), DOF ASA (styremedlem), Viken Crude (styremedlem), Møgster Mohn Offshore AS (styremedlem), Fornebu Sentrum AS (styremedlem), Fornebu Sentrum Utvikling AS (styremedlem), Høvik Stasjonsby AS og KS (styremedlem), Gjettumgrenda AS og KS (styremedlem).

SIRI BEATE HATLEN – STYREMEDLEM



Siri Beate Hatlen har vore styremedlem sidan juli 2017. Hatlen er utdanna sivilingeniør frå Norges teknisk-naturvitenskapelige universitet (NTNU) og har ein MBA frå INSEAD. I si tidlege karriere arbeidde Hatlen for Statoil med større offshore-prosjekt. Ho har vore styreleiar og medlem for ei rekke selskap i Noreg. Hatlen har vore tilsett som konserndirektør i Statkraft, og som administrerande direktør ved Oslo Universitetssjukehus.

Noverande verv som styremedlem og leiande stillingar:
Fjord1 ASA (styremedlem), Bane Nor SF (styreleiar), Entra ASA (styreleiar), Teknologirådet (rådsleiar), NMBU (styreleiar), DNT Oslo og Omegn (styreleiar), Lovisenberg Diakonale Sykehus (styreleiar), Eksportkreditt Norge AS (styremedlem), Bremuseet i Fjærland (nestleiar), Nobels Fredssenter (nestleiar) Antidoping Norge (nestleiar).

SIRI HATLAND - STYREMEDLEM

Siri Hatland vart vald som styremedlem på generalforsamlinga 2018. Ho har størsteparten av sitt yrkesaktive liv arbeidd innan maritim næring. Hatland var frå 2000 til ho gjekk av med pensjon august 2017 administrerande direktør i Kystrederiene (tidl. Fraktefartøyenes Rederiforening).

Noverande verv som styremedlem og leiande stillingar:
Fjord1 ASA (styremedlem).

PER ROLF SÆVIK - STYREMEDLEM

Per Sævik har vore styremedlem i Fjord1 ASA sitt styre sidan 2014, og observatør i styret sidan 2011. Han har over 35 års erfaring i drift og forvaltning av fiske- og forsyningsfartøy, og er for tida administrerande direktør i Havila AS og Havilafjord AS. Sævik var stortingsrepresentant i ein periode på fire år. Han er for tida styreformann og direktør i fleire selskap, og har ulike styreposisjonar i Havila sine selskap.

Noverande verv som styremedlem og leiande stillingar
Fjord1 ASA (styremedlem), Havilafjord AS (dagleg leiar), Havila Hotels AS (dagleg leiar), Havila Holding AS (dagleg leiar), Pison AS (dagleg leiar), Havila AS (dagleg leiar), Hh Offshore AS (kontaktperson), Sævard DA (kontaktperson), Sæviking AS (styreleiar), Bratholm AS (styreleiar), Havyard Ship Invest AS (styreleiar), Havilafjord AS (styreleiar), Havila Kystruten AS (styreleiar), Hh Offshore AS (styreleiar), Havila Hotels AS (styreleiar), Havblikk Eigedom AS (styreleiar), Pison AS (styreleiar), Sævard DA (styreleiar), Fosnavåg Vekst AS (styreleiar), Havila Ariel AS (styreleiar), Brattholm Invest AS (styreleiar), Fosnavåg Parkering AS (styreleiar), Wf Holding AS (nestleiar), Raftevold Hotel AS (styremedlem), Hotell Ivar Aasen AS (styremedlem), Vest Nord Group AS (styremedlem), Eigedom Hornindal AS (styremedlem), Shincon AS (styremedlem), Ocean Europe AS (styremedlem), Northsea Psv AS (styremedlem), Havgapet AS (varamedlem), Hardhaus AS (varamedlem), Innidimman AS (varamedlem), Norminor AS (varamedlem), Sævard DA (deltakar med delt ansvar).

ATLE OLAV TROLLEBØ - STYREMEDLEM - TILSETTEREPRESENTANT

Atle Trollebø har vore styremedlem i Fjord1 ASA sitt styre sidan 2008, og representerer dei tilsette. Trollebø er tilsett som kaptein i Fjord1 ASA med 20 års erfaring.

Noverande verv som styremedlem og leiande stillingar:
Fjord1 ASA (styremedlem), Norsk Sjøoffisersforbund Fjord1 (nestleiar), Styremedlem i Norsk Sjøoffisersforbund (NSOF) sentralt.

GEIR OFFERDAL - STYREMEDLEM - TILSETTEREPRESENTANT

Geir Offerdal har vore styremedlem i Fjord1 sitt styre sidan juli 2017, og representerer dei tilsette. Offerdal er tilsett som matros i Fjord1.

Noverande verv som styremedlem og leiande stillingar:
Fjord1 ASA (styremedlem), Norsk Sjømannsforbund Fjord1 (nestleiar).

EGIL KIRKEBØ - OBSERVATØR - TILSETTEREPRESENTANT

Egil Kirkebø har vore medlem i Fjord1 sitt styre i to periodar, først frå september 2012 til november 2015, og frå januar 2018. Kirkebø arbeider for tida som IT-systemkoordinator med ni års erfaring frå IT-avdelinga i Fjord1. Kirkebø har ein bachelorgrad i IT og informasjonssystem frå Universitet i Agder, og har fagbrev i frå Øyrane vidaregåande skule.

Noverande verv som styremedlem og leiande stillingar:
Fjord1 ASA (observatør) og Negotia Fjord1 (nestleiar).

THOMAS RAKSTANG - OBSERVATØR - TILSETTEREPRESENTANT

Thomas Rakstang har vore medlem i Fjord1 sitt styre frå sidan juli 2016. Rakstang arbeider for tida som maskinsjef med 20 års erfaring.

Noverande verv som styremedlem og leiande stillingar:
Fjord1 ASA (observatør), Erak AS (dagleg leiar), Det Norske Maskinistforbund Fjord1 (leiar).

EIGARSTYRING OG SELSKAPSLEIING

ETTERLEVING

Fjord1 ser på eigarstyring og selskapsleiing som eit viktig emne som tek for seg forholdet mellom samfunnet, eigarar, styret og leiinga i selskapet. Fjord1 er eit norsk allmennaksjeselskap som blei notert på Oslo Børs 15. august 2017. Som notert selskap vil selskapet vere underlagt rekneskapslova § 3-3b om årleg utgreiing for prinsipp og praksis for føretaksstyring. Regelen fastset kva opplysningar som utgreiinga minimum må innehalde.

Norsk utvalg for eigarstyring og selskapsledelse (NUES) har fastsett ei norsk tilråding for eigarstyring og selskapsleiing. Oslo Børs krev at børsnoterte selskap årleg gir ei samla utgreiing av kva prinsipp dei har for eigarstyring og selskapsleiing i samsvar med den gjeldande tilrådinga frå NUES. Dei faste forpliktingane for noterte selskap er tilgjengelege på www.oslobors.no, og tilrådinga frå NUES er tilgjengeleg på www.nues.no.

Fjord1 vil følgje den gjeldande tilrådinga, som blei gjeven ut 30. oktober 2014, i samsvar med «følg-eller-forklar-prinsippet». Det vil seie at enkelte punkt i anbefalinga blir følgde, og at eventuelle avvik blir gjort greie for. Selskapet vil gje ei årleg, samla utgreiing for prinsipp for eigarstyring og selskapsleiing i årsrapporten sin, og informasjonen er tilgjengeleg på www.fjord1.no.

VERDIGRUNNLAG OG RETNINGSLINJER, ETIKK OG SAMFUNNSANSVAR
Fjord1 har utarbeidd etiske retningslinjer og andre retningslinjer i tråd med verdigrunnlaget for selskapet. Visjonen til Fjord1 er «Best på miljøvennleg og påliteleg transport», og selskapet har kjerneverdiar som er forankra i verksemda:

- Godt humør
- Open og ærleg
- Påliteleg og held det vi lovar
- Lønsam
- Samhandling og teamånd
- Stolt

Dei etiske retningslinjene inneheld generelle prinsipp for forretningspraksis og personleg åtferd, og skal vere eit utgangspunkt for dei haldningane og det grunnleggjande synet som skal gjennomsyre kulturen i Fjord1. Dei etiske retningslinjene til selskapet skal gje føringar for dei som tek avgjerder på vegner av selskapet.

Fjord1 er oppteken av å ta samfunnsansvar, og vere i stand til å handtere dei utfordingane og krava som blir sett til selskapet. Dette skal spegle seg av i verdiane våre og kvaliteten i arbeidet selskapet gjer. Tryggleiksfilosofien til selskapet er basert på barrieretenking, og samspelet mellom prosedyrar og teknologi skal hindre at tekniske eller menneskelege feil får utilsikta konsekvensar.

Fjord1 jobbar kontinuerleg for å minimere utslepp og forureining av miljøet. Selskapet har som mål å sikre at Fjord1 held seg til dei formelle krava til utslepp, i tillegg til at ein samarbeider med næringa, leverandørar og forskingsmiljø for å finne tiltak som reduserer utslepp frå ferjebransjen ytterlegare. Eit viktig element for å redusere utslepp er å byggje om dei eksisterande fartøya og få nybygg med meir miljøvennleg teknologi.

Samfunnsansvar er ein integrert del i Fjord1 og emnet er behandla under etiske retningslinjer og retningslinjer for verdigrunnlaget i selskapet. Det er gjort greie for samfunnsansvar i årsrapporten til selskapet.

Meir informasjon om visjon, strategi, verdiar og samfunnsansvar blir gjort tilgjengeleg på nettsidene til Fjord1, www.fjord1.no.

Konsernet har som generell regel at det ikkje skal skje forskjellsbehandling eller andre former for diskriminering knytt til kjønn eller etnisk bakgrunn.

VERKSEMD

Fjord1 har som føremål å drive transport-, kommunikasjons- og reiselivsverksemd gjennom eige eller andre selskap. Dette kjem fram av § 2 i vedtektene til selskapet. Vedtektene er tilgjengelege på nettsidene til selskapet. Måla og hovudstrategiane til Fjord1 blir omtalte i årsrapporten til selskapet og blir gjort tilgjengeleg på nettsidene til selskapet, www.fjord1.no.

I årlege strategiprosessar vurderer styret om dei måla og retningslinjene som følgjer av strategiane, er eintydige, dekkjande, godt operasjonaliserte og kommuniserte til tilsette, kundar og andre interessentar.

SELSKAPSKAPITAL OG UTBYTTE

Fjord1 hadde per 31. desember 2018 ein bokført eigenkapital på 2031 millionar kroner, inkludert ikkje-kontrollerande interesser. Dette utgjer ein eigenkapital på 34,6 prosent. Styret meiner at eigenkapitalen er forsvarleg med tanke på føremål, strategi og risikoprofil.

UTBYTTE
Selskapet har som intensjon å betale ut årleg utbytte på opptil 50 prosent av nettoresultatet etter skatt. Utbyttepolitikken vil alltid bli sett i relasjon til eigenkapitalen i selskapet og den vedtekne investeringsplanen. Selskapet har ein kapitalstruktur som er tilpassa den noverande strategien og risikoprofilen til selskapet. Framtidige investeringsprogram som følgjer av vellukka anbod kan endre dette og dermed påverke utbyttepolitikken til selskapet. Vedtak og utdeling av utbytte vil bli avgjort av generalforsamlinga etter forslag eller aksept frå styret. Styret har føreslått eit utbytte for 2018 på 270 millionar kroner.

AKSJEPROGRAM FOR TILSETTE
I samband med børsnotering 15. august 2017 blei det etablert eit aksjeprogram for alle tilsette. I 2017 fekk alle tilsette tildelt gåveaksjar i samband med børsnotering. I 2018 har alle tilsette hatt høve til delta i aksjeprogrammet ved kjøp av rabatterte aksjar.

Konsernleiinga har ei insentivordning med tildeling av aksjar og rett til kjøp av rabatterte aksjar. Inntil 25 andre nøkkelpersonar i leiande stillingar har rett til å kjøpe rabatterte aksjar.

Føremålet med programmet er å styrkje interessefellesskapet mellom dei tilsette og dei andre aksjonærane, og å løne verdiskaping over tid. Fjord1 ønskjer å gje dei tilsette høve til å ta del i verdiskapinga i konsernet. Det er gitt opplysningar om aksjeprogrammet i note 12 i årsrekneskapen til konsernet.

KJØP AV EIGNE AKSJAR
Selskapet har fullmakt frå generalforsamlinga til erverv av eigne aksjar som er knytte til aksjeprogrammet for tilsette. Fullmakta gjeld til ordinær generalforsamling i 2018, seinast 30. juni 2019.

KAPITALAUKE
Generalforsamlinga i selskapet har ikkje gitt styret fullmakt til å gjennomføre kapitalauke.

LIKEBEHANDLING AV AKSJEEIGARAR OG TRANSAKSJONAR MED NÆRSTÅANDE

LIKEBEHANDLING AV AKSJEEIGARAR
Fjord1 har éin aksjeklasse, og alle aksjar har lik stemmerett. Gjennom arbeidet til styret og leiinga blir det lagt vekt på at alle aksjonærar skal behandlast likt og ha same høve til innverknad. Vedtektene til selskapet inneheld inga avgrensing med omsyn til stemmerett.

Om selskapet har transaksjonar i eigne aksjar, skal dette gjerast over børs eller på annan måte til børskurs. Ved kapitalauke skal eksisterande aksjonærar ha fortrinnsrett, med mindre særskilde forhold tilseier at dette kan fråvikast. Ei slik avviking vil i så fall bli grunngjeven og offentleggjord i ei børsmelding i samband med kapitalforhøginga.

TRANSAKSJONAR MED NÆRSTÅANDE
Fjord1 arbeider for openheit og varsemd i samband med investeringar som kan føre til eit nært engasjement eller ein nær relasjon mellom selskapet og ein styremedlem, leiande tilsette eller nærståande av desse. Dette er skildra nærare i dei etiske retningslinjene til selskapet og i styreinstruksen, i tillegg til at det er heimla i lov og forskrift.

Selskapet hentar inn og oppdaterer årleg informasjon om verva til styremedlemma, aksjane deira og andre interesser. Dette gjev selskapet eit informasjonsgrunnlag for å vurdere nærståande transaksjonar og moglege interessekonfliktar.

Styret har vidare retningslinjer som sikrar at kvar enkelt styremedlem og leiande tilsette kontinuerleg vurderer og rapporterer til styret om det finst forhold som er eigna til å svekkje tilliten til habilitet, eller som kan opne for interessekonfliktar. Døme på dette kan vere at ein direkte eller indirekte har ei vesentleg interesse i ein avtale som blir inngått av selskapet. Føremålet med dette er å sikre at avgjerder alltid blir gjennomførte på uavhengig grunnlag ved at inhabile styremedlem eller leiande tilsette ikkje tek del i behandlinga av transaksjonar med nærståande.

Der det blir gjennomført transaksjonar med nærståande partar, skal dette gjerast på armlengdes avstand og til marknadsvilkår. I tilfelle der nærståande transaksjonar går gjennom ein omfattande anbodsprosess som inkluderer styrebehandling og minst tre tilbydarar, vil det ikkje bli henta inn ei uavhengig verdivurdering frå tredjepart. Dette er fordi interne retningslinjer i slike tilfelle blir vurderte å vere tilstrekkeleg til å sikre armlengdes avstand og marknadsvilkår.

Det blir henta inn uavhengige utgreiingar i dei tilfella der lova krev at styret sørgjer for ei uavhengig sakkunnig utgreiing, jf. allmennaksjelova § 3-8.

Transaksjonar med nærståande er skildra i note 16 i årsrekneskapen til konsernet.

HOVUDAKSJONÆR
Havilafjord AS er hovudaksjonær i Fjord1. Styret ser det som positivt med ein aktiv eigar som legg vekt på utvikling og verdiskaping i Fjord1-konsernet, og trur at dette kjem alle aksjonærane til gode gjennom langsiktige og målretta slutningar.

FRI OMSETNAD

Det er ikkje vedtektsfesta avgrensingar for omsetnad av Fjord1-aksjane.

GENERALFORSAMLING

OM GENERALFORSAMLINGA
Gjennom generalforsamlinga utøver aksjeeigarane den høgste styringa av Fjord1. Styret legg til rette for at generalforsamlinga skal vere ein effektiv møteplass for aksjeeigarane og styret.

INNKALLING
Generalforsamlinga i selskapet skal kallast inn ved skriftleg melding til alle aksjonærar med kjend adresse. Når dokument som gjeld saker som skal behandlast i generalforsamlinga er gjorde tilgjengelege for aksjonærane på nettsidene til selskapet, gjeld ikkje lovkravet om at dokumenta skal sendast til aksjonærane. Dette gjeld også dokument som etter lova skal innlemmast i eller leggjast ved innkallinga til generalforsamling.

Ein aksjeeigar kan likevel krevje å få tilsendt saksdokumentasjon til generalforsamlinga per post – dette er fastsett i § 7 i vedtektene til selskapet. Saksdokumentasjonen skal innehalde all nødvendig dokumentasjon, slik at aksjeeigarane kan ta stilling til alle saker som skal behandlast. Alle aksjeeigarar som er registrerte i verdipapirsystemet (VPS) vil få innkallinga og har rett til å fremje forslag og gje stemme direkte eller via fullmakt. Ein finanskalender, som inkluderer dato for generalforsamling, er tilgjengeleg på nettsidene til selskapet.

PÅMELDING OG FULLMAKT
Påmeldinga skjer skriftleg, anten per post, VPS-konto eller e-post. Styret ønskjer å leggje til rette for at flest mogleg av aksjonærane kan delta. Aksjonærar som sjølv ikkje kan delta, blir oppmoda om å vere representerte ved fullmektig eller ta i bruk fullmakt. Det blir lagt til rette for at fullmakt kan nyttast i kvar enkelt sak som blir behandla.

DAGSORDEN OG GJENNOMFØRING
Møteleiar blir vald på generalforsamlinga. Generalforsamlinga blir starta av styreleiaren, som også sørgjer for at det blir valt møteleiar. Den ordinære generalforsamlinga skal mellom anna godkjenne årsrekneskapen og årsmeldinga og behandle innstillinga frå styret om fastsetjing av lønn og anna godtgjering til leiande tilsette.

Generalforsamlinga vel medlemmar og leiar av valkomiteen. Utover dette behandlar generalforsamlinga dei sakene som følgjer av lov eller vedtekter.

Generalforsamlingsprotokollen blir offentleggjord via ei børsmelding og gjord tilgjengeleg på nettsidene til selskapet etter gjennomført generalforsamling.

VALKOMITÉ

Selskapet har vedtektsfesta at det skal ha valkomité, jf. § 6 i vedtektene. Det er utarbeidd eigne retningslinjer for oppgåvene til valkomiteen, samansetning og kriterium. Retningslinjene blei fastsette av generalforsamlinga som blei gjennomført 7. juli 2017. I samsvar med vedtektene skal valkomiteen ha to medlemmar, og dei blir valde for ein periode på to år om gongen.

Medlemmane av valkomiteen skal vere uavhengige av styret i selskapet og leiande tilsette, og dei skal sørgje for interessene til aksjonærfellesskapet. Leiaren av valkomiteen blir vald av generalforsamlinga, og honoraret for valkomiteen blir fastsett av generalforsamlinga. Valkomiteen innstiller sjølv medlemmar til valkomiteen.

Den noverande komiteen blei vald på den ekstraordinære generalforsamlinga 7. juli 2017. Medlemmane i valkomiteen er på val i 2019. Komiteen er samansett av Anders Talleråsog Nina Skage. Oppgåvene til valkomiteen er å føreslå kandidatar ved val av styremedlem og å gje rettleiing om honorar for medlemmar av styret, underutvalet og valkomiteen. Rapport frå den årlege eigenevalueringa frå styret blir behandla av valkomiteen. Valkomiteen skal gjere

greie for arbeidet sitt og leggje fram ei grunngjeving for innstillinga til generalforsamlinga. Innstillinga skal omfatte relevant informasjon om kandidatane og vurderinga av at dei er uavhengige av leiinga og styret i selskapet. Valkomiteen vil ha kontakt med aksjeeigarar, styremedlemma og administrerande direktør i arbeidet med å føreslå kandidatar til styret og forankre innstillinga si hos dei største aksjonærane i selskapet.

Aksjeeigarane har høve til å føreslå kandidatar via nettsidene til selskapet.

Innstillinga frå valkomiteen til generalforsamlinga blir gjord tilgjengeleg for styret fire veker før generalforsamlinga. Innstillingane frå valkomiteen skal oppfylle dei krava til samansetning av styre som til kvar tid måtte følgje av lovgjeving og aktuelt regelverk.

SAMANSETNING AV STYRET OG DET UAVHENGIGE STYRET

SAMANSETNING AV STYRET

Styret i Fjord1 skal i samsvar med § 5 i vedtektene til selskapet ha mellom fem og ni medlemmar. Styreleiaren og dei aksjonærvalde styremedlemma blir valde av generalforsamlinga, basert på innstillinga frå valkomiteen. Styret har for tida fem aksjonærvalde medlemmar, og to av dei er kvinner. Det er i tillegg to styrerepresentantar som representerer dei tilsette.

Styret i Fjord1 er samansett ut frå selskapet sitt behov for kompetanse, kapasitet og mangfald. Det er lagt vekt på å få til eit samla styre som har ein brei bakgrunn frå forretningar og leiing, med god forståing for bransjen. Ei oversikt over dei enkelte kompetansen, bakgrunnen og aksjebehaldninga til styremedlemma er tilgjengeleg på nettsidene til selskapet. Dei tilsette i verksemda skal vere representerte i styret med to styremedlem og to observatørar i samsvar med den gjeldande avtalen.

Ingen av dei aksjonærvalde styremedlemma er tilsette eller har utført arbeid for Fjord1.

Tenestetida for aksjonærvalde styremedlem følgjer av allmennaksjelova § 6-6. Tenestetida for tilsettrepresentantane i styret følgjer av allmennaksjelova § 6-4.

Godtgjering til styret blir fastsett av generalforsamlinga etter innstilling frå valkomiteen.

DET UAVHENGIGE STYRET

Styret er sett saman slik at det kan handle uavhengig av særinteresser, og skal fungere effektivt som eit kollegialt organ til beste for aksjonærfellesskapet. Ingen aksjonærvalde styremedlem er involverte i den daglege leiinga. Styreleiar Vegard Sævik og styremedlem Per Sævik er knytte til majoritetsaksjonær

Havilafjord AS. Dei andre aksjonærvalde styremedlemma er uavhengige av den daglege leiinga i Fjord1 og vesentlege forretningskontaktar. For informasjon om aksjebehaldninga til styremedlemma i Fjord1 per 31. desember 2018 viser selskapet til note 17 i årsrekneskapen. Som styremedlem er ein omfatta av reglementet for primærinnsidarar, som har klare reglar for mellom anna plikt om undersøking og meldeplikt ved eventuelle handlar i aksjane til selskapet.

ARBEIDET TIL STYRET

OPPGÅVENE TIL STYRET
Styret har det overordna ansvaret for forvaltninga av konsernet og for å føre tilsyn med dagleg leiar og verksemda til konsernet og for å sørgje for interessene til aksjonærane.

Dette gjer at styret er ansvarleg for å sikre ei forsvarleg organisering av verksemda og fastsetje strategiar, planar og budsjett. Styret deltek i viktige strategiske diskusjonar gjennom året. Vidare har styret ansvar for å etablere kontrollsystem og sørgje for at konsernet blir drive i samsvar med fastsett verdigrunnlag, etiske retningslinjer og dei forventningane eigarane har til samfunnsansvarleg drift. Styret pliktar å sjå til at rekneskap og formueforvaltninga er gjenstand for god kontroll. Saker av vesentleg strategisk eller finansiell betydning blir behandla av styret. Styret har ansvar for å tilsetje administrerande direktør og etablere instruks, fullmakter og vilkår for administrerande direktør og for å fastsetje lønn til administrerande direktør.

I 2018 blei det gjennomført 13 styremøte der åtte av desse var med fysisk oppmøte.

STYREINSTRUKS
Styret har vedteke ein styreinstruks som gir reglar og retningslinjer for arbeidet i styret og sakshandsaming. Denne blir gjennomgått årleg eller ved behov. Instruksen til styret fastset dei oppgåvene og pliktene som ligg i arbeidet til styret og forholdet til administrerande direktør. Styreleiaren er ansvarleg for at styrearbeidet blir gjennomført på ein effektiv og korrekt måte. Styret arbeider etter ein årleg plan med fastlagde tema og saker for styremøta. Styret evaluerer årleg arbeidet sitt og kompetansen sin. Dette blir gjort gjennom ei eigenevaluering som blir samanfatta overfor valkomiteen. Minst éin gong i året går styret gjennom dei viktigaste risikoområda til selskapet og den interne kontrollen i selskapet.

INSTRUKS TIL ADMINISTRERANDE DIREKTØR
Administrerande direktør i Fjord1 er ansvarleg for den operative leiinga i Fjord1-konsernet. Administrerande direktør skal vidare sjå til at rekneskapen er i samsvar med lover og relevante reglar, og at verdiane i konsernet er forvalta på ein forsvarleg måte.

Administrerande direktør blir tilsett av styret og har rapporteringsplikt overfor styret. Administrerande direktør pliktar å halde styret kontinuerleg informert om den økonomiske stillinga i konsernet, om verksemda og om formueforvaltning. Gjennom instruksen frå styret til administrerande direktør er det gitt retningslinjer for kva saker som skal styrebehandlast.

FINANSIELL RAPPORTERING
Styret har fått periodiske rapportar med kommentarar til den økonomiske og finansielle statusen i selskapet. For kvartalsrapporteringa vil selskapet følgje fristane til Oslo Børs og rettleiinga for IR.

REVISJONSUTVALET TIL STYRET
Revisjonsutvalet blir valt av og mellom medlemmane i styret og utgjer tre styremedlem. Minst éin av medlemmane bør ha erfaring frå utøving av rekneskaps- eller økonomileiing, eller revisjon. Medlemmane av revisjonsutvalet blir valde av styret, og endringar i samansetninga blir gjorde når styret ønskjer det, eller når dei fråtrer stillinga som medlem av styret. Revisjonsutvalet er samansett av leiar Siri Hatlen, Vegard Sævik og Siri Hatland. Leiaren av revisjonsutvalet er ein uavhengig styremedlem. Revisoren til selskapet møter i revisjonsutvalet ved innkalling.

Revisjonsutvalet er eit førebuande og rådgjevande utval for styret. Revisjonsutvalet skal a) førebu styreoppfølginga av rekneskapsrapporteringsprosessen, b) overvake systema for internkontroll og risikostyring, c) halde kontakt med den valde revisoren for føretaket om revisjonen av årsrekneskapen, d) vurdere og overvake sjølvstendet og objektiviteten til revisoren overfor føretaket, særleg i kva grad andre tenester enn revisjon som er levert av revisor, utgjer ein trussel mot sjølvstendet og objektiviteten til revisoren overfor føretaket. Det blei gjennomført seks møte i revisjonsutvalet i 2018.

KOMPENSASJONSUTVAL TIL STYRET
Etablering av eit kompensasjonsutval er vurdert, men ikkje funne nødvendig. Prinsipp og strategiar for godtgjering til leiinga i selskapet blir fastsette av styret.

RISIKOSTYRING OG INTERN KONTROLL

Risikostyringa og internkontrollen i Fjord1 skal bidra til at selskapet tenkjer heilskapleg om den operasjonelle verksemda til selskapet, rekneskapsrapporteringa og dei lovene og reglane som gjeld. Styret skal årleg vurdere risikostyringa og internkontrollen i Fjord1. Internkontrollen omfattar også verdigrunnlaget i selskapet, samfunnsansvar og retningslinjer for etikk som gjeld for alle tilsette i selskapet.

VURDERING OG RAPPORTERING FRÅ STYRET

Fjord1 har ei årleg strategisamling som skal leggje grunnlag for styrearbeidet og avgjerdene til styret gjennom året. Her blir dei mest sentrale risikoeksponeringsområda og internkontrollsystemet gjennomgått. Det er etablert ein overordna styringsmodell for kontinuerleg oppfølging, basert på konsernstrategien, verdigrunnlaget og etiske retningslinjer. I tillegg er det utarbeidd prinsipp for rapportering innanfor dei mest sentrale områda og rettleiing og retningslinjer for sentrale prosessar og aktivitetar. Det er etablert ei fullmaktsmatrise for delegering av ansvar til definerte roller i organisasjonen. Alle tilsette har retningslinjer for kor langt deira eiga mynde strekkjer seg, og kva som er neste instans for avgjerder eller godkjenningar.

> *Styret skal årleg vurdere risikostyringa og internkontrollen i Fjord1*

Fjord1 har etablert eit sett av interne prosedyrar og system som skal sikre ein heilskapleg og påliteleg finansiell rapportering og operativ drift. I tillegg er det etablert eit system for å sikre kvaliteten i gjennomføringa av prosjekta i verksemda. Systemet omfattar mellom anna gjennomgang av risiko i prosjekta og i andre delar av verksemda for å sikre påliteleg finansiell rapportering og eventuelt fastsetje nødvendige risikotiltak. Planlegging, styring, gjennomføring og økonomisk oppfølging av byggjeprosessar, produksjonsprosessar og prosjekt

er integrerte i forretningsdrifta i Fjord1-konsernet. Selskapet har etablert varslingsrutinar der tilsette kan kommunisere forhold som gjeld ulovleg eller uetisk åtferd.

Konsernrekneskapen til Fjord1 blir avlagd etter det gjeldande IFRS-regelverket. Styret får periodiske rapportar om dei finansielle resultata for selskapet og ei skildring av status for dei viktigaste enkeltprosjekta i konsernet. I tillegg blir det utarbeidd kvartalsvise økonomirapportar som blir vedtekne av styret i forkant av kvartalsrapporteringa. Revisor deltek på møte med revisjonsutvalet og i styremøtet med framlegging av førebels årsrekneskap. Dei mest sentrale risikofaktorane for selskapet er skildra i årsmeldinga frå styret.

GODTGJERING TIL STYRET

Generalforsamlinga fastset årleg honorar til medlemmane i styret etter innstilling frå valkomiteen. Honoraret skal reflektere ansvar, kompetanse, tidsbruk og kompleksiteten i selskapet. Styret i selskapet fekk i 2018 ei samla godtgjering på 2 380 000 kroner. Sjå note 17 i årsrekneskapen for 2018 for nærare detaljar.

Godtgjeringa av styret er ikkje resultatavhengig. Det blir ikkje utferda opsjonar til styremedlemma, og dei aksjonærvalde styremedlemma har ikkje avtale om pensjonsordning eller etterløn frå selskapet. Ingen av dei aksjonærvalde styremedlemma har oppgåver for selskapet utover styrevervet.

Styremedlemma blir oppmoda om å eige aksjar i selskapet. Medlemmane i styret følgjer alminnelege innsidereglar for aksjehandel i selskapet.

GODTGJERING TIL LEIANDE TILSETTE

Som nemnt i punkt 9 er det ikkje etablert eit kompensasjonsutval i selskapet. Det er styret som vurderer tilsetjingsvilkåra for administrerande direktør og bidreg i samband med strategi og hovudprinsipp for kompensasjon til den sentrale leiinga i selskapet.

Retningslinjene for godtgjering til leiande tilsette i selskapet er skildra i note 17 til årsrekneskapen for konsernet. Hovudelementa i kompensasjonsordninga er den faste grunnlønna. Den øvste leiinga tek del i eit aksjespareprogram som skal bidra til at godtgjering skal sikre samanfallande interesser mellom aksjeeigarane og den øvste leiinga.

Det er ikkje utferda opsjonar til tilsette eller tillitsvalde i selskapet.

Retningslinjer for godtgjering til leiande tilsette blir årleg lagde fram for generalforsamlinga i samband med behandlinga av årsrekneskapen.

INFORMASJON OG KOMMUNIKASJON

Fjord1 har som mål at all rapportering av finansiell og annan informasjon skal vere korrekt, og at han samtidig skal vere basert på openheit og likebehandling av aktørane i verdipapirmarknaden. Selskapet vil følgje IR-rettleiinga frå Oslo Børs av 1. mars 2017. Informasjon frå Fjord1 blir publisert i form av årsrapport, kvartalsrapportar, presse- og børsmeldingar og investorpresentasjonar. All informasjon som blir vurdert som vesentleg for verdsetjing av selskapet, blir distribuert og offentleggjord via meldingssystemet til Oslo Børs og på nettsida til selskapet.

Selskapet legg fram førebels årsresultat etter datoen som er fastsett i finanskalenderen. Ein fullstendig rekneskap, saman med årsberetning og årsrapport, blir gjord tilgjengeleg for aksjonærane seinast tre veker før generalforsamlinga og seinast ved utløpet av mai kvart år. Kvartalstala blir rapporterte seinast den 28. i den andre månaden etter kvartalsslutt.

Finanskalenderen til selskapet blir publisert for eitt år om gongen og blir offentleggjord før 31. desember i tråd med reglane til Oslo Børs. Finanskalenderen er

tilgjengeleg på nettsidene til selskapet og nettsidene til Oslo Børs.

Informasjonen skal ha som hovudføremål å klargjere dei langsiktige måla og potensialet til selskapet. Til dette ligg strategi, verdifaktorar og viktige risikofaktorar. Rettleiing for Investor Relations fastset meir detaljert korleis informasjon skal handterast i konsernet. Det er definert kven som skal vere selskapet sine talspersonar i ulike saker. I hovudsak vil det vere administrerande direktør eller finansdirektøren i Fjord1 som uttalar seg på vegner av selskapet overfor finansmarknaden.

SELSKAPSOVERTAKING

I vedtektene til selskapet er det inga avgrensing når det gjeld kjøp av aksjar i selskapet. Styret skal i eventuelle oppkjøpssituasjonar bidra til at aksjeeigarane i selskapet blir likebehandla, og til at verksemda til konsernet ikkje blir unødig forstyrra i den daglege drifta. Styret skal bidra til at aksjeeigarane har god nok informasjon og tid til å kunne ta stilling til eit oppkjøpstilbod.

I tilfelle det blir sett fram bod på aksjane i selskapet, skal styret uttale seg med ei vurdering av bodet og ei rettleiing til aksjeeigarane om dei bør akseptere bodet eller ikkje. Styret bør i denne vurderinga mellom anna ta omsyn til korleis eit eventuelt oppkjøp vil verke inn på den langsiktige verdiskapinga i selskapet. Vurderinga skal grunngjevast.

REVISOR

Revisoren for konsernet blir vald av generalforsamlinga. Revisjonsutvalet til styret skal leggje fram innstilling til val av revisor for generalforsamlinga.

Revisoren gjer greie for arbeidet sitt og gjev si vurdering av den økonomiske rapporteringa til selskapet og intern kontroll overfor styret i samband med årsrekneskapen. Styret blir orientert i dette møtet om kva tenester i tillegg til revisjon som er utførte gjennom året. Revisor har minst éin gong i året møte med styret utan at leiinga i selskapet er til stades. Revisor har rett til å delta på generalforsamlinga i Fjord1. Revisor skal årleg stadfeste skriftleg til styret at dei fastsette krava til sjølvstendet til revisoren er oppfylte.

Revisor er med på møta i revisjonsutvalet ved innkalling. Revisor skal årleg leggje fram for revisjonsutvalet hovudtrekka i planen for gjennomføring av revisjonsarbeidet. Revisor skal gå gjennom eventuelle vesentlege endringar i rekneskapsprinsippa til Fjord1, vurderingar av vesentlege rekneskapsestimat og alle vesentlege forhold der revisor og leiinga i selskapet har vore ueinige. Revisor skal minst éin gong i året gå gjennom interne kontrollsystem i Fjord1 med revisjonsutvalet, inkludert synlege svakheiter og forslag til forbetringar.

Styret orienterer generalforsamlinga om honorar til revisor fordelt på revisjon og andre tenester utover revisjon.

ÅRSMELDING OG REKNESKAP



ÅRSMELDING FRÅ STYRET 2018

Med ein vekst i omsetnad på 11 prosent og stabil og trygg drift leverte Fjord1 eit godt resultat i 2018 og ein EBITDA på 1051 millionar kroner. To nye ferjekontraktar blei starta opp i 2018, og det har vore stor aktivitet knytt til ferjeanbod.

Fjord1 har signert tre ferjekontraktar og held på posisjonen som det leiande ferjeselskapet i Noreg. Tryggleik har alltid førsteprioritet i selskapet, både for tilsette og passasjerar. Med ein solid organisasjon, god ordrereserve og langsiktige kontraktar med det offentlege meiner styret at selskapet er godt posisjonert for gode resultat framover. Konsernet har eit resultat etter skatt på 540 millionar kroner og ein EBIT-margin på 24,0 prosent. Styret føreslår å betale ut eit utbytte på 270 millionar kroner for 2018. For morselskapet er årsresultatet etter skatt 581 millionar kroner.

OM SELSKAPET

Gjennom visjonen om å vere den sikraste og mest attraktive leverandøren av miljøvennleg ferje- og passasjerbåttransport for kundar, oppdragsgjevarar og andre samarbeidspartnarar har Fjord1 i 2018 teke eit steg vidare i rolla som leiande aktør i elektrifisering av ferjebransjen.

Fjord1 ASA har aktivitet i Noreg innanfor ferjedrift med tilhøyrande catering og innanfor fjordbasert reiseliv og passasjerbåtdrift, med ein samla omsetnad på 3102 millionar kroner. Selskapet har ei viktig rolle innanfor norsk infrastruktur som operatør på 31

samband. Flåten består ved utgangen av 2018 av 70 ferjer og 4 passasjerbåtar. Selskapet har eit ny- og ombyggingsprogram fram mot 2020 som vil auke fartøyflåten ytterlegare. I løpet av 2020 vil Fjord1 ha 29 elektriske ferjer i drift i Noreg. Desse fartøya er i tråd med krava om låg- eller nullutsleppsteknologi og skal brukast i sju forskjellige kontraktar.

Fjord1 ASA har 1105 årsverk i 2018, og hovudkontoret til selskapet er i Florø, med driftsavdelingar i Molde og Bergen. I konsernet er det totalt 1264 årsverk.

VERKSEMDENE
Marknaden for Fjord1 ASA er ferje- og hurtigbåtsamband i Noreg. Ferjesegmentet utgjer 89 prosent av omsetnaden i selskapet. Oppdragsgjevarane og kjøparane av tenestene er hovudsakleg fylkeskommunar og Statens vegvesen. På ein del av sambanda er det aktivitet knytt til cateringdrift på ferjene. Fjord1 satsar òg på reiselivsaktivitet ved fjordane på Vestlandet gjennom eigarskap i mellom anna The Fjords DA, Fjord Tours AS og Geiranger Fjordservice AS. Fjord1 frakta i 2018 totalt 21,6 millionar passasjerar og 10,7 millionar køyretøy og hadde om lag 744 000 anløp til kai. Fjord1 ASA har ein flåte på 74 fartøy med ulik kapasitet og alder ved utgangen av 2018. Fornyinga av ferjeflåten som er i gang, fører til at snittalderen vil bli vesentleg redusert.

FERJESEGMENTET
Fjord1 er den leiande operatøren i norsk ferjedrift og har ein marknadsdel på om lag 50 prosent i 2018, målt i transporterte personbileiningar. Selskapet dreiv i 2018 sju av dei ti største sambanda i Noreg.

1. januar 2018 var det oppstart av to nye kontraktar, Anda–Lote og Hordaland Rutepakke 1. Anda–Lote er det første heilelektriske sambandet i verda, med dei to elektriske fartøya MF «Gloppefjord» og MF «Eidsfjord». I Hordaland Rutepakke 1 var det oppstart av dei to sambanda Husavik–Sandvikvåg og Hufthamar–Krokeide, som skal elektrifiserast i 2019.

Ferjesegmentet hadde i 2018 ein omsetnad på 2760 millionar kroner og eit driftsresultat på 690 millionar kroner.

Selskapet hatt stabil og effektiv drift. Trafikkveksten i 2018 innanfor ferjesegmentet var på 0,8 prosent for passasjerar og 3,6 prosent for køyretøy. Prosentdelen av bruttokontraktar i kontraktsporteføljen aukar for selskapet.

I 2018 har Fjord1 lagt vekt på førebuande arbeid for gjennomføring av nye kontraktar og kontrahering av fartøy. I løpet av 2018 har selskapet signert kontraktar om levering av åtte fartøy ved norske og utanlandske verft. Selskapet har fått levert sju hybridelektriske fartøy i 2018. Nybygg- og ombyggingsprogrammet vårt følgjer dei sju tildelte kontraktane med oppstart i perioden 2018–2020 og krav om låg- eller nullutsleppsteknologi. Fjord1 har kontraktar med det norske verftet Havyard Ship Technology og dei tyrkiske verfta Tersan Shipyard, Sefine og Cemre Shipyard. I 2018 har det vore stor aktivitet knytt til prosjektering og bygging av infrastruktur og installasjon av ladesystem på kaianlegga til dei nye elektriske fartøya. Det er mykje nybrottsarbeid som involverer prosjekterande konsulentar, nettselskap, entreprenørar og utstyrsleverandørar som Fjord1 er ansvarleg for. Fjord1 selde M/F «Fanafjord» i mars 2019. Fartøyet var klassifisert som anleggsmiddel for sal per 31. desember 2018 og blei verdsett i samsvar med salsverdi.

KONTRAKTAR FERJESEGMENTET
Det har vore stor aktivitet på anbodssida i 2018 ettersom fleire ferjesamband nærmar seg avslutning av den noverande kontraktperioden. Anboda som blir utlyste, har i stor grad krav til null- og lågutsleppsteknologi med elektriske nybygg og elektrifisering av ombygde fartøy for å tilfredsstille desse krava. Fjord1 har i 2018 og tidlegare år vunne fram i anbodskonkurransar og har blitt tildelt viktige miljøkontraktar.

I 2018 har Fjord1 signert tre nye kontraktar med Møre og Romsdal fylkeskommune representert ved «Fram». «Nordmørspakken» med fire fylkesvegsamband er vunne tilbake for kontraktperioden frå 1. januar 2020 og elleve år framover. «Romsdalspakken» omfattar fire samband og kontraktperioden går frå 1. januar 2020 og 1. januar 2022 til utgangen av 2034. Kontrakten «Indre Sunnmøre» startar også opp 1. januar 2020 og varer i 14 år. Fjord1 driv sambanda i denne kontrakten i dag. Selskapet har i 2018 og 2019 starta opp fleire av desse kontraktane og vil starte opp fleire gjennom allereie vunne anbod som om få år vil redusere utsleppa frå ferjedrift vesentleg.

MARKNADSUTSIKTER FOR FERJESEGMENTET
1. januar 2019 var det oppstart av sambandet Hareid–Sulesund i kontrakten «Sulapakken», medan sambandet Sykkylven–Magerholm i den same kontrakten vil ha oppstart 1. januar 2020. Fjord1 starta òg opp kontraktane Daløy–Haldorsneset, Brekstad–Valset og Arsvågen–Mortavika 1. januar 2019. Sistnemnde er eit av sambanda i kontrakten frå Bjørne- og Boknafjorden som blei avslutta i 2018.

2019 er et overgangsår med førebuing til oppstart av dei nye kontraktane i 2020 med levering og ombygging av elektriske fartøy, då det er oppstart av fire og utviding av to store kontraktar med ni nye samband, i tillegg til eksisterande samband.

Kontraktsporteføljen til selskapet har ein verdi på 24 milliardar kroner (ikkje indeksert) for perioden 2019–2033. Opsjonsår som ikkje er erklært, inngår ikkje i den samla verdien.

Utviklinga i bransjen er driven fram av ein kombinasjonen av krav i anboda og ein bransje som er framtidsretta i å utvikle og ta i bruk nye utsleppsfrie løysingar. Det er venta anbodskonkurransar der vektlegginga av utslepp, energieffektivitet og vidare fornying av ferjeflåten blir halden fram. Riksvegsambandet for Halsa–Kanestraum er lagt ut på anbod og har innlevering i 2019. Ferjebransjen og Fjord1 bidreg med teknologiskiftet frå fossilt brensel til nullutslepp med batteriløysingar for ferjer i Noreg. For Fjord1 vil 30 hybridelektriske nye og ombygde fartøy i 2020 gje vesentlege reduksjonar i CO_2-utslepp frå ferjebransjen i Noreg.

PASSASJERBÅT

Fjord1 driv 15 lokale hurtigbåtruter i Sogn og Fjordane. Fjord1 ASA eig fire passasjerbåtar og leiger inn 10 passasjer- og kombibåtar frå underleverandørar. Nokre av båtane tek berre passasjerar, medan andre er bilførande.

Kontraktane på dei lokale hurtigbåtrutene gjeld frå 1. mai 2012 og i åtte år. Opsjonsåra er erklærte, og selskapet skal drive lokalbåtrutene til mai 2022. Passasjerbåtsegmentet hadde i 2018 ein omsetnad på 105 millionar kroner og eit driftsresultat på 1 million kroner, som er ei betring frå 2017 med 4 millionar kroner på driftsresultatet.

I tillegg til aktiviteten i Fjord1 ASA er selskapet engasjert i hurtigbåtdrift mellom Kristiansund og Trondheim i samarbeid med Fosen Namsos Sjø AS gjennom selskapet Partsrederiet Kystekspressen ANS, med ein eigarskap på 49 prosent.

CATERINGSEGMENTET

Catering er nær knytt til ferjesegmentet og eit viktig område for Fjord1. Gjennom konseptet Ferdamat har Fjord1 satsa på eit tilbod av høg kvalitet med gode, lokale råvarer, samt eit visuelt uttrykk som gjer at kundane kjenner seg att på alle Fjord1-samband. I tråd med utviklinga i samfunnet elles arbeider selskapet kontinuerleg med vidareutvikling av catering etter kunden sin etterspurnad.

I 2018 har ein på fleire samband starta opp nytt konsept med sjølvbetente kioskar og eit enklare tilbod mat, drikke og kioskvarer. 12 fartøy har fått sjølvbetent kiosk i 2018, og konseptet er godt mottekne av dei reisande. I september 2018 opna den første landbaserte Ferdamat-kafeen på Hareid Trafikkterminal. Ein ynskjer å nå reisande som reiser til og frå Hareid, samt etablere eit produksjonskjøkken som skal levere mat til fartøya på det sambandet Hareid–Sulesund i tillegg til sjølvbetente kioskar på andre samband i området. Talet på passasjerar som reiser med Fjord1 sine fartøy er aukande og passasjerar nyttar tilbodet i stor grad. Den målretta satsinga på catering og utvikling av denne over fleire år har gitt gode resultat. Omsetnaden frå catering var 192 millionar kroner, med eit driftsresultat på 31 millionar kroner i 2018.

TURISTSEGMENTET

Fjord1 har dei siste åra vore engasjert i turistsegmentet via The Fjords-selskapa, som Fjord1 eig saman med Flåm AS. Fjord1 har også ein eigardel på 30,6 prosent i Fjord Tours AS og 30,2 prosent i Geiranger Fjordservice, og i skipeeigande selskapet for turistfartøy.
The Fjords har aktivitet på fjordane på Vestlandet, og selskapet tilbyr miljøvennleg turisme på dei ikoniske fjordane Nærøyfjorden, Lysefjorden og Geirangerfjorden, og dessutan ny aktivitet på Hjørundfjorden og Oslofjorden frå 2018. Selskapet har som mål å tilby unike fjordopplevingar som òg kan kombinerast med andre unike reiseopplevingar i regionen.

Passasjerkatamaranane MS «Future of the Fjords», det første heilelektriske passasjerkatamaranen i verda, blei levert i 2018, og som søsterskipet MS «Vision of the Fjords» vann også dette fartøyet prisen «Ship of the year». Eit tredje heilelektrisk fartøy, MS «Legacy of The Fjords», er bestilt og blir levert til oppstarten av turistsesongen 2020. Som deltakar i The Fjords DA er Fjord1 engasjert i fornying og utvikling av null- og lågutsleppsfartøy som skal trafikkere verdsarvfjordane i Noreg.

Forretningsområdet turisme hadde ein omsetnad på 23 millionar kroner og eit positivt driftsresultat på 7 millionar kroner i 2018. Aktiviteten er auka ved at det er oppretta nye ruter, og ved at turistsesongen er utvida. Dette har gjeve eit lågare bidrag frå desse selskapa i 2018 enn i 2017.

Fjord1 har ambisjon om å utvikle reiselivet og tilby miljøvennlege fjordopplevingar. Fjord1 vil bidra med sin kjernekompetanse for vidareutviklinga av satsinga innanfor fjordbasert reiseliv. I 2018 signerte Fjord1 ein intensjonsavtale med NSB om utvikling av eit felles nasjonalt reiselivsselskap som skal drive distribusjon og marknadsføring av reiser gjennom ein nasjonal portal.

ANDRE INVESTERINGAR

Gjennom eigardelen på 34 prosent i WF Holding AS har Fjord1 ein finansiell eigarpost i Widerøes Flyveselskap AS. Widerøe er det største regionale flyselskapet i Norden med kommersielle ruter og anbodsruter i Noreg. Dei eig og driv 44 fly og har 49 destinasjonar.

SAMFUNNSANSVAR
Fjord1 er opptekne av samfunnsansvar og etterlev dette gjennom verdiar og etiske retningslinjer. Rapportering av samfunnsansvar følgjer rettleiinga frå Oslo Børs om rapportering av samfunnsansvar og rekneskapslova § 3-3. Ei utgreiing frå Fjord1 ASA samfunnsansvar er teke med i årsrapporten for selskapet for 2018.

HELSE, MILJØ OG TRYGGLEIK
Fjord1 legg vekt på trivsel og arbeidsmiljø gjennom systematisk helse-, miljø- og tryggleiksarbeid. Dette arbeidet skal bidra til ein skadefri arbeidsplass for menneske, miljø og samfunn, og sikre at overordna interne og eksterne krav til HMT blir oppfylte.

ARBEIDSMILJØ OG LIKESTILLING
Fjord1 har som ambisjon å ha dei mest tilfredse medarbeidarane i næringa. I 2018 gjennomførte selskapet den siste av ti medarbeidarsamlingar der alle tilsette har delteke. Gjennom desse samlingane ønskjer selskapet å bygge opp ein Fjord1-kultur rundt verdiane til selskapet. Det er tilsett fleire nye medarbeidarar i organisasjonen, også gjennom verksemdoverdraging frå sambanda selskapet har teke over.

Arbeidsmiljøet i Fjord1 ASA er generelt godt, og arbeidsstokken er stabil på dei fleste områda. Sjukefråværet var på 5,8 prosent i 2018, mot måltalet på 4,9 prosent. Selskapet har rutinar for oppfølging av sjukemelde og jobbar med å setje i verk nye tiltak som kan auke jobbnærværet. I 2018 har selskapet lagt ekstra vekt på psykososiale arbeidsmiljøfaktorar, og i denne samanhengen har selskapet òg gjennomført medarbeidarundersøking for alle tilsette. Fjord1 ønskjer med dette å kartleggje arbeidsmiljøet for å leggje til rette for tiltak for eit sunt og godt arbeidsmiljø. Selskapet har også retningslinjer for tilrettelegging som skal gje dei tilsette variasjon eller avlasting i arbeidsdagen. Som arbeidsgjevar har Fjord1 plikt til å leggje til rette for arbeidstakarar som av helsemessige årsaker har redusert arbeidsevne. Arbeidstakarane har på si side plikt til å medverke til å bidra med restarbeidsevne.

Verne- og miljøutvalet registrerte 18 fråværsskadar hos eigne tilsette i 2018, som er likt talet for 2017. Det er ei prioritert oppgåve å få ned fråværet på grunn av skadar.

I 2018 var det 1264 årsverk i konsernet. Kvinnedelen av dei tilsette i Fjord1 var på 17,2 prosent i 2018, inkludert administrasjonen (F1 Administrasjon AS). Tilsvarande tal for 2017 var 18,5 prosent. For sjø er kvinnedelen 14,4 prosent i 2018, mot 14,2 prosent i 2017.

Den låge kvinnedelen på sjø må sjåast i samanheng med at kvinner tradisjonelt ikkje har valt å utdanne seg i maritim retning. Det blir framleis arbeidd for å auke rekrutteringa av kvinner til maritime yrke. Dette er eit langsiktig arbeid. Ved fastsetjing av lønn og lønsoppgjer er selskapet merksam på at menn og kvinner skal handsamast likt.

Fjord1 har over tid hatt god tilgang til kompetent arbeidskraft. Selskapet erfarer at arbeidet med å sikre tilstrekkeleg og kompetent arbeidskraft er noko meir krevjande enn tidlegare og selskapet har ikkje lenger like mange søkjarar til ledige stillingar som ein hadde for to eller tre år sidan. Fjord1 vil halde fram med det langsiktige og målretta rekrutteringsarbeidet, slik at selskapet kan halde oppe ei sikker og stabil drift.

DISKRIMINERING
Føremålet til diskrimineringslova er å fremje likestilling, sikre like rettar og hindre diskriminering på grunn av etnisk eller nasjonalt opphav, avstamming, hudfarge, språk, religion og livssyn. Fjord1 ASA arbeider aktivt og målretta for å fremje føremålet til lova.

Fjord1 ASA er ei IA-bedrift og har utarbeidd eigen IA-plan. Selskapet har som mål å vere ein arbeidsplass der det ikkje skjer diskriminering på grunn av nedsett funksjonsevne. Selskapet arbeider med å utforme og leggje til rette dei fysiske tilhøva slik at dei ulike funksjonane i verksemda kan nyttast av flest mogleg. For arbeidstakarar og arbeidssøkjarar med nedsett funksjonsevne blir det gjort individuell tilrettelegging av arbeidsplass og arbeidsoppgåver.

TRYGGLEIK
Tryggleik står sentralt i Fjord1, og selskapet har gjennom 2018 halde fram med å styrkje tryggleikskulturen gjennom barrieresystem og endring av haldningar. Selskapet la vekt på tryggleik både for dei reisande og dei tilsette gjennom drifta vår. Gjennom styringssystemet granskar selskapet hendingar og vurderer risikoar ved drifta for å identifisere eventuelle behov for tiltak. Etter systematisk arbeid i 2018 vil selskapet ta i bruk proaktive indikatorar for å føresjå og dermed hindre uønskte hendingar.

I 2018 hadde selskapet seks kontaktskadar, mot éin i 2017. Selskapet har «nullfilosofi» for kontaktskadar, utslepp og tap av liv. Det blei registrert til saman fjorten passasjerskadar i 2018. Dei fleste var mindre kutt-, klem- og fallskadar.

Det blir arbeidd med fleire tiltak for å fremje sikker drift, og selskapet vil i 2019 halde fram arbeidet med å utvikle tryggleikskulturen i Fjord1 ASA. I nært samarbeid med mannskapet arbeider selskapet med barrieresystem og å utvikle operasjonsprosedyrar om bord. Ruteproduksjonen og trafikkavviklinga i Fjord1 ASA blei i 2018 gjennomført på ein trygg og god måte.

VIDARE DRIFT
Den framlagde resultatrekneskapen og balansen per 31. desember 2018 gjev etter styret sitt syn eit godt og rettvisande bilete av eigendelar, gjeld, finansiell stilling og resultat for morselskapet Fjord1 ASA og konsernet. Det har ikkje oppstått hendingar etter avslutninga av rekneskapen i det nye året som har hatt innverknad på denne vurderinga. Grunnlaget for vidare drift er til stades, og rekneskapen for selskapet er sett opp under denne føresetnaden. Til grunn for desse vurderingane ligg resultatprognosar for 2019 og konsernet sine langsiktige prognosar for åra framover.

RESULTAT, BALANSE OG LIKVIDITET I KONSERNET
Fjord1-konsernet hadde i 2018 inntekter på 3102 millionar kroner (2794 mill. kroner). Driftsresultatet blei 745 mill. kroner (733 mill. kroner), og dette gir ein EBIT-margin (driftsmargin) på 24,0 prosent (26,2 %). Resultat før skatt viser eit overskot på 675 mill. kroner (716 mill. kroner) og årsresultat etter skatt blei 540 mill. kroner (603 mill. kroner). Omsetnaden og EBITDA har auka i 2018 som følgje av oppstart av to nye kontraktar. Driftsresultat per segment er vist i note 3 i konsernrekneskapen i tillegg til at det er opplyst per segment under verksemda.

Styret og leiinga har gjennom året gjort vurderingar rundt grunnlaget for verdiane på fartøya og avsetjingar for moglege framtidige tap på kontraktar. Det blei i 2018 gjennomført nedskriving og reversering av tidlegare års nedskrivingar til ein positiv nettoeffekt på 561 000 kroner.

Konsernet har ein eigenkapital på 2331 mill. kroner (2068 mill. kroner) og ein totalkapital på 6731 mill. kroner (5254 mill. kroner), som gjev ein eigenkapitalprosent på 34,6 prosent (39,4 %) ved utgangen av 2018. Stillinga til konsernet er tilfredsstillande både med omsyn til soliditet og likviditet.

Kontantstraum frå drifta i konsernet var i 2018 1108 mill. kroner (994 mill. kroner). Likvide midlar nytta til investeringar utgjer 1864 mill. kroner (619 mill. kroner), 1901 mill. kroner (738 mill. kroner) er nytta til investeringar i driftsmidlar. Det er samtidig selt driftsmidlar for 12 mill. kroner (104 mill. kroner). Det er betalt ned 911 mill. kroner (1123 mill. kroner) i avdrag og tilbakebetaling på langsiktig gjeld til kredittinstitusjonar, medan selskapet har teke opp 1863 mill. kroner i langsiktig gjeld som følgje av refinansieringa. Netto likvide midlar per 31. desember 2018 er 272 mill. kroner (474 mill. kroner).

RESULTAT, BALANSE OG LIKVIDITET I MORSELSKAPET

Morselskapet hadde i 2018 inntekter på 3094 mill. kroner (2795 mill. kroner). Driftsresultatet blei 781 mill. kroner (646 mill. kroner), med ein EBIT-margin (driftsmargin) på 25,2 prosent (23,1 %). Resultatet før skatt viser eit overskot på 715 mill. kroner (603 mill. kroner) og årsresultat etter skatt blei 581 mill. kroner (473 mill. kroner).

Morselskapet har ein eigenkapital på 1820 mill. kroner (1511 mill. kroner) og ein totalkapital på 6425 mill. kroner (4708 mill. kroner), som gjev ein eigenkapitalprosent på 28,3 prosent (32,0 %) ved utgangen av 2018. Stillinga til morselskapet er tilfredsstillande både med omsyn til soliditet og likviditet.

Kontantstraum frå drifta i morselskapet var i 2018 895 mill. kroner (831 mill. kroner). Likvide midlar som er knytt til investeringar, utgjer 1986 mill. kroner (572 mill. kroner), 1902 mill. kroner (677 mill. kroner) er nytta til investeringar i driftsmidlar. Det er betalt ned 963 mill. kroner (1091 mill. kroner) langsiktig gjeld og 270 mill. kroner betalt ut i utbytte (250 mill. kroner). Netto likvide midlar per 31. desember 2018 er på 200 mill. kroner (403 mill. kroner).

DISPONERING AV RESULTAT I MORSELSKAPET

Fjord1 ASA føreset i det strategiske fundamentet at det skal leggjast til rette for ein eigarvennleg, balansert og langsiktig utbyttepolitikk.

Selskapet har pleid å betale ut inntil 50 prosent utbytte av årsresultatet etter skatt i konsernet. Utbyttepolitikken vil alltid bli sett i samanheng med eigenkapitalen i selskapet. Selskapet har ein kapitalstruktur som er tilpassa den noverande strategien og risikoprofilen i selskapet. Framtidige investeringsprogram som følgjer av vellukka anbod kan endre dette og dermed påverke utbyttepolitikken til selskapet. Vedtak om utdeling av utbytte vil bli avgjort av generalforsamlinga etter forslag frå styret.

Årsresultatet etter skatt i morselskapet blei 581 mill. kroner i 2018, og styret tilrår med dette følgjande disponering av årsresultatet:

Overført til anna eigenkapital	**311 mill. kr**
Avsetning for utbytte	**270 mill. kr**
Sum disponering	**581 mill. kr**

EIGARSTYRING OG SELSKAPSLEIING

Fjord1 følgjer rettleiing for eigarstyring og selskapsleiing, som er gjeven ut av Norsk utvalg for eigarstyring og selskapsledelse (NUES). Hovudelementa for konsernet i denne utgreiinga er korleis forholdet mellom samfunn, eigarar, styret og leiinga i selskapet fungerer.

Det er skildra i utgreiinga kva verksemd selskapet driv, kva verdiar, selskapskapital og utbyttepolitikk selskapet har, kva prinsipp selskapet har for aksjane våre og omsetnaden av dei, og kva prinsipp selskapet har for valkomité, sjølvstendet til styret og arbeidet deira, godtgjering til styret og leiinga, internkontroll og risikostyring, korrekt informasjon og kommunikasjon. I tillegg har utgreiinga ei kort skildring om arbeidet til revisoren.

Viser til utgreiing om eigarstyring og selskapsleiing, som omtalar prinsippa ovanfor.

AKSJONÆRINFORMASJON

Selskapet er notert på hovudlista på Oslo Børs og hadde 3786 aksjonærar per 31. desember 2018. Havilafjord AS er den største aksjonæren og kontrollerer 51,50 prosent av aksjekapitalen. Totalt eig dei 20 største aksjonærane 85,9 prosent av aksjane per 31. desember 2018. Ei oversikt over dei 20 største aksjonærane ligg under «Investor Relations» på nettsidene til Fjord1.

Selskapet har 100 000 000 aksjar.
På ekstraordinær generalforsamling våren 2018 fekk styret fullmakt til kjøp av eigne aksjar i

samband med aksjeprogram for tilsette. Sjå note 12 i konsernrekneskapen for transaksjonar av eigne aksjar i 2018. Aksjeprogram og medeigarskap er nærare skildra i årsrapporten, under utgreiinga om «Eigarstyring og selskapsleiing».

AKSJEEIGARFORHOLD
Selskapet har éin aksjeklasse. I samsvar med allmennaksjelova har alle aksjar i selskapet like rettar og kan omsetjast fritt.

Resultat per aksje var i 2018 5,39 NOK. Eit føreslått utbytte på 270 millionar totalt, vil gje utbytte per aksje på 2,70 NOK. Sjå forslag om disponering av årsresultat i eige avsnitt og disponering av resultat i morselskapet ovanfor.

RISIKO I VERKSEMDA
Verksemda til Fjord1 fører med seg ulike former for risiko som selskapet vurderer kontinuerleg. Dei sentrale elementa er marknadsrisiko, finansiell risiko, driftsrisiko og leveringsrisiko for nybygg.

Marknadsrisiko er definert som konsekvensen av variasjon i marknadsfaktorar som oljepris, rente og valuta. Dei kontraktane selskapet har med oppdragsgjevarar, tek i større grad omsyn til svingingar i desse marknadsfaktorane gjennom regulering etter nærsjøindeksen. Fjord1 er brukar av finansielle instrument som ledd i sikring av kontantstraumar som ikkje er dekte gjennom reguleringsmekanismar i kontraktane.

Fjord1 er eksponert for valutavariasjonar gjennom skipsbyggingskontraktar som er teikna i EUR og USD. Selskapet gjennomfører sikringsforretningar for å redusere risikoen for endringar i valuta.
Andre marknadsrisikoar er makroøkonomiske forhold som selskapet ikkje kontrollerer, og etterspurnad etter varer og tenester som kan påverke investeringsaktiviteten til selskapet og marknadsverdien av fartøya.

Kredittrisiko, risikoen for at kundar og kontraktpartnarar ikkje har økonomisk evne til å gjere opp for seg, er vurdert til å vere låg. Historisk sett har selskapet hatt små tap på krav. Endringar i rammevilkår kan endre dette risikobiletet. Brutto kredittrisiko per 31. desember 2018 utgjer 96,5 (86,1) millionar kroner for konsernet.

Det er ikkje inngått avtalar som reduserer denne risikoen. Bruk av kredittvurdering og morselskaps- og bankgarantiar bidreg til å redusere risikoen. Fjord1 har tilsvarande garantiar overfor samarbeidspartnarane sine.

Operasjonell risiko blir handtert gjennom dagleg drift, gjennom å etterleve eksterne lover og reglar, og etablerte rutinar for HMS. Det er risiko ved levering av nybygg, men denne risikoen er handtert gjennom moglegheit for overgangsfartøy ved oppstart av kontraktane.

Finansiell risiko er knytt til gjeld og likviditet. Selskapet har gjennom rammeavtale om bank- og finansieringstenester med Nordea og DNB ei finansieringsramme på 4,5 milliardar kroner. Fartøyporteføljen til konsernet Fjord1 er stilt som sikkerheit. Fjord1 har per 31. desember 2018 nytta 1,8 milliardar kroner, og selskapet nyttar meir av rammelånet på 4,5 milliardar kroner etter kvart som nye fartøy blir leverte i 2019. Dei finansielle forpliktingane til konsernet for skip under bygging er sikra gjennom bankgarantiar. Ettersom selskapet har inngått fleire kontraktar for bygging av miljøvennlege ferjer, tek GIEK del i finansieringa av nybyggprogrammet til Fjord1 med ein garanti på 900 millionar kroner. Selskapet har eit usikra obligasjonslån som er notert på Oslo Børs våren 2018.

Likviditeten i selskapet blir styrt gjennom månadleg oppfølging og prognosar. Den daglege oppfølginga av likviditeten blir utført av økonomiavdelinga i selskapet. Styret vurderer likviditeten i selskapet som tilfredsstillande.

UTSIKTER
Ferjebransjen er i stor endring på grunn av endra krav i anboda når det gjeld energi, miljø og kapasitet. Etterspurnaden etter ferjetenester er aukande. Fleire ferjer er i drift, og frekvensen er auka på fleire av rutene. Fjord1 er godt posisjonert innanfor ferjesegmentet ved at selskapet er tildelt majoriteten av viktige miljøkontraktar som har vore på anbod dei siste åra. Det er oppstart av ni samband i 2020, og Fjord1 sitt tal på ferjer i drift aukar.

Nye kontraktar skal ut på anbod dei kommande åra i Nordland og Troms, og styret meiner konsernet er godt posisjonert for å delta i desse anbodskonkurransane. Selskapet vurderer kontinuerleg nye område også utanfor Noreg. Fjord1 skal halde fram med å utvikle ferjeverksemda som det leiande selskapet i næringa, effektivisere den noverande kontraktsporteføljen, vinne nye lønnsame kontraktar, utvikle reiselivssatsinga og vere delaktig i teknologiutviklinga i marknaden. Gjennom samarbeidet med NSB vil selskapet framover utvikle reiselivsatsinga med vekt på ein nasjonal portal. Styret presiserer at det normalt er knytt stor uvisse til vurdering av framtidige forhold.

Styret takkar leiinga og dei tilsette for eit stort bidrag til eit godt resultat i 2018. Styret har tru på høg aktivitet og eit godt resultat òg for 2019.

Florø, 20. mars 2019



Vegard Sævik
Styreleiar

Per Rolf Sævik
Styremedlem

Siri Hatland
Styremedlem

Siri Beate Hatlen
Styremedlem



Frederik Wilhelm Mohn
Styremedlem

Atle Olav Trollebø
Styremedlem

Geir Offerdal
Styremedlem



Dagfinn Neteland
Adm.dir.

KONSERN-REKNESKAP 2018

KONSOLIDERT RESULTATREKNESKAP

Beløp i NOK 1 000	Note	2018	2017
Salsinntekt	3	3 060 946	2 748 150
Anna driftsinntekt	3,5	41 102	45 985
Sum driftsinntekt		**3 102 048**	**2 794 136**
Varekostnad		(574 001)	(433 547)
Lønn og sosiale kostnadar	6, 13, 17	(1 004 979)	(946 354)
Andre driftskostnadar	7	(483 653)	(449 621)
Totale driftskostnadar		**(2 062 632)**	**(1 829 523)**
Del av overskot/(tap) frå felleskontrollerte verksemder	4	11 794	20 641
Driftsresultat før avskrivingar og nedskrivingar (EBITDA)		**1 051 210**	**985 253**
Ordinære avskrivingar	10	(306 578)	(252 652)
Nedskriving	10	(84 064)	
Attføring av tidlegare nedskriving	10	84 625	
Totale avskrivingar og nedskrivingar		**(306 017)**	**(252 652)**
Driftsresultat (EBIT)		**745 193**	**732 601**
Del av overskot/(tap) frå andre tilknytte verksemder	4	975	42 963
Renteinntekt	11	3 496	4 692
Rentekostnad	11	(113 078)	(82 865)
Andre finanspostar, netto	7	38 166	18 135
Netto finansinntekter / (kostnadar)		**(70 440)**	**(17 075)**
Ordinært resultat før skatt		**674 753**	**715 527**
Skattekostnad på ordinært resultat	8	(134 464)	(112 895)
Årsresultat		**540 289**	**602 633**
Del av resultat:			
Eigarane av morselskap		538 660	602 149
Minoritetsinteresser		1 629	484
Resultat per aksje (NOK)*	9	5,39	6,02
Utvatna resultat per aksje (NOK)*	9	5,39	6,02

* Basert på 100,000,000 utestående aksjar. Sjå note 9 og 12 for informasjon knytt til fordeling av aksjar i samband med konvertering til allmennaksjeselskap.

KONSOLIDERT OPPSTILLING AV TOTALRESULTAT

Beløp i NOK 1 000	Note	2018	2017
Årsresultat		540 289	602 633
ANDRE INNTEKTER OG KOSTNADAR			
Postar som ikkje vert omklassifisert til resultatrekneskapen			
Del av utvida resultat for tilknytt verksemd bokført ved bruk av eigenkapitalmetoden	4	(2 221)	(3 059)
Aktuarmessige tap på pensjonsforpliktingar - etter skatt	13	(2 287)	(4 745)
Sum		**(4 508)**	**(7 804)**
Sum andre inntekter og kostnadar etter skatt		**(4 508)**	**(7 804)**
Totalresultat		**535 781**	**594 829**
Del av resultat:			
Eigarane av morselskap		534 152	594 345
Minoritetsinteresser		1 629	484

KONSOLIDERT BALANSEOPPSTILLING

Beløp i NOK 1 000	Note	31.12.2018	31.12.2017
EIGENDELAR			
Anleggsmiddel			
Utsett skattefordel	8	19 148	18 327
Skip og andre varige driftsmiddel	10	5 598 220	4 181 387
Investeringar i tilknytt og felleskontrollert verksemd	4	391 393	408 581
Andre langsiktige eigendelar	11	8 730	6 205
Sum anleggsmiddel		**6 017 491**	**4 614 499**
Omløpsmiddel			
Varer		24 097	16 508
Finansielle derivat	11	30 085	
Kundefordringar	11	96 529	86 099
Andre kortsiktige fordringar	11	116 941	63 012
Bankinnskot, kontanter og liknande	11	272 492	474 294
		540 145	**- 639 913**
Eigendelar for sal	10	173 510	
Sum omløpsmiddel		**713 655**	**639 913**
Sum eigendelar		**6 731 146**	**5 254 412**
EIGENKAPITAL OG GJELD			
Eigenkapital til eigarane av morselskap			
Aksjekapital	12	250 000	250 000
Overkurs		360 924	360 924
Eigne aksjar	12	(2 079)	
Opptent eigenkapital		1 716 795	1 452 645
Sum eigenkapital til eigarane av morselskap		**2 325 640**	**2 063 568**
Minoritetsinteresser		5 796	4 166
Sum eigenkapital		**2 331 436**	**2 067 734**
Langsiktig gjeld			
Gjeld til kredittinstitusjonar	11, 14	2 577 780	1 687 692
Finansielle derivat	11	1 751	12 147
Pensjonsforpliktingar	13	23 263	23 671
Utsett skatt	8	497 763	450 696
Sum langsiktig gjeld		**3 100 557**	**2 174 206**
Kortsiktig gjeld			
Gjeld til kredittinstitusjonar	11, 14	213 212	130 285
Finansielle derivat	11	7 735	26 607
Leverandørgjeld	11	285 749	164 895
Betalbar skatt	8	92 719	40 055
Skuldige offentlege avgifter		102 751	93 896
Anna kortsiktig gjeld	11	596 988	556 734
Sum kortsiktig gjeld		**1 299 154**	**1 012 472**
Sum gjeld		**4 399 711**	**3 186 678**
Sum eigenkapital og gjeld		**6 731 146**	**5 254 412**

Styret i Fjord1 ASA

Florø, 20. mars 2019



Vegard Sævik
Styreleiar

Per Rolf Sævik
Styremedlem

Siri Hatland
Styremedlem

Siri Beate Hatlen
Styremedlem



Frederik Wilhelm Mohn
Styremedlem

Atle Olav Trollebø
Styremedlem



Geir Offerdal
Styremedlem



Dagfinn Neteland
Adm.dir.

KONSOLIDERT OPPSTILLING AV ENDRINGAR I EIGENKAPITALEN

	Eigarane av morselskapet						
Beløp i NOK 1 000	**Aksje-kapital**	**Overkurs**	**Eigne aksjar**	**Opptent eigenkapital**	**SUM**	**Minoritets-interesser**	**Sum eigenkapital**
Eigenkapital 01.01.2018	**250 000**	**360 924**		**1 108 299**	**1 719 223**	**3 881**	**1 723 104**
Årsresultat				602 148	602 148	484	602 633
Andre inntekter og kostnadar				(7 804)	(7 804)		(7 804)
Utvida resultat				594 345	594 345	484	594 829
Utbetalt utbytte				(250 000)	(250 000)		(250 000)
Andre bidrag til eigarar						(199)	(199)
Transaksjonar med eigarar				**(250 000)**	**(250 000)**	**(199)**	**(250 199)**
Eigenkapital 31.12.2016	**250 000**	**360 924**		**1 452 644**	**2 063 568**	**4 166**	**2 067 734**
Eigenkapital 01.01.2017	**250 000**	**360 924**		**1 452 644**	**2 063 568**	**4 166**	**2 067 734**
Årsresultat				538 660	538 660	1 629	540 289
Andre inntekter og kostnadar				(4 508)	(4 508)		(4 508)
Utvida resultat				534 152	534 152	1 629	535 781
Kapitalinnskot frå aksjonærar							
Kjøp av eigne aksjar			(2 079)		(2 079)		(2 079)
Utbetalt utbytte				(270 000)	(270 000)		(270 000)
Andre bidrag til eigarar							
Transaksjonar med eigarar			**(2 079)**	**(270 000)**	**(272 079)**		**(272 079)**
Eigenkapital 31.12.2018	**250 000**	**360 924**	**(2 079)**	**1 716 795**	**2 325 640**	**5 796**	**2 331 436**

KONSOLIDERT KONTANTSTRAUMSANALYSE

Beløp i NOK 1 000	Note	2018	2017
Kontantstraum frå operasjonelle aktivitetar			
Resultat før skatt		674 753	715 527
Korrigering av resultatpostar utan effekt på likviditeten:			
Avskrivingar og nedskrivingar	10	306 017	252 652
Rentekostnadar		109 582	62 219
Endring i verkeleg verdi av finansielle instrument	11	(59 353)	(26 424)
Endring i pensjonsforpliktingar		(637)	2 552
Gevinst/tap ved sal av eigendelar		(6 882)	(4 713)
Resultat frå investering i tilknytt verksemd		(12 770)	(63 604)
Arbeidskapitaljusteringar:			
Kundefordringar	11	(10 430)	(7 439)
Varer		(7 590)	(1 818)
Leverandørgjeld	11	120 854	54 820
Andre tidsavgrensingspostar		(4 819)	9 784
Kontantstraum generert frå verksemda		**1 108 724**	**993 556**
Utbetalt rentekostnad		(91 278)	(64 205)
Innbetalt renteinntekt		3 496	
Betalt skatt		(38 206)	(2 672)
Netto likviditetsendring frå verksemda		**982 737**	**926 679**
LIKVIDAR TILFØRT / BRUKT PÅ INVESTERINGAR			
Investeringar i varige driftsmiddel	10	(1 901 235)	(738 174)
Utbetaling ved kjøp av aksjar og partar		(10 447)	(16 160)
Innbetaling av utbytte frå tilknytt verksemd		38 183	25 503
Innbetaling ved sal av varige driftsmiddel	10	11 754	103 566
Netto innbetaling fra langsiktige eigendelar		(2 525)	6 598
Netto innbetaling fra langsiktige forpliktingar			(178)
Netto likviditetsendring frå investeringar		**(1 864 270)**	**(618 845)**
LIKVIDAR TILFØRT / BRUKT PÅ FINANSIERING			
Innbetaling frå lån	11	1 863 110	985 250
Nedbetaling av gjeld	11	(911 299)	(1 122 783)
Kjøp av eigne aksjar	12	(2 079)	
Innbetalt frå kortsiktig gjeld	11	200 000	
Nedbetaling av kortsiktig gjeld	11	(200 000)	
Utbetalt utbytte		(270 000)	(250 000)
Netto likviditetsendring frå finansiering		**679 732**	**(387 533)**
Netto endring i likvidar i året		**(201 800)**	**(79 699)**
Kontantar og bankinnskot 01.01		**474 294**	**553 993**
Kontantar og bankinnskot ved periodeslutt		**272 492**	**474 294**

NOTE 1 REKNESKAPSPRINSIPP

GENERELL INFORMASJON

Fjord1 ASA og tilhøyrande dotterselskap (konsernet) driftar passasjerferjer og andre passasjerbåtar i Noreg. Konsernet si kjerneverksemd er konsentrert rundt sjøtransport gjennom drifta av ferjer og ekspressbåtar, i tillegg til cateringverksemd om bord i båtane. Fjord1 ASA er registrert og driv si verksemd i Noreg, og vart lista på Oslo Børs den 15. august 2017. Adressa til verksemda sitt hovudkontor er Strandavegen 15, 6900 Florø, Noreg.

Denne konsoliderte konsernrekneskapen blei vedteke av styret den 20. mars 2019, og er revidert.

UTARBEIDING AV REKNESKAP

Den konsoliderte rekneskapen for Fjord1 ASA for 2018 er utarbeidd i samsvar med International Financial Reporting Standards (IFRS).

VIDARE DRIFT

Den konsoliderte konsernrekneskapen er utarbeidd under føresetnad om vidare drift. Leiinga har vurdert all tilgjengeleg informasjon om framtida når dei har vurdert vidare drift, medrekna informasjon knytt til kontantstraum frå eksisterande ferjekontraktar og andre servicekontraktar, avdrag på gjeld og forpliktingar knytt til nybyggskontraktar. Prognosane har tatt høgde for forventa framtidig inntekt frå anlegg under utvikling. Basert på desse føresetnadane har leiinga ei fornuftig forventning om at konsernet har tilstrekkelege ressursar til å halde fram med verksemda i overskodeleg framtid.

GRUNNLAG FOR MÅLING

Rekneskapen har blitt utarbeidd under historisk kost prinsippet, med unntak av eiedelar for sal og derivatar, som er målt til verkeleg verdi. Utarbeidinga av rekneskapen i tråd med IFRS krev bruk av enkelte vesentlege rekneskapsestimat. Det vert også kravd at leiinga nyttar si dømmekraft når ein legg til grunn konsernet sine rekneskapsprinsipp. I note 2 er det lagt fram ei oversikt over dei områda som i høgare grad krev bedømming og områda som er meir komplekse. Oversikta inkluderer også områder der føresetnader og estimat er vesentlege for den konsoliderte rekneskapen.

NYE STANDARDAR

Rekneskapsstandardane og tolkingane som er nytta er konsistens med tidlegare år, med unntak av endringane i IFRS som har blitt implementert av konsernet i 2018. Nedanfor følgjer endringane i IFRS som har vore aktuelle for konsenrekneskapen 2018.

IFRS 15 - Inntekt frå kontraktar med kundar

Standarden erstattar IAS 18 og IAS 11 og etablerer prinsipp for rapportering av hensiktsmessig informasjon til brukarane av rekneskapen angåande karakter, beløp, tidfesting og usikkerheit knytt til inntekter og kontantstraumar som stammar frå verksemder sine kontraktar med kundar. Standarden er basert på prinsippet om at inntekter vert registrert når kontroll av vara eller tenesta er overført til kunden

På denne måten erstattar kontroll den noverande praksis med overføring av risiko. Inntekt vert bokført når kunden oppnår kontroll over ei vare eller ei teneste og på denne måten har moglegheit til å utnytte fordelane knytt til vara eller tenesta. Standarden vart godkjent av EU i oktober 2016 og fekk effekt frå 1. januar 2018.

Konsernet vedtok IFRS 15 frå 1. januar 2018. Standarden har blitt implementert i henhald til den fullstendig tilbakeverkande overgangsstrategien, noko som betyr at effekten av å implementere den nye standarden er registrert som ei endring i aksjonærforhold per 1. januar 2017, og samanliknbare perioder for 2017 har blitt oppdatert der etter i resultatrekneskapen. Implementeringa av IFRS 15 har ikkje hatt vesentleg innverknad på totale rapporterte inntekter, kostnadar, eigendelar eller gjeld, med unntak av at inntekta frå kontraktar for levering av ferjetjenester, som tidlegare har vore presentert som anna driftsinntekt i rekneskapen, no omklassifiserast til salsinntekt.

IFRS 9 - Finansielle instrument

International Accounting Standards Board offentleggjorde i juli 2014 den endelege versjonen av IFRS 9, som vart godkjent av European Financial Reporting Advisory Group den 28. november 2016. IFRS 9 er gjeldande for rekneskapsår som startar på eller etter 1. januar 2018, men det er òg tillate å ta i bruk standarden tidlegare.

Standarden erstattar dei delane av IAS 39 som omhandlar klassifisering og måling av finansielle instrument. IFRS 9 introduserer nye reglar for sikringsbokføring og ein ny modell for nedskriving for finansielle eigendelar.

IFRS 9 inneheld tre kategoriar for klassifisering av finansielle eigendelar; (i) verdsett til amortisert kost, (ii) verkelg verdi gjennom andre inntekter og kostnadar og (iii) verkeleg verdi gjennom ordinært resultat. På denne måten eliminerer standarden dei eksisterande IAS 39 kategoriane heldt til forfall og tilgjengeleg for sal.

Den nye nedskrivningsmodellen krev nedskrivning basert på forventa tap i motsetning til dagens standard (IAS 39) som krev nedskrivning først ved faktiske tapshendingar. Den nye standarden omfattar finansielle eigendelar verdsett til amortisert kost, finansielle forpliktingar målt til verkeleg verdi over utvida resultat, kontraktsrelaterte eigendelar under IFRS 15 Inntekt frå kontrakter med kundar, leigerelaterte fordringar, forpliktingar knytt til lån og enkelte finansielle garantikontraktar.

Konsernet implementerte IFRS 9 - finansielle instrument frå 1. januar 2018. Implementeringa har ikkje ført til signifikant innverknad på konsernets konsoliderte rekneskap. Samanlikningstal for 2017 er ikkje omarbeida.

Nye standardar, tillegg og tolkingar utstedt, men ikkje gjeldande for rekneskapsåret 2018, som ikkje er teke omsyn til i den konsoliderte rekneskapen

Det har blitt publisert fleire nye rekneskapsstandardar og tolkingar, som ikkje er obligatoriske for rekneskapsåret 2018, som konsernet ikkje har teke omsyn til i rekneskapen. Nedanfor følger konsernet sine vurderingar av effekten av desse nye standardane og tolkingane.

IFRS 16 Leigeavtalar
IFRS 16 vart offentleggjort i januar 2016. Effekten av den nye standarden er at bortimot alle leigeavtalar vil verte synleggjort i balansen, då skiljet mellom finansielle og operasjonelle leigeavtalar vert fjerna. Den nye standarden legg opp til at ein får ein eigedel i balansen og ei finansiell forplikting som skal betalast over tid. Dei einaste unntaka er korttidsavtalar og leigeavtaler med låg verdi. Rekneskapsføringa for utleigar vil ikkje endre seg vesentleg.

Standarden vil i hovudsak påverke konsernet sine operasjonelle leigeavtalar. Fjord1 vil implementereIFRS 16 frå 1. januar 2019 og har beslutta og ikkje utarbeide samanliknbare tabellar. Estimerte overgongseffektar er omtalt i note 15.

PRINSIPP FOR KONSOLIDERING OG EIGENKAPITALMETODEN
Dotterselskap
(i) Dotterselskap er definert som alle einingar (inkludert deltakarlikna selskap) som vert kontrollert av konsernet. Konsernet har kontroll over ei eining når ein har bestemmande innflytelse, direkte eller indirekte, over den finansielle og operasjonelle styringa av eininga, og der igjennom oppnår fordelar frå verksemda hos eininga.

Dotterselskap vert inkludert i konsernregnskapet frå det tidspunkt det vert oppnådd kontroll, og teke ut av konsernet på det tidspunktet ein mistar kontroll. Kjøp av dotterselskap vert rekneskapsført etter oppkjøpsmetoden.

Konserninterne transaksjonar, mellomverande og urealisert vinst på transaksjonar mellom konsernselskap vert eliminert. Urealiserte tap vert også eliminert, om ikkje transaksjonen vert sett på som eit bevis på at eigedelen som vert seld burde verte nedskrive. Regnskapsprinsipp hos dotterselskap vert omarbeida i den grad dette er naudsynt for å oppnå samsvar med regnskapsprinsipp i konsernrekneskapen. Minoritetsinteressene sine andelar av resultatet og eigenkapitalen til dotterselskap er skilt ut i den konsoliderte rekneskapen, oversikta over totalresultatet, oversikta over endringar i eigenkapitalen og i den konsoliderte balanseoppstillinga.

(ii) Tilknytte verksemder
Tilknytte verksemder er verksemder der konsernet har betydeleg påverknad, men ikkje kontroll. Betydeleg kontroll finnast normalt når konsernet har mellom 20% og 50% av stemmerettigheitene. Investeringar i tilknytte verksemder er bokført etter eigenkapitalmetoden (sjå (iii) nedanfor), etter opphaveleg å ha blitt bokført til anskaffingskostnad

(iii) Eigenkapitalmetoden
Ved bruk av eigenkapitalmetoden vert felleskontrollert verksemd opphaveleg innrekna til anskaffingskost. Deretter vert det balanseførte beløpet regulert for å rekne inn andelen av resultat etter kjøpet, samt del av utvida resultat. Utbytte mottatt frå dotterselskap eller felleskontrollerte verksemder blir ført som reduksjon i den bokførte verdien av investeringa.

Når konsernet sin del av tap i ei felleskontrollert verksemd overstig balanseført beløp, inkludert andre langsiktige investeringar som i realiteten er ein del av konsernet si nettoinvestering i verksemda, vert ikkje ytterlegare tap innrekna med mindre det er pådradd forpliktingar eller gjennomført utbetalingar på vegne av dei felleskontrollerte verksemdene.

Urealisert vinst på transaksjonar mellom konsernet og konsernet sine felleskontrollerte verksemder vert eliminert i samsvar med eigarandelen i verksemda. Urealiserte tap vert også eliminert med mindre transaksjonen gir bevis for eit verdifall på den overførte eigedelen. Rapporterte beløp frå felleskontrollerte verksemder vert omarbeida om nødvendig for å sikre samanfall med

regnskapsprinsippa til konsernet. Bokført verdi av investeringar bokført etter eigenkapital-metoden blir testa for nedskriving, i tråd med prinsipp skildra i avsnittet "nedskriving av eigendelar".

(iv) Endring i eigarskap
Transaksjonar med ikkje-kontrollerande eigarar i dotterselskap som ikkje medfører tap av kontroll vert behandla som eigenkapitaltransaksjonar. Forskjellen mellom verkeleg verdi av vederlaget og aksjane sin forholdsmessige del av balanseført verdi av nettoeigedelar i dotterselskap vert ført mot konsolidert oppstilling av endring i eigenkapitalen. Vinst eller tap ved sal til ikkje-kontrollerande eigarar vert ført tilsvarande mot konsolidert oppstilling av endringar i eigenkapitalen.

PRINSIPP FOR KONSOLIDERING OG EIGENKAPITALMETODEN
Når konsernet sluttar å konsolidere eller å bokføre etter eigenkapitalmetoden som følge av at ein ikkje lengre har kontroll, delt kontroll eller vesentleg innverknad, blir ei kvar attverande investering målt til verkeleg verdi og endringa i bokført verdi vert resultatført. Denne verkelege verdien vert sett på som anskaffingskost for seinare rekneskapsformål. Dersom det tidlegare har blitt bokført andre gevinstar eller tap knytt til investeringa, vert desse behandla som om konsernet hadde kvitta seg med dei aktuelle eigedelane eller forpliktingane. Dette betyr at beløp som tidlegare har blitt ført mot utvida resultat vert omklassifisert og ført i den ordinære resultatrekneskapen.

Dersom eigardel i ei felleskontrollert verksemd eller ei tilknytt verksemd vert redusert, men delt kontroll eller vesentleg innverknad vert oppretthaldt, vert berre ein forholdsmessig del av beløp tidlegare ført mot utvida resultat omklassifisert og ført i den ordinære resultatrekneskapen.

SEGMENTRAPPORTERING
Driftssegment vert rapportert på same måte som ved intern rapportering til selskapet sin øvste slutningstakar. Styret i Fjord1 ASA har blitt definert som selskapet sin øvste slutningstakar.

OMREKNING AV UTANLANDSK VALUTA
Funksjonell valuta og presentasjonsvaluta
Element inkludert i rekneskapane for alle einingar i konsernet vert målt basert på valutaen innanfor det primære økonomiske miljøet den aktuelle eininga opererer i (funksjonell valuta). Den konsoliderte konsernrekneskapen blir utarbeidd på norsk, og norske kroner er Fjord1 ASA sin funksjonelle valuta og presentasjonsvaluta.

Transaksjonar og mellomverande
Transaksjonar i utanlandsk valuta er rekna om til funksjonell valuta ved bruk av valutakurs på tidspunktet for transaksjonen. Vinst og tap ved oppgjeret av slike transaksjonar og frå omrekning av balansepostar i utanlandsk valuta ved periodeslutt blir ført som finanspostar i den ordinære resultatrekneskapen. Dei vert utsett som reserve over utvida resultat om dei knyttar seg til kvalifiserte kontantstraumssikringar og kvalifiserte netto investeringssikringar eller er kan tilskrivast ein del av nettoinvesteringa i ei utanlansk verksemd. Vinst eller tap relatert til omrekning av lån frå kredittinstitusjonar vert ført som finanspostar i den ordinære resultatrekneskapen. Alle andre vinstar og tap som følge av omrekning av utanlandsk valuta vert også ført i den ordinære resultatrekneskapen.

Ikkje-monetære postar som er verdsett til verkeleg verdi i utanlandsk valuta er rekna om ved bruk av valutakurs på det tidspunktet den verkelege verdien vart fastsett. Omrekningsdifferansar på eigendelar og gjeld verdsett til verkeleg verdi er presentert som del av vinst eller tap på verkeleg verdi. For eksempel vert omrekningsdifferansar på ikkje-monetære eigendelar og gjeld som aksjar verdsett til verkeleg verdi over resultatet presentert som vinst eller tap i den ordinære rekneskapen, mens omrekningsdifferansar på ikkje-monetære eigendelar som aksjar klassifisert som haldt for sal er ført mot utvida resultat.

INNTEKTER
Inntekt vert reknskapsført når kunden overtek kontrollen av vara eller tjenesta og dermed har moglegheita til å direkte bruke og få nytte av vara eller tjenesta.

Konsernet sine spesifikke rekneskapsprinsipp for hovudtypane av inntekt er som følgjer:
i) Varesal: Ved sal frå catering service om bord i ferjene vert inntektene innrekna når vara er seld til kunden.

ii) Billettsal: Billettinntekter vert innrekna når billetten er seld til kunden. For forskotsbetalte verdikort vert inntekta utsett og innrekna når korta vert brukt.

(iii) Inntekt frå ferjekontrakter: Inntekt frå å drive ferjer og passasjerbåtar på vegne av det offentlege. Det eksisterer to typar kontraktar:
Brutto kontraktar der konsernet mottek ein årleg indeksjustert fastpris. Beløpet konsernet får kvart år er avhengig av antall planlagte reiser. Antall reiser er brukt som eit mål på progresjon. Indeksen er brukt til å justere ein transaksjonspris

kompansertfor prisendringar i input-faktorar som er naudsynt for å drive fartøya. Variansen i transaksjonsprisar på grunn av at indeksen er allokert til året som justeringen er relatert til. Dersom indeksen auka gjennom ei kontraktsperiode vil inntekta dermed auke år etter år. Konsernet mottek månedleg/kvartalsvise tilskot frå det offentlege, mens billettinntekter frå passasjerar er ført til det offentlege månedleg.
- Netto kontrakar: Konsernet vurderar risikoen knytt til passasjervolum og mottek ein fast pris frå det kunden i tillegg til inntekt frå salg av billettar til passasjerar. Den faste prisen frå det offentlege er gjeldande gjennom kontraktsperioda der antall reisande er brukt som mål på progresjon. Kontrakta vil vanlegvis ha samme indeksjusteringar som kontrakta over. Billettinntektene er ein variabel komponent for transaksjonsprisen som blir rekna som inntekt på en reise på reisebasis.

BETALBAR SKATT OG UTSETT INNTEKTSSKATT
Skattekostnaden i perioden består av perioden sin betalbare skatt basert på aktuell skattesats, justert for endringar i utsette skattefordelar og utsett skatt som følge av mellombelse forskjellar og unytta skattemessige underskot.

Skattekostnaden er berekna i samsvar med dei skattemessige lovar og reglar som er fastsett, eller i hovudsak fastsett, på balansedagen av skattemyndigheitene i dei landa kor konsernet sine dotterselskap og tilknytte verksemder opererer og genererer skattemessig inntekt. Leiinga evaluerer skatteposisjonane i konsernet for kvar periode, med omsyn til situasjonar der gjeldande skattelover er gjenstand for fortolking, og sett av for forventa skattebetalingar.

Det er berekna utsett skatt på alle mellombelse forskjellar mellom skattemessige og konsoliderte rekneskapsmessige verdiar på eigendelar og gjeld, ved bruk av gjeldsmetoden. Likevel er det ikkje bokført utsett skatt dersom denne stammar frå den opphavlege verdsettinga av goodwill.

Utsett skatt vert heller ikkje ført dersom den stammar frå opphaveleg verdsetting av ein eigedel eller ei forplikting i ein transaksjon som ikkje er ei samanslåing, som på transaksjonstidspunktet korkje påverkar skattemessig eller rekneskapsmessig resultat. Utsett skatt/ skattefordel er verdsett ved bruk at skattesatsar (og lover) som er vedtekne eller hovudsakleg vedtekne ved utgangen av rapporteringsperioden, og som det er forventa vil vere gjeldande når den utsette skattefordelen vert realisert eller den utsette skatten vert gjort opp.

Utsett skattefordel vert balanseført i den grad det er truleg at det vil oppstå framtidig skattbar inntekt, og at dei mellombelse forskjellane kan trekkjast frå denne inntekta.

LEIGEAVTALAR
Leige av driftsmiddel der konsernet, som leigetakar, har en vesentleg del av risiko og avkasting knytt til eigedelen, vert klassifisert som finansielle leigeavtalar. Leigeavtalar der ein vesentleg del av risiko og avkasting knytt til eigarskap framleig ligg hos utleigar, vert klassifisert som operasjonelle leigeavtalar.

Leiebetaling ved operasjonelle leigeavtalar (med frådrag for eventuelle økonomiske insentiv frå utleigar) vert kostnadsført lineært over leigeperioden.

Leigeinntekter frå operasjonelle leigeavtaler der konsernet er utleigar vert inntektsført lineært over lengda på leigeavtala. Dei tilhøyrande eigedelane er balanseført og klassifisert i samsvar med dei ibuande eigenskapen til eigedelen.

NEDSKRIVING AV EIGENDELAR
Goodwill og immaterielle eigendelar med uavgrensa levetid vert ikkje avskrive og vert årleg testa for nedskriving. Testane skjer oftare dersom hendingar eller endringar i omstenda indikerer at det kan vere eit nedskrivingsbehov.

Andre eigendelar vert testa for nedskriving når omstenda indikerer at bokført verdi ikkje er høgare enn gjenvinningsbeløpet. Nedskrivingstapet består av forskjellen mellom bokført beløp og gjenvinningsbeløpet. Gjenvinningsbeløpet er det høgste av ein eigedel sin verkelege verdi med frådrag av avhendingskostnadar og bruksverdien av eigedelen. For vurdering av nedskriving, verdt eigendelar gruppert i dei minste kontantgenererande einingane med identifiserbare kontantstraum som er uavhengig av kontantstraumar frå andre eigendelar eller grupper av eigendelar (KGE). For ikkje-finansielle eigendelar utover goodwill som tidlegare har blitt nedskrive, vert det gjennomført vurdering av om tidlegare nedskrivingar burde reverserast ved årsslutt kvart år.

BANKINNSKOT, KONTANTAR OG LIKNANDE
For presentasjonsformål i kontantstraumsanalysen, består bankinnskot og kontantar av kontantar, depositum i finansinstitusjonar, andre kortsiktige og høglikvide investeringar med opphaveleg løpetid på tre månadar eller mindre som straks kan omsettast til kjende kontantbeløp og som er utsett for uvesentleg risiko for verdiendring.

KUNDEFORDRINGAR
Kundefordringar vert opphaveleg verdsett til verkeleg verdi og seinare målt til amortisert kost ved bruk av effektiv rentes metode, med fråtrekk for provisjon for nedskriving. Sjå note 11 for ytterlegare informasjon om konsernet sine bokførte kundefordringar og kredittrisiko.

VARELAGER
Varelager er bokført til lågaste verdi av anskaffingskost og netto realisasjonsverdi. Kostnadar knytt til kjøp av varer er med fråtrekk av rabattar og avslag. Netto realisasjonsverdi er estimert pris ved sal under normal drift.

FINANSIELLE INSTRUMENT
Eit finansielt instrument er kontraktar som gir opphav til ein finansiell eigede til eit selskap og en finansiell forplikting eller eigekapitalinstrument til eit anna selskap.

i) Finansielle eigendelar
Klassifisering og måling
Finansielle eigendelar blir klassifisert ved førstegongsinnrekning, og vidare målt til amortisert kost, verrkeleg verdi gjennom anna utvida inntekt (OCI), eller verdeleg verdi over resultatet.

Klassifiseringa av finansielle eigdelar er avhengig av de finansielle eiedelane sin kontantstraumkarakteristikk frå kontraktar og konsernets forretningsmodell for å styre desse. Med unntak av kundefordringar, som ikkje inneheld signifikante finansieringskomponentar eller som konsernet anser som praktisk hensiktsmessig, blir dei finansielle eiedelane i første omgang målt til verkeleg verdi pluss transaksjonskostnadar. Kundefordringar som ikkje inneheld ein vesentlig finansieringskompinent eller som konsernet anser som praktisk hensiktsmessig, målast til transaksjonsprisen som er fastsatt i IFRS 15. .

For at ein finansiell eigedel skal klassifiserast og målast til amortisert kost eller verkeleg verdi gjennom OCO, må det gi opphav til ein kontantstraum som er "utelukkande utbetalingar av hovudstol og renter (SPPI)"" på utestående hovudstol. Denne vurderinga er referert til som SPPI-testen og utførast på instrumentnivå.

Konsernets forretningsmodell for styring av finansielle eigendelar refererer til korleis dei finansielle instrumenta forvaltast for å generere kontantstraumar. Forretningsmodellen avgjer om kontantstraumar vil oppstå gjennom å samle kontrakstmessige kontantrtaumar, selje finansielle eigendelar, eller begge deler.

Vidare måling
For videre måling er finansielle eigendelar klassifisert i følgjande kategoriar:
- Til amortisert kost (gjeldsintrument)
- Til verkeleg verdi gjennom OCI med gjennvinning av akkumulerte gevisntar og tap (gjeldsinstrument)
- Til verkeleg verdi gjennom OCI utan gjennvining av akkumulerte gevinstar og tap ved avrekning (eigekapitalinstrument)
- Til verkeleg verdi over resultatet

Finansielle eigendelar til amortisert kost (gjeldsinstrument)
Konsernet måler finansielle eigendelar til amortisert kost dersom begge av dei følgjande krietia er oppfylt:
- Finansiell eigedel er haldt innanfor ein forretningsmodell med sikte på å halde finansielle eigendelar for å samle kontraktsmeddige kontantstraumar, og
- Kontraktsvilkåra for den finansielle eigedelen gir opphav til spesifiserte datoar til kontantstraumen som utelukkande utbetalast av hovuedstol og renter på utestående hovudstol.

Finansielle eigendelar til amortisert kost blir vidare målt gjennom bruk av effektiv rente (EIR)-metoda og er gjenstand for verdifall. Gevisnt og tap reknskapsførast når eigedelen blir avkalt, endra eller svekka. Konsernets finansielle eigendelar til amortisert kost inkluderer kundefordringar, lån til tilsette og andre langsiktige fordringar.

Finansielle eigendelar til verkeleg verdi over resultatet inkluserer finansielle eigendelar haldt for sal, finansielle eigendelar utpeikt ved første innregning til verkeleg verdi over resultatet, eller finansielle eigendelar der måling til verkeleg verdi er obligatorisk. Finansielle eigendelar klassifiserast som haldt til sal dersom dei er kjøpt med hensikt å selje eller tilbakekjøpe i nærmaste framtid. Derivater er også klassifisert som haldt for sal med mindre de er utpeika som effektiv sikringsinstrument.

Finansielle eigendelar med kontantstraumar som ikkje utelukkande utbetalast av hovudstol og renter klassifiserast og målast til verkeleg verdi over resultatet, uanvhengig av forretningsmodellen.

Finansielle eigendelar til verkeleg verdi over resultatet reknekspaførast i balansen til verkeleg verdi med netto endringar i verkeleg verdi innrekna i resultatrekneskapet. Kategorien inkluderar derivat og eigekapitalinstument som konsernet ikkje ugjenkalleleg hadde valt å klassifisere til verkeleg verdi gjennom OCI.

Avrekning
Ein finansiell eigedel vert primært utelaten når rettigheitane til å motta kontantstraumar frå eigedelen er gått ut eller konsernet har overført alt av risiko og fordelar av eigedelen.

Nedskriving av finansielle eigendelar
Konsernet reknar ein godjersle som forventa tap (ECL) for alle gjeldsinstrument som ikkje er haldt til verkeleg verdi over resutatet. ECLs er basert på forskjellen mellom kontraktsfesta kontantstraumar i følgje kontrakten og alle kontantstraumar som konsernet forventer å motta, diskontert med ein tilnærming av den oppreinnelege effektive renta.

Dei forventa kontantstraumane inkluderer kontantstraum frå sal av sikringar eller andre kredittforbedringar som er integrert i kontraktsvilkåra.

For kundefordringer og anleggsmidlar, brukar konsernet ein forenkla tilnærming til berekninga av ECL. Konsernet sporer difor ikkje endringar i kredittrisiko, men reknar heller ein tapstillating basert på livslang ECL på kvar rapporteringsdato.

ii) Finansielle forpliktingar
Klassifisering og måling
Finansielle forpliktingar klassifiserast som finansielle forpliktingar til verkeleg verdi over resultat, rentebærande gjelder, leverandørgjeld, eller som derivat utpeikt som sikringsinstrument i ein effektiv sikring, etter behov.

Finansielle forpliktingar reknast først til verkeleg verdi og netto av direkte transaksjonskostnadar, i tilfellet med rentebærande gjeld eller leverandørgjeld. Konsernets finansielle forpliktingar inkluderer handel og anna leverandørgjeld, rentebærande gjeld inkluderer bankkreditter og derivat.

Videre måling
Måling av finansielle forpliktingar avhenger av klassifisering. Nedanfor følgjer ei beskriving av disse:

- Finansielle forpliktingar til verkeleg verdi over retultatet inkluderar forpliktingar haldt for handel og finansielle forpliktingar utpeikt til verkeleg verdi i utgangspunktet.

Finansielle forpliktingar er klassifisert som haldt til handel dersom dei er skaffa med formål om gjenkjøp på kort sikt. Denne kategorien inkluderer også derivart inngått av konsernet som ikkje er utpeikt som sikringsinstrument i sikringsforhald som definert i IFRS 9. Separate innebygde derivat klassifiserast også som holdt for handel med mindre dei er utpeikt som effektive sikringsinstrument.

Gevinst eller tap på forpliktingar haldt for handel rekneskapsførast. Finansielle forpliktingar utpeikt til verkeleg verdi over resultatet i utgangspunktet er rekna inn ved førstegongsinnrekning dersom kriteriene i IFRS 9 er oppfylt. Konsernet har ikkje utpeikt nokon finansielle forpliktingar til verkeleg verdi over resultatet.

- Rentebærande gjeld
Etter førstegongsinntekning målast rentebærande gjelder til amortisert kost ved bruk av EIR-motoden. Gevinst og tap rekneskapsførast når forpliktinga blir avkalt, samt gjennom EIR-avskrivingsprosessen. Amortisert kost bereknast ved å ta hensyn til eventuell rabatt eller premie på anskaffing og avgjifter eller kostnadar som er integrert i EIR. EIR-avskrivingen inngår som finanskosntad i resultatrekkneskapen. For meir informasjon, sjå note 14.

Avrekning
Ein finansiell forplikting avreknast når plikta knytt til forpliktinga utløysast, kansellerast eller forfell. Når ein eksisterande finansiell forplikting er erstatta av ein anna frå samme utlånar på andre vilkår, eller at vilkåra for eksisterande forplikting er vesentlig modifisert, blir den opprinnelege forpliktinga fjerna og den nye blir rekna som ei ny forplikting. Forskjellen i det bokførte beløpet rekneskapsførast.

iii) Avsetjing av finansielle instrument
Finansielle eigendelar og finansielle forpliktingar er motrekna og nettobeløpet er rapportert i konsernrekneskapen for finansiell stilling dersom det eksisterer ein gjeldande rett til å oppvheve dei innrekna beløpa, og det er en intansjon om å avgjere nettoen for å realisere eigedelane og avgjere forpliktingane på same tid.

DERIVATIVE FINANSIELLE INSTRUMENT OG SIKRINGSAKTIVITETAR
Derivat vert opphaveleg innrekna til verkeleg verdi på dato for kontraktsinngåing og vert seinare målt til verkeleg verdi ved kvar periodeslutt. Rekneskapsføring av endringar i verkeleg verdi i seinare periodar er avhengig av om derivatet er designa som eit sikringsinstrument, og om dette er tilfelle, av det sikra elementet sine ibuande eigenskaper. Konsernet har ingen øyremerka sikringar, då konsernet sine derivat ikkje kvalifiserer for sikringsbokføring.

Den fullstendige verkelege verdien av sikringsderivat er klassifisert som langsiktige eigedel eller forplikting når forfall for

sikringsobjektet er meir enn 12 månadar fram i tid; den vert klassifisert som kortsiktig eigedel eller forplikting om forfall for det sikra objektet er under 12 månadar fram i tid. Handelsderivat vert klassifisert som kortsiktig eigedel eller forplikting.

VARIGE DRIFTSMIDDEL
Alle varige driftsmiddel er bokført til historisk kost med fråtrekk av nedskriving. Historisk kost inkluderer utgifter som knytt seg direkte til anskaffinga av driftsmiddelet. Konstaden kan òg omfatte overføring av vinst og tap på kvalifiserande kontantstraumsikring av utanlandsk valuta ved kjøp varige driftsmiddel.

Ytterlegare kostnadar, dersom høveleg, aktiverast på driftsmiddelet eller innreknast som ein eigen eigedel dersom det er sannsynleg at konsernet vil få ein straum av framtidige økonomiske fordelar knytt til eigedelen og kostnaden kan målast på ein påliteleg måte. Den bokførte verdien av komponentar som utgjer ein sjølvstendig eigedel vert tatt ut av balansen dersom den vert skifta ut. Anna vedlikehald og reparasjonar vert ført i resultatrekneskapen i den perioden kostnadane vert pådratt.

Metodar for avskriving og levetid som brukast av konsernet er skildra i note 10.

Eigedelen si gjenverande levetid vert vurdert og justert dersom det er naudsynt ved slutten av kvar rapporteringsperiode.
Ein eigedel sin bokførte verdi vert nedskrive til gjennvinningsbeløp med ein gong, dersom eigedelen sin bokførte verdi er høgare enn det estimerte gjennvinningsbeløpet (note 10).

Vinst og tap ved avhending vert fastsett ved å samanlikne vederlag mot bokført beløp. Beløpet inngår i resultatrekneskapen. Når verdijusterte eigendelar vert avhenda, er det konsernet sine retningslinjer at alle beløp knytt til den aktuelle eigedelen som tidlegare er ført over utvida resultat vert ført mot opptent eigenkapital.

EIGENDELAR HALDT FOR SAL
Konsernet klassifiserer eigendelar som haldt for sal dersom det bokførte beløpet blir gjenvunne hovudsakleg gjennom ein salstransaksjon i staden for gjennom fortsatt bruk. Eigendelar klassifisert som haldt for sal målast til lavaste av balanseført verdi og verkeleg verdi med frådrag av salskostnadar. Kostnadane ved sal er inkrementelle kostnadar direkte knytt til avhending av ein eigdel, eksklusive finansieringskostnadar og skattekostnad.

LEVERANDØRGJELD OG ANNA GJELD
Desse beløpa gjeld forpliktingar som knyt seg til varer og tenestar som er levert til konsernet før slutten av rekneskapsåret, men som ikkje er betalt. Beløpa er utan sikkerheit og vert normalt betalt innan 30 dagar frå innrekning. Leverandørgjeld og anna gjeld vert presentert som kortsiktig, med mindre dei forfell til betaling seinare enn 12 månadar etter rapporteringsperioden. Forpliktingane vert opphaveleg innrekna til verkeleg verdi og deretter målt til amortisert kost ved bruk av effektiv rentes metode.

LÅN
Lån vert opphaveleg innrekna til verkeleg verdi, med fråtrekk av transaksjonskostnadar knytt til opptaket. Lån vert deretter målt til amortisert kost. Forskjellar mellom utbetaling (med fråtrekk av transaksjonskostnadar) og innløysingsbeløpet vert innrekna i resultatrekneskapen gjennom låneperioden ved bruk av effektiv rentes metode.

Honorar betalt ved etablering av lånefasilitetar vert innrekna som transaksjonskostnadar knytt til lånet i det omfang det er sannsynleg at delar av eller heile fasiliteten vert trekt på. I så tilfelle vert honoraret utsett til det vert gjort trekk på fasiliteten. Viss det ikkje finst noko bevis på at det er sannsynleg at det vil trekkast på noko av eller heile fasiliteten, vert honoraret kapitalisert som ei forskotsbetaling for likviditetstenestar og amortisert over perioden fasiliteten er knytt til.

Lån vert fjerna frå balansen når forpliktinga som er spesifisert i avtale vert fjerna, kansellert eller er utgått. Forskjellen mellom den bokførte verdien av ei finansiell forplikting som har blitt sletta eller overført til ein annan part og der vederlaget er betalt, inkludert ein kvar overført ikkje-monetær eigedel eller forventa forpliktingar, vert innrekna i resultatrekneskapen under andre inntekter eller finanskostnadar.

Dersom vilkåra knytt til ei finansiell forplikting vert reforhandla og eininga utskriv eigenkapitalinstrument til ein kreditor for å slette alle delar av forpliktinga (gjeldskonvertering), vert det innrekna vinst eller tap. Dette vert målt som forskjellen mellom det bokførte beløpet av den finansielle forpliktinga og den verkelege verdien av det utskrivne eigenkapitalinstrumentet.

Lån klassifiserast som kortsiktig med mindre konsernet har ein rett, utan vilkår, til å utsette oppgjeret av lånet i minst 12 månadar etter rapporteringsperioden.

LÅNEKOSTNAD
Generelle og spesifikke lånekostnadar som er direkte knytt til overtaking, bygging eller framstilling av ein kvalifiserande eigedel vert kapitalisert i tida fram til den kvalifiserande eigedelen er klar til tiltenkt bruk eller sal. Kvalifiserande eigendelar er eigendelar som tar vesentleg tid å klargjere for planlagt bruk eller sal. Inntekter knytt til kortvarige investeringar av lån tiltenkt ein kvalifiserande eigedel, tent i perioden fram til det brukast på den kvalifiserande eigedelen, vert trekt frå lånekostnadane som vert kapitaliserte. Andre lånekostnadar kostnadsførast i perioden dei oppstår.

AVSETNINGAR
Avsetningar for juridiske krav, servicegarantiar og opprydningskrav vert innrekna når konsernet har eit noverande juridisk eller forventa krav som eit resultat av tidlegare hendingar, der det er sannsynleg at ei avgjerd vil føre til ein straum av ressursar ut av konsernet og at dette kan målast på ein påliteleg måte. Avsetningar vert ikkje innrekna for framtidige driftstap. Når det er fleire krav av tilsvarande karakter vert sannsynet for ein framtidig straum av ressursar ut av konsernet fastsett gjennom ei samla vurdering av krava. Avsetninga vert innrekna sjølv om sannsynet for ein straum av ressursar ut av konsernet knytta til eit av krava i den samla vurderinga isolert sett er låg.

Avsetningar vert målt til noverdi av leiinga sitt beste estimat av utgifta som må til for å gjere opp den noverande forpliktinga, på slutten av rapporteringsperioden. Diskonteringsrenta som brukast til å bestemme noverdien, er ei før-skatt rente som reflekterar tidsverdien av pengar og risikoen som spesifikt kan knyttast til kravet. Ei auke i avsetninga som følgje av tida som har gått, vert innrekna som ein rentekostnad.

YTINGAR TIL DEI TILSETTE
Konsernet har ulike pensjonsordningar, både bidragsplanar og innskotsplanar.

Pensjonsforplikting
Forpliktinga eller eigedelen innrekna i balansen knytt til bidragsbaserte pensjonsordningar er noverdien av forpliktinga frå bidragsordninga på balansedagen, med fråtrekk av verkeleg verdi av pensjonsmidla. Forpliktinga frå bidragsordninga vert årleg berekna av uavhengige aktuarar.

Noverdien av dei definerte bidraga vert bestemt ved å diskontere estimerte framtidige utbetalingar med renta på statsobligasjonar i same valuta som bidraga vil verte betalt og med ei løpetid som er tilnærma den same som løpetida for den relaterte pensjonsforpliktinga. Netto rentekostnad vert kalkulert ved å diskontere nettobalansen knytt til bidragsforpliktinga og den verkelege verdien av pensjonsmidla. Denne kostnaden er inkludert i lønnskostnaden i resultatrekneskapen.

Estimatavvik som skuldast ny informasjon eller endringar i dei aktuarmessige føresetnadane vert ført mot eigenkapitalen i utvida resultat i den perioden dei hender. Dei vert inkludert i opptent eigenkapital i balansen og i oppstillinga over endringar i eigenkapitalen. Endringar i noverdi av den bidragsbaserte pensjonsforpliktinga som følge av planendringar eller avkortingar ver innrekna i resultatrekneskapen med ein gong, som tidlegare pensjonsopptening.

I innskotsordningar betaler konsernet innskot til offentleg eller privat administrerte forsikringsplaner for pensjon på obligatorisk, avtalemessig eller friviljug basis. Konsernet har ingen ytterlegare betalingsforpliktingar etter at at innskota har blitt betalt. Innbetalingane vert kostnadsført fortløpande med omsyn til tidsmessig periodisering. Forskotsbetalte innskot er innrekna som ein eigedel i den grad ei motyting eller ein framtidig reduksjon i innbetalingar er mogleg.

UTBYTTE
Det vert avsett for beløp knytta til alle varsla utbytteutdelingar, som er vedteke og som eininga ikkje lenger har råderett over, i eller etter rapporteringsperioden, men som ikkje er delt ut på slutten av rapporteringsperioden.

RESULTAT PER AKSJE
(i) Ordinært resultat per aksje; Ordinært resultat per aksje er berekna ved å dele:

- fortenesten som kan tillegjast eigarane av selskapet
- på vekta gjennomsnitt av antall utestående ordinære aksjar gjennom rekneskapsåret, justert for bonuselement i ordinære aksjar utskrive gjennom året og med fråtrekk for eigne aksjar (note 9)

(ii) Utvatna resultat per aksje
- Utvatna resultat per aksje tek utgangspunkt i tala brukt for fastsetting av ordinær forteneste per aksje, justert for
- Effekten av renter og andre finanskostnadar etter skatt knytt til aksjar med moglegheit for utvatning
- Vekta gjennomsnitt av ytterlegare aksjar som ville vore utestående dersom ein tar høgde for konvertering av alle aksjar med moglegheit for utvatning.

NOTE 2 VESENTLIGE REKNESKAPSVURDERINGAR, ESTIMAT OG FØRESETNADER

Utarbeidinga av konsernet sitt konsoliderte rekneskap krev at leiinga gjer skjønnsmessige vurderingar og nyttar estimat og føresetnader som påverkar rapporterte beløp av inntekter, kostnadar, eigendelar og forpliktingar, og dei tilhøyrande presentasjonane, i tillegg til presentasjon av vilkårsbundne forpliktingar. Uvisse rundt desse føresetnadene og estimata kan resultere i utfall som krev vesentlege korrigeringar av bokførte beløp av eigendelar eller forpliktingar påverka i framtidige periodar.

VURDERINGAR

I utarbeidinga av konsernrekneskapen har leiinga gjort følgande vurderingar, som har vesentleg effekt på bokførte beløp i rekneskapen:

1) INNTEKTSFØRING

Som skildra i note 14, har konsernet bokført inntekter på NOK 46 millionar i 2018 (2017: NOK 31 millionar) relatert til kompensasjon motteke for å dekke inntektstap som følgje av endringar i dei opphavelege kontraktsføresetnadene som rabattar og prisstrukturar. Storleiken på kompensasjonen er ikkje endeleg fastsatt, som gjer at konsernet seinare kan kome til å få tilleggskompensasjon eller få krav om tilbakebetaling av allereie motteke kompensasjon. Motteke kompensasjon er bokført som inntekt i perioden kompensasjonen er utbetalt, då dette representerer konsernet sitt beste estimat på forventa kompensasjonsinntekter.

2) NEDSKRIVING AV IKKJE-FINANSIELLE EIGENDELAR

Ved kvar periodeslutt vurderer konsernet om det eksisterer nedskrivingsindikatorar. Om det vert identifisert slik indikatorar, eller når det for konkrete eigendelar er påkravd årleg nedskrivingstest, estimerer konsernet gjenvinningsverdien av eigedelen.

Ei nedskriving for andre eigendelar enn goodwill bokført i tidlegare periodar, skal reverserast berre dersom det har skjedd ei endring i estimatet nytta for å fastslå bruksverdi av eigedelen sidan førre nedskriving vart identifisert. Om dette er tilfelle, skal bokført verdi aukast til gjenvinningsverdien av den aktuelle eigedelen.

Den bokførte verdien av konsernets skip representerar ein vesentleg andel av dei samla eigedelane i balansen. Følgeleg har retningslinjer og estimat knytt til fartøya ein betydeleg innverknad på konsernrekneskapet.

Konsernet har fastsett at det eksisterte nedskrivings-indikatorar som driftsunderskot for eigendelar, når ein legg saman årets rekneskapstal med budsjetterte tal for dei neste periodane. Basert på dette har konsernet utført nedskrivingsvurdering på kvar rapporteringsdato (31. desember 2017 og 31. desember 2018).

Nedskrivingstesten er basert på verkeleg verdi med frådrag frå avhendingskostnadar. Kvar ferjekontrakt, inkludert avrekna fartøy frå ferjekontrakta, er rekna å være kontantgenererande(CGU). Ved berekning av verkeleg verdi nyttar konsernet kontantstraumprognoser for gjenværande kontraktsperiode og estimerar restverdiar ved slutten av kvar kontrakt. Forventa kontantstraumar er basert på siste EBITDA-prognose, tatt kontraktsvilkår og prognostiserte driftskostnadar i betrakting samt prognostiserte vedlikehaldsinvesteringar.

Ved kontraktsslutt har konsernet estimert realisasjonsverdi for kvart fartøy. Verkeleg verdi er basert på gjennomsnittet av to eksterne meklarestimat på balansedagen justert for inflasjon og forventa avskriving i gjenværande kontraktsperiode. Meklarverdiane er basert på "villig seljar og villig kjøpar" og på kontraktsfri basis.

Totalsummen av dagens verdi av kontraktane og dagens verdi av dei estimerte realiserbare verdiane av kontakta på slutten av kontraktsperioda, blir ansett til å være være konsenets anslag på verkeleg verdi med frådrag for avsetningskostnadar.

Vekta gjennomsnittleg kapitalkostnad (WACC) brukast som diskonteringsrente i berekninga av noverdien av kontraktane, og reflekterar ein normalisert kapitalstruktur for næringa. WACC representerar avkastinga konsernet forventa å betale til sine finansieringskjelder for kontantstraumar med tilsvarande risiko. Kontantstraumar er berekna etter skatt og diskontert med ein diskonteringsrente etter skatt. Den norminelle WACC som brukaast i berekninga er 7,0%.

Sensitivitetsanalyse er utført for dei viktigaste foresetnadane i vurderinga, inkludert WACC, EBITDA og restverdi.

Det visast til note 10 for ytterlegare detaljar.

3) OPERASJONELLE LEIGEAVTALAR - KONSERNET SOM LEIGETAKAR
Konsernet leiger enkelte ekspressbåtar for bruk i passasjerbåtsegmentet. Basert på ei evaluering av vilkår i avtalane, som at leigeperioden ikkje utgjer ein betydeleg del av den økonomiske levetida til fartøya og at noverdi av minimum leigebeløp ikkje utgjer ein vesentleg del av verkeleg verdi av fartøya, har konsernet vurdert desse avtalane som operasjonelle leigeavtaler.

4)) BIDRAGSBASERTE PENSJONSORDNINGAR
Kostnaden knytt til bidragsbaserte pensjonsordningar og noverdien av pensjonsforpliktinga vert fastsett ved bruk av aktuarmessige berekningar. Den aktuarmessige vurderinga involverer ulike føresetnader som kan avvike frå faktisk framtidig utvikling. Desse inkluderer blant anna diskonteringsrente, framtidig lønnsvekst, dødelegheitsrate og framtidig vekst i pensjon. Som følge av kompleksiteten i berekningane og dei ibuande langsiktige eigenskapane av forpliktingane, er bidragsbaserte pensjonsordningar svært sensitive for endringar i desse føresetnadane. Alle nytta føresetnader vert evaluert på balansedagen.

NOTE 3 SEGMENTINFORMASJON

Konsernet leverer ferje- og passasjerbåttenester, catering og turisttenester. Driftssegment vert rapportert på same måte som ved intern rapportering til verksemda sin øvste slutningstakar. Verksemda sin øvste slutningstakar, som er ansvarleg for allokering av ressursar og vurdering av inntening i driftssegmenta, er definert som verksemda sitt styre. Styret vurderer konsernet sine prestasjonar frå eit serviceperspektiv. Segmentprestasjon vert vurdert basert på forteneste eller tap og vert målt på same måte som forteneste eller tap i den konsoliderte rekneskapen.

Konsernet har fire rapporterande segment:
- Ferje
- Passasjerbåt
- Catering
- Turisme

Ingen driftssegment har blitt slått saman for å danne dei rapporterande segmenta ovanfor. Finansiering (inkludert finanskostnad, finansinntekt og vinst eller tap frå del i Widerøe) og inntektsskatt vert styrt på konsernbasis og vert ikkje allokert til driftssegmenta. Segmentrapporteringa er levert på prinsipp etter NGAAP.

Alle av konsernet sine aktivitetar vert utførte i Noreg. Det er ingen einskild kunde som står for meir enn 10% av omsetnaden.

Rekneskapsåret avslutta 31. desember 2018

Beløp i NOK 1 000	Ferje	Passasjer-båtar	Catering	Turisme	Sum segment	Anna og elimineringer	Konsern
Salsinntekt							
Eksterne kundar	2 759 778	104 541	191 623	22 500	3 078 442	23 606	3 102 048
Sum inntekter	**2 759 778**	**104 541**	**191 623**	**22 500**	**3 078 442**	**23 606**	**3 102 048**
Del av vinst frå tilknytt verksemd	(1 774 310)	(101 473)	(157 549)	(22 961)	(2 056 293)	(6 339)	(2 062 632)
Andre driftskostnadar ekskl. avskriving og nedskriving		3 450		8 344	11 794		11 794
EBITDA	**985 467**	**6 519**	**34 074**	**7 884**	**1 033 943**	**17 267**	**1 051 210**
Avskriving	(295 268)	(5 476)	(2 932)	(831)	(304 506)	(2 073)	(306 579)
Nedskriving/Reversering av nedskriving	561				561		561
Segmentoverskot	**690 199**	**1 043**	**31 142**	**7 053**	**729 437**	**15 194**	**745 193**

Rekneskapsåret avslutta 31. desember 2017

Beløp i NOK 1 000	Ferje	Passasjer-båtar	Catering	Turisme	Sum segment	Anna og elimineringer	Konsern
Salsinntekt							
Eksterne kundar	2 474 827	95 356	188 536	20 062	2 778 781	15 356	2 794 136
Sum inntekter	**2 474 827**	**95 356**	**188 536**	**20 062**	**2 778 781**	**15 356**	**2 794 136**
Del av vinst frå tilknytt verksemd	(1 551 564)	(95 506)	(152 326)	(19 226)	(1 818 622)	(10 900)	(1 829 523)
Andre driftskostnadar ekskl. avskriving og nedskriving		2 359		17 569	19 928	713	20 641
EBITDA	**923 263**	**2 208**	**36 210**	**18 405**	**980 086**	**5 169**	**985 253**
Avskriving	(241 965)	(5 214)	(3 444)	(299)	(250 922)	(1 730)	(252 652)
Nedskriving/Reversering av nedskriving							
Segmentoverskot	**681 298**	**(3 006)**	**32 766**	**18 106**	**729 164**	**3 439**	**732 601**

Oppstilling av konsernresultatet	2018	2017
Segmentoverskot	745 193	732 601
Del av overskot frå anna tilknytt verksemd	975	42 963
Nedskriving/Reversering av nedskriving		
Renteinntekt	3 496	4 692
Rentekostnad	(113 078)	(82 865)
Andre finanspostar, netto	38 166	18 135
Skattekostnad	(134 464)	(112 895)
Konsernresultat	**540 289**	**602 633**

Spesifisering av inntekter	2018	2017
Frakt av bilar og passasjerar	2 864 319	2 570 183
Catering	191 623	188 536
Turisme	22 500	20 062
Anna	23 606	15 356
Totale inntekter	**3 102 048**	**2 794 136**

NOTE 4 INVESTERINGAR I ANDRE VERKSEMDER

VESENTLEGE DOTTERSELSKAP

Konsernet sine vesentlege dotterselskap per 31. desember 2018 er lista opp nedanfor. Om ikkje anna er opplyst, har dotterselskapa kapital som i sin heilskap består av ordinære aksjar som er eigd direkte av konsernet, og det er samsvar mellom konsernet sin eigardel og stemmerett.

Selskap	Forretnings-stad	Eigardel	Eigardel haldt av minoritet	Hovudverksemd
Hareid Trafikkterminal AS	Hareid	63 %	37 %	Eigedomsforvaltning
F1 Administrasjon AS	Florø	100 %	0 %	Konsernadministrasjon
Bolsønes Verft AS	Molde	100 %	0 %	Verft
ÅB Eigedom AS	Årdal	66 %	34 %	Eigedomsforvaltning
Måløy Reisebyrå AS	Måløy	100 %	0 %	Reisebyrå
Fanafjord AS	Florø	100 %	0 %	Holdingselskap
Nye Fanafjord AS	Florø	100 %	0 %	10% er eigd av Fanafjord AS, som er 100% kontrollert av konsernet

INVESTERINGAR I TILKNYTT OG FELLESKONTROLLERT VERKSEMD

Nedanfor følgjer ei oversikt over tilknytt og felleskontrollert verksemd i konsernet per 31. desember 2018 som, etter leiinga si vurdering, er vesentlege for konsernet. Einingane lista nedanfor har aksjekapital som i sin heilskap består av ordinære aksjar som er eigd direkte av konsernet, og konsernet sin eigardel er samsvarande med konsernet sin stemmerett.

				Bokført verdi	
Selskap	Eigardel	Relasjon	Målemetode	31.12.2018	31.12.2017
The Fjords Fartøy I DA	50,0 %	Tilknytt verksemd	Eigenkapitalmetoden	15 742	15 771
The Fjords Fartøy II DA	50,0 %	Tilknytt verksemd	Eigenkapitalmetoden	19 568	17 974
The Fjords Fartøy III DA	50,0 %	Tilknytt verksemd	Eigenkapitalmetoden	8 750	
Sognefjorden Farty I AS	50,0 %	Tilknytt verksemd	Eigenkapitalmetoden	579	579
The Fjords DA	50,0 %	Tilknytt verksemd	Eigenkapitalmetoden	4 944	20 429
Fjord Tours AS	30,6 %	Tilknytt verksemd	Eigenkapitalmetoden	12 164	8 622
Geiranger Fjordservice AS	30,2 %	Tilknytt verksemd	Eigenkapitalmetoden	7 169	6 219
Partsrederiet Kystekspressen ANS	49,0 %	Tilknytt verksemd	Eigenkapitalmetoden	26 365	24 630
WF Holding AS*	34,0 %	Tilknytt verksemd	Eigenkapitalmetoden	296 114	314 359
Investeringar i tilknytt og felleskontrollert verksemd				**391 393**	**408 581**

*WF Holding AS eig 100 % av aksjane i Widerøe's Flyveselskap AS. Selskapet er kontrollert av Torghatten ASA, som utarbeidar konsolidert rekneskap som inkluderer WF Holding AS. Konsernrekneskapen for Torghatten ASA er tilgjengeleg hos selskapet sitt hovudkontor i Havnegata 40, 8900 Brønnøysund. Som følgje av dette er Fjord1 sin del av vinst og tap i Wideroe 34%

FORPLIKTINGAR OG VILKÅRSBUNDNE FORPLIKTINGAR TIL TILKNYTTE VERKSEMDER

Som deltakar i The Fjords DA, The Fjords Fartøy I DA, The Fjords Fartøy II DA og The Fjords Fartøy III DA, er konsernet solidarisk ansvarleg for alle forpliktingar tilhøyrande desse verksemdene.

OPPSUMMERING AV FINANSIELL INFORMASJON ANGÅANDE TILKNYTT OG FELLESKONTROLLERT VERKSEMD

Tabellane nedanfor viser den finansielle informasjonen knytt til dei felleskontrollerte verksemdene som er vesentlege for konsernet. Informasjonen reflekterer beløp som vert presentert i rekneskapen til dei aktuelle felleskontrollerte verksemdene, og ikkje konsernet sin del av desse beløpa. Beløpa er endra for å reflektere justeringar einingane har utført ved bruk av eigenkapitalmetoden, inkludert verkeleg verdi-justeringar og endringar som følge av forskjellar i rekneskapsprinsipp.

Balanse	WF Holding Group		The Fjords DA	
Beløp i NOK 1 000	**31.12.2018**	**31.12.2017**	**31.12.2018**	**31.12.2017**
Bankinnskot, kontantar og liknande	30 294	1 362	429	15 314
Andre omløpsmiddel	556 336	583 786	11 093	11 319
Sum omløpsmiddel	**586 630**	**585 148**	**11 522**	**26 633**
Anleggsmiddel	**2 822 817**	**2 089 459**	**12 573**	**11 957**
Leverandørgjeld	160 957	205 857	7 206	2 909
Anna kortsiktig gjeld	927 077	777 961	10 295	1 675
Sum kortsiktig gjeld	**1 088 034**	**983 818**	**17 501**	**4 584**
Gjeld til kredittinstitusjonar	1 240 610	593 990		
Anna langsiktig gjeld	174 018	172 216		
Sum langsiktig gjeld	**1 414 628**	**766 206**		
Netto eigendelar	**906 785**	**924 584**	**6 594**	**34 007**
Avstemming mot bokført verdi				
Netto eigendelar 1. januar	924 584	884 260	40 859	23 013
Årsresultat	2 869	99 319	(6 733)	30 859
Andre inntekter	(6 531)	(8 996)		
Utbetalt utbytte	(50 000)	(50 000)	(24 236)	(13 013)
Netto eigendelar 31. desember	**870 922**	**924 584**	**9 890**	**40 859**
Konsernet sin del i %	34,0 %	34,0 %	50 %	50 %
Konsernet sin del i NOK 1 000	296 114	314 358	4 945	20 430
Bokført verdi	**296 114**	**314 358**	**4 945**	**20 430**

Avstemming av totalresultatet

Beløp i NOK 1 000				
Salsinntekt	4 720 977	4 448 559	176 234	150 223
Driftskostnadar	(4 276 733)	(3 939 394)	(179 880)	(117 899)
Avskriving og nedskriving	(324 930)	(300 807)	(2 947)	(1 468)
Netto finanspostar	(128 179)	(77 430)	(140)	3
Skattekostnad	11 733	(31 609)		
Årsresultat	**2 869**	**99 319**	**(6 733)**	**30 859**
Andre inntekter	(6 531)	(8 996)		
Totalresultat for året	**(3 662)**	**90 323**	**(6 733)**	**30 859**

Balanse	The Fjords Fartøy I DA		Partsrederiet Kystekspressen ANS	
Beløp i NOK 1 000	**31.12.2018**	**31.12.2017**	**31.12.2018**	**31.12.2017**
Bankinnskot, kontantar og liknande	70	1 596	24 219	12 133
Andre omløpsmiddel	403	794	11 764	12 738
Sum omløpsmiddel	**474**	**2 390**	**35 983**	**24 872**
Anleggsmiddel	**88 816**	**93 998**	**126 581**	**136 368**
Leverandørgjeld	95	3 060	19 261	13 278
Anna kortsiktig gjeld	3 555	4 016	6 267	11 008
Sum kortsiktig gjeld	**3 651**	**7 076**	**25 528**	
Gjeld til kredittinstitusjonar	53 550	57 750		
Anna langsiktig gjeld			83 232	88 690
Sum langsiktig gjeld	**53 550**	**57 750**	**83 232**	**88 690**
Netto eigendelar	**32 089**	**31 564**	**53 803**	**48 262**
Avstemming mot bokført verdi				
Netto eigendelar 1. januar	31 544	30 951	50 263	43 449
Årsresultat	(59)	593	7 041	6 814
Andre inntekter				
Utbetalt utbytte			(3 500)	
Netto eigendelar 31. desember	**31 485**	**31 544**	**53 804**	**50 263**
Konsernet sin del i %	50,0 %	50,0 %	49%	49%
Konsernet sin del i NOK 1 000	15 743	15 772	26 366	24 629
Bokført verdi	15 743	15 772	26 366	24 629
Avstemming av totalresultatet				
Beløp i NOK 1 000				
Salsinntekt	8 750	8 495	145 166	137 592
Driftskostnadar	(1 817)	(837)	(122 666)	(113 812)
Avskriving og nedskriving	(5 152)	(5 030)	(13 293)	(14 591)
Netto finanspostar	(1 840)	(2 035)	(2 167)	(2 375)
Skattekostnad				
Årsresultat	**(59)**	**593**	**7 041**	**6 814**
Andre inntekter				
Totalresultat for året	**(59)**	**593**	**7 041**	**6 814**

Balanse	The Fjords Fartøy II DA		The Fjords Fartøy III DA	
Beløp i NOK 1 000	**31.12.2018**	**31.12.2017**	**31.12.2018**	**31.12.2017**
Bankinnskot, kontantar og liknande	1 464	734	37	
Andre omløpsmiddel	11	134	31	
Sum omløpsmiddel	**1 475**	**868**	**68**	
Anleggsmiddel	**125 978**	**85 045**	**17 543**	
Leverandørgjeld	136	334	129	
Anna kortsiktig gjeld	5 733	2 402		
Sum kortsiktig gjeld	**5 868**	**2 736**	**129**	
Gjeld til kredittinstitusjonar	81 200	47 230		
Anna langsiktig gjeld				
Sum langsiktig gjeld	**81 200**	**47 230**		
Netto eigendelar	**40 385**	**35 947**	**17 482**	

Avstemming mot bokført verdi

Netto eigendelar 1. januar	35 947		
Årsresultat	(61)	(53)	(18)
Andre inntekter			
Utbetalt utbytte	3 250	36 000	17 520
Netto eigendelar 31. desember	**39 136**	**35 947**	**17 502**
Konsernet sin del i %	50,0 %	50,0 %	50,0 %
Konsernet sin del i NOK 1 000	19 568	17 974	8 751
Bokført verdi	19 568	17 974	8 751

Avstemming av totalresultatet

Beløp i NOK 1 000			
Salsinntekt	7 867		
Driftskostnadar	(1 990)	(54)	(18)
Avskriving og nedskriving	(4 008)		
Netto finanspostar	(1 930)	1	0
Skattekostnad			
Årsresultat	**(61)**	**(53)**	**(18)**
Andre inntekter			
Totalresultat for året	**(61)**	**(53)**	**(18)**

Balanse	Geiranger Fjordservice AS	
Beløp i NOK 1 000	**31.12.2018**	**31.12.2017**
Bankinnskot, kontantar og liknande	5 943	12 680
Andre omløpsmiddel	437	4 134
Sum omløpsmiddel	**6 380**	**16 815**
Anleggsmiddel	**30 556**	**2 913**
Leverandørgjeld	616	994
Anna kortsiktig gjeld	2 197	2 039
Sum kortsiktig gjeld	**2 813**	**3 034**
Gjeld til kredittinstitusjonar	13 958	
Anna langsiktig gjeld	500	200
Sum langsiktig gjeld	**14 458**	**200**
Netto eigendelar	**19 666**	**16 494**

Avstemming mot bokført verdi

Netto eigendelar 1. januar	20 592	7 046
Årsresultat	2 933	13 546
Andre inntekter		
Utbetalt utbytte		
Netto eigendelar 31. desember	**23 526**	**20 592**
Konsernet sin del i %	30,2 %	30,2 %
Konsernet sin del i NOK 1 000	7 168	6 219
Bokført verdi	7 168	6 219

Avstemming av totalresultatet

Beløp i NOK 1 000		
Salsinntekt	30 530	24 216
Driftskostnadar	(24 653)	(9 931)
Avskriving og nedskriving	(1 809)	(833)
Netto finanspostar	(274)	95
Skattekostnad	(861)	
Årsresultat	**2 933**	**13 546**
Andre inntekter		
Totalresultat for året	**2 933**	**13 546**

Individuelt uvesentlege tilknytte verksemder

I tillegg til verksemdene presentert ovanfor, har konsernet også investeringar i Sognefjorden Farty I AS og Fjord Tours AS som er vurdert å vere uvesentleg og er bokført etter eigenkapitalmetoden.

	2018	**2017**
Bokført verdi av uvesentleg tilknytt verksemd	12 739	9 199
Årsresultat	10 892	5 661

ANDEL AV RESULTAT FRÅ TILKNYTTA VERKSEMDER

Andel av resultat frå tilknytta verksemder er rekna enten som del av driftsresultat eller som del av netto finansposter basert på egarskapets art i tilknytta verksemd. Tilknytta selskap som er leverandørar eller kundar i konsernet klassifiserast som driftsaktivitetar.

	2018	2017
The Fjords DA	(3 367)	12 003
The Fjords Fartøy I DA	(29)	307
The Fjords Fartøy II DA	(31)	(27)
Sognefjorden Farty I AS	-	(2 443)
Fjord Tours AS	10 892	8 104
Geiranger Fjordservice AS	879	338
PR Kystekspressen ANS	3 450	2 359
Andel av resultat frå tilknytta verksemder som klassifiserast som driftsaktivitetar	**11 794**	**20 641**
WF Holding AS	975	42 963
Andel av resultat frå tilknytta verksemd som klassifiserast som finanspost	**975**	**42 963**

NOTE 5 INNTEKTER

Inntekter frå kontraktar med kundar

Konsernet har inntekter frå drifta av ferjer og passasjerbåtar. Det eksisterer to typar kontraktar:
- Bruttokontrakter: Kunden tek risikoen knytt til passasjervolum. Konsernet mottek ein fast årslig prisindeksjustert avgift. Beløpet moteke frå kvart kontraktsår er avhengig av antall planlagte reiser.
- Nettokontrakter: Konsernet tek risikoen knytt til passasjervolum og mottek ei fast avgift frå kunden i tillegg til inntekene frå sal av billetter til passasjerer.

I cateringsegmentet er inntektene innrekna når varene blir seld.

Spesifikasjon av inntekter per segment

2018

Beløp i NOK 1 000	Ferje	Passasjer-båtar	Catering	Turisme	Anna	Sum
Inntekter frå kontrakter på ferjer og passasjerbåter, inntekter frå bruttokontrakter	1 673 670	104 541				1 778 211
Inntekter frå kontrakter på ferjer og passasjerbåter, inntekter frå nettokontrakter	457 663					457 663
Frakt av passasjerar under nettokontrakter	622 515					622 515
Sal av mat og drikke			191 623		1 023	192 646
Anna inntekt					9 911	9 911
Total inntekt	**2 753 848**	**104 541**	**191 623**		**10 934**	**3 060 946**
Leigeinntekt				22 500	4 823	27 323
Gevinst/(tap) ved avhending av varige driftsmiddel					7 018	7 018
NO_x-refusjon	5 930					5 930
Anna driftsinntekt					831	831
Sum anna driftsinntekt	**5 930**			**22 500**	**12 672**	**41 102**

2017

Beløp i NOK 1 000	Ferje	Passasjer-båtar	Catering	Turisme	Anna	Sum
Inntekter frå kontrakter på ferjer og passasjerbåter, inntekter frå bruttokontrakter	1 356 695	95 356				1 452 051
Inntekter frå kontrakter på ferjer og passasjerbåter, inntekter frå nettokontrakter	439 767					439 767
Frakt av passasjerar under nettokontrakter	658 945					658 945
Sal av mat og drikke			188 536		253	188 789
Anna inntekt					8 597	8 597
Total inntekt	**2 455 407**	**95 356**	**188 536**		**8 850**	**2 748 149**
Leigeinntekt	12 854			20 062	2 152	35 068
Gevinst/(tap) ved avhending av varige driftsmiddel	4 403					4 403
NO_x-refusjon	2 163					2 163
Anna driftsinntekt					4 354	4 354
Sum anna driftsinntekt	**19 420**			**20 062**	**6 506**	**45 988**

Sikra inntekter på langsiktige ferjekontrakter

Tabellen nedanfor viser sikra inntekter på langsiktiger ferjekontrakter.
Beløpet oppgitt inkluderar ikkje variabel vurdering.

Beløp i NOK 1 000	2019	2020	2021	2022-2025	2026-2033	Sum
Beløp i transaksjonen tildelt langsiktige ferjekontrakter	2 348	2 544	2 481	8 823	8 079	24 274

NOTE 6 LØNN OG SOSIALE KOSTNADAR

Beløp i NOK 1 000	2018	2017
Lønn	785 464	758 349
Arbeidsgjevaravgift	112 416	112 700
Pensjonskostnadar	59 524	53 745
Andre ytingar	47 576	21 559
Sum lønnskostnadar	**1 004 979**	**946 354**
Antal sysselsette årsverk	1 264	1 204

Ordningane er dekte gjennom forsikringsselskap og KLP. Norske verksemder er pålagde å følgje krava i lov om obligatorisk tenestepensjon, og konsernet sine pensjonsordningar tilfredsstillar desse krava.

NOTE 7 ANDRE INNTEKTER OG KOSTNADAR

Denne noten viser ei nedbryting av innhaldet i andre driftskostnadar og andre netto finanspostar.

Andre driftskostnadar

Beløp i NOK 1 000	2018	2017
Hamneavgifter, sanitærkostnadar og andre ruterelaterte kostnadar	37 064	29 029
Reparasjon og vedlikehald	195 116	186 999
Driftskostnadar fartøy	173 273	153 025
Andre driftskostnadar	78 200	80 569
Sum andre driftskostnadar	**483 653**	**449 621**

Andre finanspostar, netto

Beløp i NOK 1 000	2018	2017
Endring i verkeleg verdi på derivat	47 724	17 592
Gevinst på valuta	605	1 022
Tap på baluta	(501)	(1 506)
Utbytte	92	5 819
Gevinst/tap knytt til realisasjon av investeringar i aksjar	75	
Nedskriving av investering i aksjar	(400)	
Avgift til forplikingar	(10 692)	
Anna finansinntekt	1 264	250
Andre finanskostnadar		(5 043)
Sum andre finanspostar, netto	**38 166**	**18 135**

NOTE 8 SKATT

Spesifikasjon av skattekostnad på ordinært resultat

Beløp i NOK 1 000	2018	2017
Betalbar skatt	92 719	40 055
Justering i tidlegare års betalbare skatt	(5 185)	
Skatteeffekt av konsernbidrag		
Endring i utsett skatt / skattefordel	46 930	72 840
Årets totale skattekostnad	**134 464**	**112 895**

Avstemming av nominell og effektiv skattesats:

Beløp i NOK 1 000	2018	2017
Resultat før skatt	672 532	715 527
Skattesats til skattesats i Noreg (25 %)	**154 682**	**171 727**
Resultatført skattekostnad	134 464	112 895
Avvik mellom forventa og resultatført skattekostnad	**20 219**	**58 832**
Endring i skattesats	21 755	18 799
Permanente forskjellar	(6 719)	40 034
Justering for tidlegare års betalbare skatt	5 185	
Konsernbidrag		
Avvik mellom forventa og resultatført skattekostnad	**20 219**	**58 832**

Spesifikasjon av grunnlag for utsett skatt

	2018	2017
Tomter, bygningar og annan fast eigedom	2 105 738	1 854 981
Fordringar	(937)	(984)
Gevinst- og tapskonto	87 977	104 566
Andelar i deltakarliknande verksemd	(5 846)	(16 272)
Pensjonsforplikting	(23 282)	(23 671)
Derivat	20 757	(38 754)
Mellombelse skilnader	**2 184 407**	**1 879 866**
Underskot til framføring	(8 880)	
Grunnlag for utsett skatt / skattefordel i balansen	**2 175 526**	**1 879 866**
Utsett skatt / skattefordel	478 616	432 369
Utsett skattefordel i rekneskapen	**19 148**	**18 327**
Utsett skatt i rekneskapen	**497 763**	**450 696**
Nettoposisjon	**478 616**	**432 369**

Avstemming av endring i utsett skatt

	2018	2017
Opningsbalanse	432 369	360 947
Endringar i ordinært resultat	46 930	72 840
Endringar i utvida resultat	(683)	(1 417)
Andre endringar		
Utgåande balanse	**478 615**	**432 369**

NOTE 9 RESULTAT PER AKSJE

Ordinært og utvatna resultat per aksje er det same, då det ikkje eksisterer konvertible obligasjonslån eller aksjeopsjonsplanar. Resultat per aksje er rekna ut ved å dele den delen av årsresultatet som er tilordna selskapet sine aksjonærar, med eit vekta gjennomsnitt av talet på utskrivne ordinære aksjar gjennom året.

7. juli 2017 blei selskapet danna om frå eit aksjeselskap (AS) til eit allmennaksjeselskap (ASA). Etter omdanninga er talet på aksjar 100 000 000, mot 100 000 før omdanninga. Ved utrekninga av resultat per aksje er det nye talet lagt til grunn.

	2018	2017
Aksjonærane i Fjord1 ASA sin del av resultatet	538 660	602 148
Gjennomsnittleg tal på ordinære aksjar	99 988 308	100 000 000
Resultat per aksje	**5,39**	**6,02**

NOTE 10 VARIGE DRIFTSMIDDEL

2018	Fartøy	Periodisk vedlikehald	Fartøy under oppføring	Bygningar, eigedom og tomt	Infrastruk-tur under oppføring	Drifts-lausøyre, reiskap, inventar m.m.	Sum varige driftsmiddel
Anskaffingskost 01.01.2018	5 899 137	210 987	679 639	135 912		186 295	7 111 970
Tilgangar		72 887	1 564 887	45 122	200 682	17 657	1 901 235
Overført frå fartøy under oppføring	1 585 181	63 206	-1 648 387				
Reklassifisert til haldt for sal	-353 805	-9 373					-363 178
Avgangar	-17 849			-4 641		-2 367	-24 857
Ansaffingskost 31.12.2018	**7 112 664**	**337 707**	**596 138**	**176 393**	**200 682**	**201 586**	**8 625 170**
Akkumulerte ordinære avskrivingar 01.01.2018	2 433 527	93 473		50 209		161 347	2 738 556
Årets avskrivingar	239 599	49 605		8 764		8 609	306 577
Reklassifisert til haldt for sal	-104 739	-865					-105 604
Avgangar	-15 676			-2 069		-2 240	-19 985
Akkumulerte avskrivingar 31.12.2018	**2 552 711**	**142 213**		**56 904**		**167 716**	**2 919 544**
Akkumulerte nedskrivingar 01.01.2018	192 029						192 029
Årets nedskrivingar	84 064						84 064
Reklassifisert til haldt for sal	-84 064						-84 064
Reversering tidlegare års nedskrivingar	-84 625						-84 625
Akkumulerte nedskrivingar 31.12.2018	**107 404**						**107 404**
Bokført verdi 31.12.2018	**4 452 549**	**195 494**	**596 138**	**119 489**	**200 682**	**33 870**	**5 598 220**

2017	Fartøy	Periodisk vedlikehald	Fartøy under oppføring	Bygningar, eigedom og tomt	Drifts-lausøyre, reiskap, inventar m.m.	Sum varige driftsmiddel
Anskaffingskost 01.01.2017	5 935 660	204 880	117 700	128 634	174 537	6 561 410
Tilgangar	41 405	53 564	625 450	7 278	12 575	740 272
Overført frå fartøy under oppføring	63 511		-63 511			
Avgangar	-141 439	-47 457			-817	-189 713
Anskaffingskost 31.12.2017	**5 899 137**	**210 987**	**679 639**	**135 912**	**186 295**	**7 111 970**
Akkumulerte ordinære avskrivingar 01.01.2017	2 268 887	101 060		46 377	154 482	2 570 806
Årets avskrivingar	201 753	39 406		3 832	7 661	252 652
Avgangar	-37 115	-46 992			-796	-84 903
Akkumulert avskriving 31.12.2017	**2 433 527**	**93 473**		**50 209**	**161 347**	**2 738 556**
Akkumulerte nedskrivingar 01.01.2017	192 029					192 029
Årets nedskrivingar						
Reversering tidlegare års nedskrivingar						
Akkumulerte nedskrivingar 31.12.2017	**192 029**					**192 029**
Bokført verdi 31.12.2017	**3 273 581**	**117 514**	**679 639**	**85 703**	**24 948**	**4 181 387**
Levetid	*10-30 år*	*5 år*		*5-33 år*	*3-10 år*	
Avskrivingsmetode	*Lineær*	*Lineær*		*Lineær*	*Lineær*	

Tilgangar

Sju fartøy vart levert i 2018: MF Møkstrafjord, MF Horgefjord, MF Husavik, MF Vestrått, MF Austrått, MF Hadarøy og MF Kommandøren. I tillegg har konsernet 15 eksta fartøy under oppføring per 31. desember 2018.

NEDSKRIVINGSTEST PÅ FARTØYA

Konsernet har i 2018 identifisert nedskrivingsindikatorar for konsernets fartøy i ferjesegmentet som følgje av utlaup av fleire kontraktar og kontinuerlege oppdateringar av teknologiske og miljømessige krav i offentlege anbod. Vidare har konsernet identifisert indikasjonar på at nedskriving som er innrekna i tidlegare periodar ikkje lenger eksisterar eller er redusert på repporteringsdagen.

På grunn av dei identifiserte indikatorane for ferjesegmentet har konsernet gjennomført ein nedskrivingstest for sine fartøy ved å anslå eit gjenvinbart beløp. Kvar ferjekontrakt og alle fartøy for bruk under dei ulike ferjekontraktane er idetifisert som separate CGUer (kontantgenererende einingar)

Ved vurdering av den potensielle nedskrivinga av dei ulike ferjekontraktane har konsernet vurdert kvar kontakts gjenvinnbare beløp basert på ein verkeleg verdi med frådrag frå avsetingskostnadar. Verkeleg verdi er basert på ein berekna netto noverdi av forventa kontantstraum på kvar ferjekontrakt, med ein restverdi som tilsvarar estimert verdi av fartøya etter kontrakta er gått ut. Denne restverdien er basert på to uavhengige meklaranslag. Meklarverdiane er redusert med ein estimert salskommisjon, som er anslaget på kostnadane ved avhendinga. Ein reversering av eventuelle nedskrivingar av fartøy frå tidlegare

periodar rekneskapførast når omsendene og bevis indikerar at nedskrivinga som er vedteket i tidlegare år ikkje lenger eksisterar eller er redusert. Sjå note 2 for ytterlegare informasjon om estimat og vurderingar.

Basert på nedskrivingstesten utført per 31. desember 2018 har konsernet rekna ein nedskriving på eitt fartøy som for augeblikket ikkje er i bruk på nokon av ferjekontraktane. Det er også beslutta reversering av tidlegare nedskriving på to av kontraktane:

Nedskriving av eitt skip klassifisert som haldt for sal

Konsernet beslutta å iverksetje ein prosess med intensjon om å selje fartøyet Fanafjord, som ikkje er sett i bruk på nokon av ferjekontraktane etter 31. desember 2018. Salsprosessen blei gjennomført 13. mars 2019 ,som omtalt i note 18. Fartøyet blei målt til verkeleg verdi med frådrag for avgangskostnadar per 31. desember 2018, noko som resluterte i eit nedskrvingsbehov på 84 millionar kroner.

Tilbakeføring av tidlegare nedskrivingar på to kontraktar

To av konsernets ferjekontraktar er enten gått ut per 31. desember 2018 eller vil gå ut i nær framtid. Dermed er heile eller ein stor del av verkeleg verdi av CGU knytt til restverdien av fartøya som reknast som CGU, og ingen eller ein liten del av den verkelege verdien av CGU er knytt til den verkelege verdien av ferjekontrakta. Ved berekning av verkeleg verdi med frådrag for salskostnadar knytt til CGUane eksisterar ikkje dei nedskrivingane som i tidlegare periodar har blitt registrert på dei aktuelle CGUane.

Kontantstraumen diskonterast med ein estimert gjennomsnittleg kapitalkostnad (WACC). Kontantstraumar er berekna etter skatt og diskontert med ein diskonteringsrente etter skatt. Den norminelle WACC som brukast i berekningane er 7,0%.

SENSITIVITETSANALYSE - NEDSKRIVINGSTEST 2018

Konsernet har ein portefølje av ferjekontraktar der konsernet har identifisert dei sentrale, følsame føresetnadane som er nytta i nedskrivingstesten til å vere diskonteringsraten (WACC), EBITDA og restverdien av fartøya på sluttdatoen til kontraktane. Endring i desse føresetnadane vil ha betydeleg effekt på verkeleg verdi.

	Nedskriving	Attføring av tidlegare nedskriving	Endring
Presentert i rekneskapen for 2018	84 064	(84 625)	(561)

	Attføring av tidlegare nedskriving	Endring
WACC auka med 1 prosentpoeng	3 694	4 255
WACC auka med 2 prosentpoeng	57 082	57 643
EBITDA redusert med 5 %	4 063	4 624
EBITDA redusert med 10 %	4 520	5 081
Restverdi redusert med 5 %	45 233	45 794
Restverdi redusert med 10 %	103 095	103 656

NOTE 11 FINANSIELL RISIKOSTYRING OG FINANSIELLE INSTRUMENT

Denne noten gir følgjande informasjon om dei finansielle instrumenta til konsernet:
- Ei oversikt over alle finansielle instrument eigd av konsernet
- Spesifikk informasjon knytt til dei ulike kategoriane av finansielle instrument
- Informasjon knytt til verdsettinga av verkeleg verdi av dei finansielle instrumenta, inkludert involverte vurderingar og estimeringsutryggleik
- Finansiell risikostyring

Konsernet har følgjande finansielle instrument:

Beløp i NOK 1 000

FINANSIELLE EIGENDELAR

2018	Eigendelar ført til verkeleg verdi over utvida resultat	Eigendelar ført til verkeleg verdi over resultatet	Eigendelar til amortisert kost	Sum
Derivat		30 085		30 085
Kundefordringar og andre fordringar			213 470	213 470
Finansielle eigendelar tilgjengeleg for sal		5 737		5 737
Lån til tilsette			2 749	2 749
Andre kortsiktige fordringar			244	244
Kontantar og kontantliknande eigendelar			272 492	272 492
Sum		**35 822**	**488 955**	**524 776**

2017	Eigendelar ført til verkeleg verdi over utvida resultat	Eigendelar ført til verkeleg verdi over resultatet	Eigendelar til amortisert kost	Sum
Kundefordringar og andre fordringar			149 111	149 111
Finansielle eigendelar tilgjengeleg for sal		5 694		5 694
Lån til tilsette			192	192
Andre kortsiktige fordringar			319	319
Kontantar og kontantliknande eigendelar			474 294	474 294
Sum		**5 694**	**623 916**	**629 609**

FINANSIELLE FORPLIKTINGAR

2018	Derivat ført til verkeleg verdi over resultatet	Gjeld til amortisert kost	Sum
Derivat	9 486		9 486
Renteberande gjeld		2 790 992	2 790 992
Leverandørgjeld og anna kortsiktig gjeld		882 737	882 737
Sum	**9 486**	**3 673 729**	**3 683 214**

2017	Derivat ført til verkeleg verdi over resultatet	Gjeld til amortisert kost	Sum
Derivat	38 754		38 754
Renteberande gjeld		1 817 977	1 817 977
Leverandørgjeld og anna kortsiktig gjeld		721 629	721 629
Sum	**38 754**	**2 539 606**	**2 578 361**

KUNDEFORDRINGAR OG ANDRE FORDRINGAR

	2018			2017		
Beløp i NOK 1 000	**Current**	**Non-current**	**Total**	**Current**	**Non-current**	**Total**
Kundefordringar	97 465		97 465	87 035		87 035
Avsetjing for nedskriving	(936)		(936)	(936)		(936)
	96 529		**96 529**	**86 099**		**86 099**
Lån til tilsette		2 749	2 749		192	192
Forskot	119		119	3 090		3 090
Forsikringskrav	14 345		14 345	18 906		18 906
Mva. fordring	15 568		15 568	1 547		1 547
Opptjente inntekter	55 347		55 347	37 336		37 336
Andre fordringar	31 561	244	31 805	2 132	319	2 451
	116 941	**2 993**	**119 933**	**63 012**	**511**	**63 522**

KLASSIFISERING SOM KUNDEFORDRINGAR OG ANDRE FORDRINGAR

Kundefordringar er fordringar frå kundar knytt til sal av varer og tenester i den ordinære verksemda. Utlån og andre fordringar er finansielle ikkje-derivative eigendelar med faste nedbetalingar eller nedbetalingar som kan fastsettast, som ikkje er notert på børs eller liknande handelsmarknadar. Fordringane er klassifisert som kortsiktige dersom innbetaling er venta innan eit år frå balansedagen. Om innbetaling ikkje er venta innan eit år frå balansedagen vert fordringane klassifisert som langsiktige. Kundefordringar har i utgangspunktet forfall innan 30 dagar og difor er alle kundefordringar klassifisert som kortsiktige. Som følgje av at fordringane sine ibuande kortsiktige eigenskapar, er bokført verdi vurdert å vere lik verkeleg verdi. For langsiktige fordringar er det ikkje vurdert å vere vesentlege forskjellar på bokført verdi og verkeleg verdi.

FINANSIELLE EIGENDELAR TILGJENGELEG FOR SAL

	31.12.2018	**31.12.2017**
Unoterte aksjar	855	1 191
Kapitalinnskot i KLP	4 881	4 503
Sum	**5 737**	**5 694**

KONTANTAR OG KONTANTLIKNANDE EIGENDELAR

Per 31.12.2018 var dei bundne bankinnskota på NOK 336 tusen, mot NOK 290 tusen per 31.12.2017. Nordea Bank og DNB har utstedt ein garanti som dekkar skattetrekk inntil NOK 56 millionar. Garantien har blitt auka ytterlegare 4 millionar den 04.02.2019.

LEVERANDØRGJELD OG ANNA KORTSIKTIG GJELD

	2017	2017
Leverandørgjeld	285 749	164 895
Forskotsbetalingar frå kundar, verdikort	385 772	363 042
Opptent lønn og feriepengar	135 173	133 130
Andre kortsiktige forpliktingar	76 043	60 562
Sum	**882 737**	**721 629**

Leverandørgjelda er ikkje sikra og er i dei fleste tilfelle betalt innan 30 dagar frå innrekning. Bokført verdi av leverandørgjeld og andre kortsiktige forpliktingar er antatt å vere lik verkeleg verdi, som følge av dei ibuande kortsiktige eigenskapane til forpliktingane.

INNREKNING TIL VERKELEG VERDI

Estimata og vurderingane som vert lagt til grunn for berekninga av verkeleg verdi av finansielle instrument som vert bokført til verkeleg verdi i rekneskapen vert forklart nedanfor. For å gi ein indikasjon av pålitelegheita av informasjonen lagt til grunn for berekningane av verkeleg verdi er dei finansielle instrumenta klassifisert i tre ulike nivå, som er obligatoriske etter IFRS. Forklaring av dei ulike nivåa følgjer nedanfor.

Periodisk vurdering av verkeleg verdi	Nivå 1	Nivå 2	Nivå 3	Sum
31. desember 2018				
FINANSIELLE EIGENDELAR				
Handelsderivat		30 085		**30 085**
Finansielle eigendelar tilgjengeleg for sal			5 737	**5 737**
FINANSIELL GJELD				
Handelsderivat		9 486		**9 486**

Periodisk vurdering av verkeleg verdi	Nivå 1	Nivå 2	Nivå 3	Sum
31. desember 2017				
FINANSIELLE EIGENDELAR				
Finansielle eigendelar tilgjengeleg for sal			5 694	**5 694**
FINANSIELL GJELD				
Handelsderivat		38 754		**38 754**

Gjennom rekneskapsåret har ingen finansielle instrument blitt flytta mellom nivå 1 og nivå 2. Konsernet har som prinsipp å innrekne klassifiseringar inn og ut av dei ulike nivåa i verkeleg verdi-hierarkiet ved årsslutt.

Nivå 1: Verkeleg verdi av finansielle instrument som vert omsett i aktive handelsmarknadar (som aksjar, eigenkapitalbevis og pengemarknadsfond) er basert på noterte kursar eller prisar per 31.12.2017. Marknadskursen som vert lagt til grunn for dei finansielle eigedelane er kjøparkursen. Instrumenta skildra ovanfor er inkludert i nivå 1.

Nivå 2: Verkeleg verdi av finansielle instrument som ikkje vert omsett på ein aktiv handelsmarknad vert fastsett ved bruk av den verdsettingsteknikken som maksimerar bruk av observerbar marknadsdata, og som er minst mogleg avhengig av einingsspesifikke estimat. Om all vesentleg naudsynt informasjon for å fastsette verkeleg verdi av eit instrument er observerbar, vert instrumentet inkludert i nivå 2.

Nivå 3: Om all eller noko av den vesentlege informasjonen som ligg til grunn for verdsettinga ikkje er basert på observerbar marknadsdata, vert instrumentet inkludert i nivå 3. Dette er tilfellet for alle unoterte aksjar.

VERDSETTINGSMETODAR FOR Å FASTSETTE VERKELEG VERDI

Verdsettingsmetodar nytta for å fastsette verdien av finansielle instrument inkluderer:

- bruk av noterte marknadsprisar eller meklarprisar for liknande instrument
- verkeleg verdi av rentebyteavtalar, valutaterminkontraktar og bunkerderivat blir fastsett basert på "marknad-til-marknad" estimat framsett av eksterne meklarar
- Verkeleg verdi av resterande finansielle instrument vert fastsett ved neddiskontering av framtidig forventa kontantstraum.

Alle dei berekna verkelege verdiane vert inkludert i nivå 2, forutan unoterte aksjar, kor verkeleg verdi er basert på noverdien av neddiskonterte framtidige kontantstraumar.

FINANSIELL RISIKOSTYRING

Konsernet er utsett for ei rekke finansielle risikoar, som dei lista nedanfor:

Risiko	Eksponering frå	Måling	Styring
Marknadsrisiko - valutakurs	Nybyggkontraktar inngått i utanlandsk valuta	Sensitivitetsanalyse	Valutaterminkontraktar
Marknadsrisiko - rentesats	Langsiktige kredittlån med flytande rente	Sensitivitetsanalyse	Rentebytteavtalar
Marknadsrisiko - råvarekost	Bruk av brennstoff	Sensitivitetsanalyse	Bruk av brennstoffrelaterte derivat
Marknadsrisiko - verdipapirprisar	Investering i verdipapir	Ikkje aktuelt	Konsernet har avgrensa omfang av aksjar og berre unoterte aksjar. Konsernet er indirekte eksponert for risiko knytt til verdipapirprisar gjennom den bidragsbaserte pensjonsordninga, kor delar av midla er investert i verdipapir. Denne risikoen er handtert gjennom investeringar i diversifiserte porteføljar, og styrt av eksterne forsikringsselskap.
Kredittrisiko	Kontantar og kontantliknande eigendelar, kundefordringar og derivative finansielle instrument	Analyse av aldersfordeling	Diversifisering av bankforbindingar og kredittgrenser
Likviditetsrisiko		Rullerande kontantstraums-prognosar	Tilgjengelegheit av lånetilsagn og innvilga kredittar

Risikostyringa i konsernet vert utført av økonomiavdelinga etter instruksar godkjend av styret. Økonomiavdelinga identifiserer, evaluerer og sikrar finansiell risiko i tett samarbeid med verksemdene i konsernet. Styret har utarbeidd skriftlege prinsipp for den overordna risikostyringa, i tillegg til spesifikke instruksar som dekkar spesifikke område, som valutaomrekningsrisiko, renterisiko, kredittrisiko, råvareprisrisiko, bruk av finansielle derivat og andre finansielle instrument, i tillegg investeringar av overskotslikviditet.

DERIVAT

Derivat vert berre nytta for sikringsformål, og ikkje som spekulative investeringar. I dei tilfelle då derivat ikkje tilfredsstillar krava for sikringsbokføring, vert endringar i verkeleg verdi av dei derivative finansielle instrumentar innrekna i resultatrekneskapen.

Konsernet har følgjande derivat:

	2018	2017
Rentebytteavtalar	(8 982)	(26 621)
Valutaterminkontraktar	30 085	
Brenstoffrelaterte derivat	(504)	(12 133)
Sum	**20 599**	**(38 754)**

Derivat vert klassifisert som haldt for sal og bokført til verkeleg verdi over resultatet om dei ikkje er utpeika som sikringsinstrument. Derivata vert presentert som kortsiktige eigendelar eller gjeld om det er forventa at dei vert gjort opp innan 12 månadar etter balansedagen.

KREDITTRISIKO

Konsernet si maksimale eksponering for kredittrisiko er lik bokført verdi av kvar enkelt klasse av finansielle eigendelar, lista ovanfor, ved slutten av rekneskapsperioden. Dersom det er kjent at enkelte fordringar ikkje lar seg inndrive, vert det gjort avsetting for tap med ein gong. Det er av konsernet si oppfatning avgrensa kredittrisiko då dei største kundane er frå offentleg sektor.

LIKVIDITETSRISIKO

Varsam styring av likviditetsrisikoen inneber å syte for at det til ei kvar tid er tilstrekkeleg med kontantar og likvide verdipapir eller tilgjengeleg finansiering gjennom kredittfasilitetar til å dekke forpliktingar når dei forfell og til å gjere opp alle posisjonar knytt til finansielle instrument. Konsernet styrer likviditetsrisiko basert på rullerande likviditetsprognoser på høvesvis 12 månadar.

FORFALL AV FINANSIELLE FORPLIKTINGAR

Tabellen nedanfor plasserer konsernets finansielle forpliktingar i relevante forfallsgrupperingar basert på kontraktsmessig laupetid.

(a) alle ikkje-derivative finansielle forpliktingar
(b) netto og brutto oppgjorde finanseielle instriment der de kontraktsmessige laupetidene er avgjerande for tidspunktet for kontantstraumane

Beløpa som er oppgitt i tabellen er dei kontraktsmessige uoppgjorde kontantstraumane. Restbeløp innen 12 månadar er lik balansesummen då innverknad av diskontering ikkje er signifikant.

31. desember 2018	< 6 månadar	6-12 månadar	1-2 år	2-5 år	"Meir enn 5 år"	Sum
Leverandørgjeld	285 749					285 749
Gjeld til kredittinstutisjonar	155 342	155 342	649 345	1 902 986	406 216	3 269 231
Derivat	5 000	5 000	10 599			20 599
Total	**446 091**	**160 342**	**659 944**	**1 902 986**	**406 216**	**3 575 579**

31. desember 2017	< 6 månadar	6-12 månadar	1-2 år	2-5 år	"Meir enn 5 år"	Sum
Leverandørgjeld	164 895					164 895
Gjeld til kredittinstutisjonar	49 615	49 615	610 940	1 291 931		2 002 102
Derivat	7 500	7 500	23 754			38 754
Total	**222 010**	**57 115**	**634 694**	**1 291 931**		**2 205 751**

NOTE 12 AKSJEKAPITAL

Sogn og Fjordane fylkeskommune selde dei resterande aksjane sine i Fjord1 AS til Havilafjord AS i mai 2017, noko som medførte at Havilafjord AS vart eigar av 100 % av aksjane. I etterkant av denne transaksjonen, selde Havilafjord 49,5 % av aksjane gjennom ei underhandsplassering. Selskapet vart lista på Oslo Børs sin Merkurs marknad 24. mai 2017.

Selskapet vart omdanna frå aksjeselskap (AS) til allmennaksjeselskap (ASA) den 7. juli 2017. Som eit ledd i denne omdanninga, vart det gjennomført ein aksjesplitt. Etter splitten består aksjekapitalen pr. 31.12.2018 av 100 000 000 aksjar, samanlikna med 100 000 aksjar pr. 31.12.2016. Sjå tabell nedanfor for detaljar. Selskapet vart lista på Oslo Børs den 15. august 2017.

Aksjekapitalen i Fjord1 ASA var pr. 31.12.2017 NOK 250 000 000, fordelt på 100 000 000 aksjar med nominell verdi på NOK 2.50 pr. aksje.

Sjå lista nedanfor dor informasjon om aksjekapital og aksjonærar pr. 31.12.2018 og 31.12.2017.

	Aksjar 31.12.2018	Pålydande pr. aksje 31.12.2108	Sum pålydande pr. 31.12.2018	Stemmerettigheiter 31.12.2018
HAVILAFJORD AS	51 500 000	2,50	128 750 000	51,5 %
PERESTROIKA AS	7 758 620	2,50	19 396 550	7,8 %
VERDIPAPIRFONDET DNB NORGE (IV)	4 770 855	2,50	11 927 138	4,8 %
BROWN BROTHERS HARRIMAN (LUX.) SCA	3 576 315	2,50	8 940 788	3,6 %
STATE STREET BANK AND TRUST COMP	2 784 219	2,50	6 960 548	2,8 %
VERDIPAPIRFONDET DNB NORGE SELEKTI	2 468 227	2,50	6 170 568	2,5 %
DZ PRIVATBANK S.A.	2 014 488	2,50	5 036 220	2,0 %
ARCTIC FUNDS PLC	1 311 051	2,50	3 277 628	1,3 %
JPMORGAN CHASE BANK, N.A., LONDON	1 282 000	2,50	3 205 000	1,3 %
LANDKREDITT UTBYTTE	1 264 000	2,50	3 160 000	1,3 %
GH HOLDING AS	954 127	2,50	2 385 318	1,0 %
SEB NORDENFOND	940 500	2,50	2 351 250	0,9 %
TR EUROPEAN GROWTH TRUST PLC	801 892	2,50	2 004 730	0,8 %
SKANDINAVISKA ENSKILDA BANKEN S.A.	739 884	2,50	1 849 710	0,7 %
FONDSFINANS NORGE	700 000	2,50	1 750 000	0,7 %
VERDIPAPIRFONDET SR BANK UTBYTTE	672 661	2,50	1 681 653	0,7 %
RBC INVESTOR SERVICES BANK S.A.	622 325	2,50	1 555 813	0,6 %
VERDIPAPIRFONDET PARETO NORDIC	606 689	2,50	1 516 723	0,6 %
VPF NORDEA NORGE VERDI	593 000	2,50	1 482 500	0,6 %
RBC INVESTOR SERVICES TRUST	551 019	2,50	1 377 548	0,6 %
Sum 20 største aksjonærar	85 911 872	2,50	214 779 680	85,9 %
Sum	**100 000 000**	**2,50**	**250 000 000**	**100 %**

	Aksjar 31.12.2017	Pålydande pr. aksje 31.12.2107	Sum pålydande pr. 31.12.2017	Stemmerettigheiter 31.12.2017
HAVILAFJORD AS	51 500 000	2,50	128 750 000	51,5 %
PERESTROIKA AS	7 758 620	2,50	19 396 550	7,8 %
VERDIPAPIRFONDET DNB NORGE (IV)	5 367 476	2,50	13 418 690	5,4 %
BROWN BROTHERS HARRIMAN (LUX.) SCA	4 172 340	2,50	10 430 850	4,2 %
VERDIPAPIRFONDET DNB NORGE SELEKTI	2 552 492	2,50	6 381 230	2,6 %
STATE STREET BANK AND TRUST COMP	1 732 644	2,50	4 331 610	1,7 %
RBC INVESTOR SERVICES BANK S.A.	1 440 803	2,50	3 602 008	1,4 %
VERDIPAPIRFONDET PARETO NORDIC	1 111 000	2,50	2 777 500	1,1 %
GH HOLDING AS	1 106 000	2,50	2 765 000	1,1 %
ARCTIC FUNDS PLC	1 097 241	2,50	2 743 103	1,1 %
SEB NORDENFOND	1 020 500	2,50	2 551 250	1,0 %
LANDKREDITT UTBYTTE	1 000 000	2,50	2 500 000	1,0 %
TR EUROPEAN GROWTH TRUST PLC	886 892	2,50	2 217 230	0,9 %
JPMORGAN CHASE BANK, N.A., LONDON	801 161	2,50	2 002 903	0,8 %
VERDIPAPIRFONDET SR-UTBYTTE	672 661	2,50	1 681 653	0,7 %
FLU AS	603 000	2,50	1 507 500	0,6 %
VPF NORDEA NORGE VERDI	593 000	2,50	1 482 500	0,6 %
FONDSFINANS NORGE	500 000	2,50	1 250 000	0,5 %
CITIBANK, N.A.	466 000	2,50	1 165 000	0,5 %
PIONEER MULTI-ASSET INCOME FND	450 000	2,50	1 125 000	0,5 %
Sum 20 største aksjonærar	84 831 830	2,50	212 079 575	84,8 %
Sum 20 største aksjonærar	**100 000 000**	**2,50**	**250 000 000**	**100 %**

EIGNE AKSJAR

Oversikt over kjøpt og salg av eigne aksjar

	2018		
	Antall aksjar	**Kompensasjon**	**Prosent av aksjekapital**
Antall eigne aksjar per 01.01			0,0 %
Kjøpt september 2018	23 746	1 112	0,4 %
Kjøpt oktober 2018	52 450	2 420	1,0 %
Kjøpt november 2018	2 795	129	0,1 %
Seld 07.11.2018	78 991	(3 543)	-1,4 %
Rabatter på selde aksjar 07.11.2018		(118)	0,0 %
Kjøp desember 2018	110 000	4 798	1,9 %
Seld 31.12.2018	63 232	(2 719)	-1,1 %
Antal eigne aksjar per 31.12	**331 214**	**2 079**	**0,8 %**

Den 22. mai 2018 beslutta generalforsamlinga i Fjord1 ASA å gi styret fullmakt til å erverve eigne aksjar i selskapet. I henhold til vedtaket kan Fjord1 kjøpe inntil 3 200 000 eigne aksjar, med ein maksimal samla norminell verdi på kr 8 000 000. Maksumims- og minimumsbeløpet som kan betalast per aksje er henhaldsvis kr 100 og kr 2,50. Fullmakta gjeld fram til generalforsamlinga i 2019, men ikkje lenger enn til 30. juni 2019.

Styret i Fjord1 har beslutta å iverksetje eit tilbakekjøpsprogram på grunnlag av denne retten. Aksjar overført under dette programmet vil bli levert til leiande tilsette i selskapet i samsvar til etablerte bonusordningar for leiande tilsette, der 50% av bonusen skal avreknast i form av aksjar i Fjord1. Dette er skildra i retningslinjene for godtjersle til leiande tilsette. Retningslinjene blei presentert og vedteke av generalforsamlinga 22. mai 2018.

Maksimalt antall aksjar som kan kjøpast i marknaden for distrubisjon til dei tilsette er 110 000 aksjar.

Sjå note 17 for ei oversikt over kjøpte aksjar av leiinga og styret per 31. desember 2018 og 31. desember 2017.

NOTE 13 PENSJONSFORPLIKTINGAR

Konsernet opererer med ulike pensjonsordningar, inkludert både innskots- og bidragsbaserte ordningar. Alle pensjonsordningar oppfyller krava i lov om obligatorisk tenestepensjon.

Pensjonsforpliktingar
Innskotsbaserte pensjonsordningar er ordningar der konsernet betalar faste innskot til ei separat juridisk eining. Konsernet betalar innskot til offentleg eller privat administrerte forsikringsplanar for pensjon på obligatorisk, avtalemessig eller friviljug basis. Konsernet har ingen ytterlegare betalingsforpliktingar etter at innskota er betalt. Innbetalingane vert fortløpande kostnadsført når dei vert betalt. Forskotsbetalte innskot vert presentert som en eigedel i den grad ei tilbakebetaling eller ein reduksjon i framtidige innskot er tilgjengeleg. bidragsbaserte ordningar er alle ordningar som ikkje er innskotsordningar.

Bidragsbaserte pensjonsordningar fastsett typisk eit bestemt beløp ein tilsett vil få ved pensjon, avhengig av ein eller fleire faktorar, som alder, lønn og lengde på arbeidsforholdet.

Forpliktinga presentert i balansen, knytt til bidragsbaserte pensjonsordningar, viser noverdi av dei framtidige utbetalingane etter at ein har trekt i frå verkeleg verdi av pensjonsmidla. Forpliktinga knytt til bidragsbaserte pensjonsordningar blir kalkulert årleg av uavhengige aktuarar ved hjelp av oppsamla bidrags metode. Noverdien av den bidragsbaserte pensjonsforpliktinga vert berekna ved å diskontere estimerte framtidige kontantstraumar ved bruk av rentesatsar på statsobligasjonar for den valutaen som forpliktinga vil blir utbetalt i, og som har tilnærma lik løpetid som forpliktinga.

Aktuarmessige vinstar og tap som følgje av erfaringskorrigeringar og endringar i aktuarmessige føresetnader vert ført direkte mot eigenkapitalen gjennom andre inntekter og kostnadar i det året dei inntreff.

Periodens pensjonsopptening vert resultatført med ein gong.

For bidragsbaserte ordningar betalar konsernet bidrag til offentlege eller private ordningar det konsernet har forplikta seg til ved avtale, er forplikta til ved lov eller på friviljug basis skyt inn. Konsernet har ikkje ytterlegare forpliktingar utover desse betalingane. Bidraga vert ført som lønnskostnad når dei er påløpt.

Forskotsbetalingar vert balanseført som ein eigedel i den grad den kan nyttast til å dekke framtidige premiar eller bli tilbakebetalt.

Bidragsbaserte ordningar
Konsernet har pensjonsordningar for til saman 1,122 personar, inkludert 301 pensjonistar. Ordninga gir dei tilsette rett på definerte framtidige utbetalingar. Storleiken på utbetalingane er i hovudsak avhengig av talet på opptjeningsår, lønnsnivå, lønnsnivå ved oppnådd pensjonsalder og storleiken på ytinga frå folketrygda. Forpliktinga er dekt gjennom ordningar i forsikringsselskap

Konsernet har òg Avtalefesta Førtidspensjon (AFP) som dekkar 141 personar, der 132 er pensjonistar. Avtala gir dei tilsette krav på ytingar frå dei er 62 år til dei kvalifiserer for offentleg pensjon frå folketrygda når dei vert 67 år. Rundt 50% av ordninga er sikra gjennom KLP. KLP klarer ikkje å skilje den sikra ordninga frå den usikre ordninga. Av denne årsaka er alle forpliktingar relatert til AFP presentert som sikra ordningar.

Kostnadar og forpliktingar knytt til dei bidragsbaserte ordningane vert presentert i tråd med IAS 19R.

Risikoeksponering
Gjennom dei bidragsbaserte ordningane er konsernet utsatt for ei rekke risikoar. Dei mest vesentlege risikoane er gjennomgått nedanfor.

Volatilitet: Forpliktingane knytt til ordningane vert kalkulert ved hjelp av ei diskonteringsrente med referanse til OMF-obligasjonar. Dersom eigendelar underpresterar med omsyn til denne avkastninga, vil dette føre til eit avvik. Alle ordningar inkluderer ein vesentleg del av aksjar, som er forventa å gi avkastning utover kredittobligasjonar i eit langsiktig perspektiv, samstundes som dei medfører volatilitet og risiko i eit kortsiktig perspektiv.

Når ordningane vert eldre, har konsernet intensjon om å redusere andelen av risikable investeringar gjennom i større grad å investere i eigendelar som er betre samanstilt med forpliktingane.

Endring i obligasjonsrenter: Ein reduksjon i obligasjonsrenter for kredittobligasjonar vil auke forpliktingane knytt til ordningane, sjølv om effekten delvis vil bli utlikna av ei auke i verdien av obligasjonsbehaldningane i ordningane.

Inflasjonsrisiko: Enkelte av konsernet sine pensjonsforpliktingar er knytt mot lønnsinflasjon, og høgare inflasjon vil føre til auka forpliktingar (sjølv om det i dei fleste tilfelle er øvre grenser på inflasjonsauke er etablert for å beskytte ordningane mot ekstrem inflasjon). Størstedelen av ordninga sine eigendelar er enten ikkje påverka eller i lita grad korrelert med inflasjon, noko som medfører at ei auke i inflasjon også vil auke underdekninga. Antatt levetid: Størstedelen av ordninga sin forpliktingar er til for å gi økonomiske fordelar for resten av livet til medlemmane. Ei auke i antatt levetid vil dermed meføre ei auke i pensjonsforpliktinga.

BELØP PRESENTERT I REKNESKAPEN

Beløp i NOK 1 000	31. desember 2018	31. desember 2017
Noverdi av sikra forpliktingar	245 978	246 823
Verkeleg verdi på pensjonsmidlane	242 537	239 048
Underdekning på sikra ordningar	3 441	7 775
Noverdi av usikre forpliktingar	19 821	15 896
Sum underdekning på bidragsbaserte pensjons-ordningar	**23 263**	**23 671**

BELØP PRESENTERT I REKNESKAPEN	2018	2017
Ytingsbaserte ordningar	7 699	16 035
Innskuddsbaserte ordningar	51 824	37 711
Sum pensjonskostnadar	**59 524**	**53 745**

2018

	Sikra forpliktingar	Usikra forpliktingar	Sum
Noverdi av pensjonsoppteninga i året	5 814	2 182	7 996
Tidlegare års pensjonsopptening	(1 849)		(1 849)
Pensjonsopptening	3 966	2 182	6 148
Netto rentekostnadar / (-inntekter)	287	440	727
Administrasjonskostnadar	190		190
Arbeidsgivaravgift (AGA)	303	332	635
Sum pensjonskostnad	**4 745**	**2 954**	**7 699**

2017

	Sikra forpliktingar	Usikra forpliktingar	Sum
Noverdi av pensjonsoppteninga i året	5 697	2 197	7 894
Tidlegare pensjonsopptening		7 000	7 000
Pensjonsopptening	5 697	9 197	14 894
Netto rentekostnadar / (-inntekter)	268	155	424
Administrasjonskostnadar	193		193
Arbeidsgivaravgift (AGA)	192	332	524
Sum pensjonskostnad	**6 350**	**9 684**	**16 035**

ENDRING I BIDRAGSBASERT FORPLIKTING

	Noverdi av forplikting	Noverdi av pensjonsmidla	Sum
1. januar 2018	**262 719**	**(239 048)**	**23 671**
Årets pensjonsopptening	7 948		7 948
Rentekostnad (-inntekt)	10 964	(5 626)	500
Tidlegare års pensjonsopptening			
Estimatendringar	(4 382)	9 565	822
Utbetalte ytingar frå ordningane	(11 451)	5 751	(5 700)
Innbetalt		(14 615)	(14 615)
Administrasjonskostnadar		(1 806)	(1 190)
Arbeidsgivaravgift			
31. desember 2018	**265 799**	**(249 348)**	**11 436**

	Noverdi av forplikting	Noverdi av pensjonsmidla	Sum
1. januar 2017	**241 825**	**(227 220)**	**14 605**
Årets pensjonsopptening	7 894		7 894
Rentekostnad (-inntekt)	6 072	(5 875)	197
Tidlegare års pensjonsopptening	7 000		7 000
Estimatendringar	8 246	(2 178)	6 068
Utbetalte ytingar frå ordningane	(9 020)	7 202	(1 818)
Innbetalt		(12 591)	(12 591)
Administrasjonskostnadar		1 614	1 614
Arbeidsgivaravgift	702		702
31. desember 2017	**262 719**	**(239 048)**	**23 671**

Vesentlege føresetnader	2018	2017
Diskonteringsrate	2,60 %	2,40 %
Vekstrate lønn	2,75 %	2,50 %
Forventa vekst i grunnsikringsbeløp	2,50 %	2,25 %
Estimert avkasting på pensjonsmidlar	2,60 %	2,40 %
Vekstrate pensjon	0,80 %	0,50 %

NOTE 14 LÅN

	2018			2017		
NOK i 1000	Kortsiktig	Langsiktig	Sum	Kortsiktig	Langsiktig	Sum
Sikra						
Banklån	213 212	1 589 530	1 802 742	130 285	702 692	832 977
Usikra						
Obligasjonslån		988 250	988 250		985 000	985 000
Sum lån	**213 212**	**2 577 780**	**2 790 992**	**130 285**	**1 687 692**	**1 817 977**

NOK i 1000	2017	Kontantstraum	Ikkje-kontantmessige endringar	2018
Langsiktig banklån	702 692	951 811	(64 974)	1 589 530
Kortsiktig banklån	130 285		82 927	213 212
Obligasjonslån	985 000		3 250	988 250
Sum	**1 817 977**	**951 811**	**21 203**	**2 790 991**

NOK i 1000	2016	Kontantstraum	Ikkje-kontantmessige endringar	2017
Langsiktig banklån	155 000		547 693	702 693
Kortsiktig banklån	1 800 511	(1 122 783)	(547 443)	130 285
Obligasjonslån		985 000		985 000
Sum	**1 955 511**	**(137 783)**	**250**	**1 817 977**

Banklån er sikra ved første forfall over eigendommane og fartøya til selskapet i 2017, og berre fartøy i 2018. Bokført verdi på eigendelar er pantsett som sikkerheit.

Konsernet har halde dei finansielle vilkåra sine i 2018. Konsernet ferda ut eit obligasjonslån med ein norminell verdi på 1 million kroner 22. november 2017. Obligasjonen blei notert på Oslo Børs i 2. kvartal 2018.

På obligasjonslånet betalar selskapet ein flytande rentekupong med 3 månadars NIBOR pluss 3,5 prosent. Lånet forfell i november 2022. Det har ikkje vore noko endring i obligasjonslånet i 2018.

Konsernet har i februar 2018 sikra eit fasilitetslån med DNB på 4 458 millionar kroner med DNB og Nordea, der totalt 1842 millionar kroner er nytta per 31.12.2018. Ein del av fasilitetslånet blei nytta som tilbakebetaling på alle eksisterande banklån på den tida.

FINANSIELLE BETINGINGAR

Dei store låneinstitusjonane pålegg konsernet å halde følgjande økonomiske vilkår:

- NIBD/EBITDA at maksimum 4,25
- Eigenkapitaldel over 25 %

Obligasjonslåneavtalen inneheld følgjande økonomiske vilkår:

- Minst ein eigenkapitaldel på 22,5 % dei seks kvartala få og med 1. januar 2019 eller 25 % til ei kvar anna tid.
- Minimum ein likviditet på 75 millionar kroner.

NOTE 15 FORPLIKTINGAR

KAPITALFORPLIKTINGAR

Vesentlige kontraktstadfesta kapitalforpliktingar som ikkje er innrekna som forpliktingar i balansen, har følgjande avtalte betalingsstruktur:

Beløp i NOK 1 000	2019	Etter 2019*	Sum
Nybygg	2 649 045		2 649 045
Kaistrukturar og landbaserte investeringar	377 064		377 064
Sum	**3 026 109**		**3 026 109**

* Ingen signerte kontrakter med forpliktingar etter 2019.

OPERASJONELLE LEIGEAVTALAR SOM IKKJE KAN AVSLUTTAST

Konsernet leiger fartøy og anna utstyr frå eksterne leverandørar.
Desse operasjonelle leigekontraktane har følgjande vilkår:

	ÅRLEG LEIGE	
Beløp i NOK 1 000	**2019**	**2020**
Fartøy	64 102	30 153
Anna utstyr	450	400
Sum	**64 552**	**30 553**

REPARASJON OG VEDLIKEHALD

Periodisk vedlikehald er knytt til større inspeksjons- og vedlikehaldskostnadar som oppstår ved jamne intervall i løpet av levetida til fartøyet, normalt kvart femte år. Difor har konsernet forpliktingar knytt til å halde oppe den operasjonelle dugleiken til fartøyet og til å halde lover og reglar.

IFRS 16-LEIGE

Overgangseffektar

Leigeavtalane til selskapet gjeld i stor grad utleige av fartøy. For selskapet er den kalkulerte effekten av IFRS 16 ei kapitalisering av leigeavtalar og tilhøyrande leigeforpliktingar på 90 millionar kroner. Eigenkapitalen vil ikkje bli påverka av overgangen.

NOTE 16 TRANSAKSJONAR MED NÆRSTÅANDE PARTAR

Nedanfor følgjer ei oversikt over transaksjonar med nærståande partar:

Beløp i NOK 1 000

SAL TIL NÆRSTÅANDE PARTAR

Nærståande part	Relasjon	2018	2017
The Fjords DA	Tilknytt verksemd	28 938	28 938
The Fjords Fartøy II DA	Tilknytt verksemd	345	345
Havyard Production & Sercie sp.z.o	Eigar	42	56

KJØP FRÅ NÆRSTÅANDE PARTAR

Nærståande part	Relasjon	2018	2017
The Fjords DA	Tilknytt verksemd	(348)	(1 063)
Havyard Ship Technology AS	Eigar	(778 840)	(155 651)
Norwegian Electric Systems AS	Eigar	(43 541)	
Havila AS	Eigar	(70)	(27)

FORDRINGAR/(FORPLIKTINGAR) TIL NÆRSTÅANDE PARTAR

Nærståande part	Relasjon	2018	2017
The Fjords DA	Tilknytt verksemd	2 305	1 541
The Fjords Farty II DA	Tilknytt verksemd		144
Havyard Ship Technology AS	Eigar	(40 224)	(752)

Fire ferjer har blitt leverte til Fjord1 ASA frå Havyard Ship Technology AS i 2018. Fjord1 ASA har ni ferjer under oppføring hos Havyard Ship Technology AS i slutten av 2018.

Havila Holding AS eig, gjennom Havilafjord AS, 51,5 % av Fjord1 ASA. Havila Holding AS eig 40,4 % av Havyard Group ASA, som igjen eig 100 % av Havyard Ship Technology AS. Ifølgje kontrakten er Fjord1 ASA forplikta til å betale på forskot, og i slutten av 2018 var forskotet på dei ni ferjene under oppføring på NOK 164 millionar. I tillegg har Havyard Ship Technology AS gjennomført reparasjonar og ombygging av ferjer til Fjord1 ASA for NOK 13,6 millionar i 2018.

Norwegian Electric Systems AS er eigd 100 % av Havyard Group ASA og er ein ny leverandør i 2018. NOK 43,5 millionar er investerte i kaistrukturar/arealinvesteringar som blei leverte til Fjord1 ASA i 2018.

NOTE 17 LØNN OG YTINGAR TIL LEIANDE PERSONAR

LEIINGA 2018:

Beløp i NOK 1000	Lønn	Bonus	Natural-ytingar	Anna godt-gjering	Pensjons-kostnad	Sum godtgjering	Aksjar
Dagfinn Neteland (CEO)	2 433	600	723	113	2 024	5 893	36 031
Anne-Mari Sundal Bøe (CFO)	1 562	400	429	4	71	2 467	12 926
André Høyset (COO)	1 668	400	409	4	72	2 552	12 992
Deon Mortensen (CTO)	1 486	375	384	4	72	2 320	10 011
Nils Kristian Berge (Project Director)	1 267	-	29	4	70	1 371	3 334
Sum lønn og ytingar til leeinga i 2018	**8 417**	**1 775**	**1 973**	**130**	**2 308**	**14 603**	**75 294**
Pensjonsforplikting CEO 31.12.2018						**4 875**	

Administrerande direktør Dagfinn Neteland har krav på sluttvederlag lik ordinær lønn for 12 månadar dersom selskapet vel å avslutte arbeidsforholdet, og dersom Neteland vel å avslutte arbeidsforholdet som følgje av visse vesentlege endringar i eigarskap eller endringar i strategi og drift av selskapet. Ingen andre i konsernleiinga eller i styret har krav på sluttvederlag frå selskapet.

Administrerende direktør har ein tilleggsbasert pensjonsavtale gjennom selskapet. Den årlege pensjonskostnaden som er knytt til dette, inkluderer den aktuarutrekna kostnaden etter avtalen. Konsernleiinga fekk bonus ut frå det etablerte bonusprogrammet

STYREMEDLEM 2018

Beløp i NOK 1000	Sum godtgjering	Aksjar
Vegard Sævik (styreleiar)	525	*
Per Rolf Sævik (styremedlem)	274	*
Siri Beate Hatlen (styremedlem)	290	
Fredrik W. Mohn (styremedlem)	274	*
Siri Hatland (styremedlem frå 29.05.2018)	100	
Janicke Westlie Driveklepp (styremedlem til 29.05.2018)	215	
Atle Olav Trollebø (tillitsvald)	259	290
Geir Offerdal (tillitsvald)	262	290
Reidar Tangen (varamedlem/tillitsvald)		624
Ole Kjell Eidem (varamedlem/tillitsvald)	5	624
Thomas Rakstang (observatør/tillitsvald)	85	290
Egil Kirkebø (observatør/tillitsvald frå 19.01.2018)	75	624
Daniel Nedrelid (observatør/tillitsvald frå 25.07.2017 til 19.01.2018)	16	
Sum godtgjering til styremedlem 2018 **	**2 380**	**2 742**

* Eigarar av aksjar gjennom andre føretak: Vegard og Per Sævik gjennom Havilafjord AS og Fredrik W Mohn gjennom Perestroika AS.

* Eigarar av aksjar gjennom andre selskap: Vegard og Per Sævik gjennom Havilafjord AS og Fredrik W. Mohn gjennom Peretroika AS. Sjå note 12.

** I tillegg har 40 000 kroner blitt betalt til valkomiteen til styret og NOK 68 000 i møtegodtgjering til medlemmar av styret.

Konsernet har ikkje garanterte lån, garantiar eller andre forpliktingar til nokon av styremedlemma eller til personar i leiinga.

LEIINGA 2017:

Beløp i NOK 1000	Lønn	Bonus	Natural-ytingar	Anna godtgjering	Pensjons-kostnad	Sum godtgjering	Aksjar
Dagfinn Neteland (CEO frå 22.03.2017)	2 273	1 000	10	152	82	3 517	5 290
Anne-Mari Sundal Bøe (CFO)	1 081	600	10	9	65	1 764	290
André Høyset (fungerande CEO til 22.03.2017, deretter COO)	1 904	450	10	6	70	2 440	2 690
Deon Mortensen (CTO)	1 203	450	10	6	70	1 739	290
Tor Vidar Kittang (fungerande prosjektansvarleg til 31.12.2017)	1 008	275	10	6	51	1 349	290
Sum godgjering til leiinga 2017	**7 469**	**2 775**	**49**	**179**	**338**	**10 810**	**8 850**
Pensjonsforpliktingar CEO per 31.12.2017						**2 233**	

For å kompensere for sterk innsats gjennom omstilling av selskapet og tilrettelegging av opptak og notering på Oslo Børs i 2017 gav styret ein bonus til administerande direktør på NOK 1 million og totalt NOK 3 millionar til andre leiande tilsette og nøkkelpersonar.

STYREMEDLEM 2017

Beløp i NOK 1000	Sum godtgjering	Antall aksjar 31.12.17 **
Vegard Sævik (styreleiar frå 25.07.2017, tidlegare styremedlem)	154	*
Pål W. Lorentzen (styreleiar til 25.07.2017)	939	
Per Sævik (styremedlem)	52	*
Janicke Westlie Driveklepp (styremedlem)	69	
Siri Beate Hatlen (styremedlem frå 25.07.2017)	35	
Fredrik W. Mohn (styremedlem frå 25.07.2017)	26	*
Atle Olav Trollebø (tillitsvald)	84	290
Geir Offerdal (tillitsvald frå 25.07.2017)	38	290
Reidar Tangen (varamedlem/tillitsvald frå 25.07.2017)		290
Ole Kjell Eidem (varamedlem/tillitsvald frå 25.07.2017)		290
Thomas Rakstang (observatør/tillitsvald frå 25.07.2017)	28	290
Egil Kirkebø (observatør/tillitsvald frå 19.01.2018)		290
Daniel Nedrelid (observatør/tillitsvald frå 25.07.2017 til 19.01.2018)	69	
Vidar Grønnevik (styremedlem til 25.07.2017)	54	
Bente Iren Næsse (styremedlem til 25.07.2017)	40	
Øyvind Oksnes (observatør/tillitsvald tiil 25.07.2017)	30	
Arnstein Amås (tillitsvald til 25.07.2017)	40	
Sum godgjering til styremedlem 2017	**1 658**	**1 740**

* Eigarar av aksjar gjennom andre selskap: Vegard og Per Sævik gjennom Havilafjord AS og Fredrik W. Mohn gjennom Perestorika AS. Sjå note 12.

** I tillegg til gåva på 290 aksjar til alle tilsette i samband med børsnoteringa (sjå note 12) har nokon tilsette investert i eigne aksjar.

Selskapet har ikkje garantert for nokon lån, garantiar eller andre forpliktingar til nokon av styremedlemma eller til leiande personar.

REVISJONSHONORAR

Beløp i NOK 1000	2018	2017
Lovfesta revisjon	2 058	1 501
Skatterådgjeving	46	79
Andre tenester	940	1 180
Sum	**3 044**	**2 760**

NOTE 18 HENDINGAR ETTER BALANSEDAGEN

NYE KONTRAKTAR
Brekstad–Valset, Hareid–Sulesund og Arsvågen–Mortavika starta 01.01.2019.

NYBYGG
MF Suløy blei levert i februar 2019 frå Havyard Ship Technology AS. MF «Giskøy» blei levert i mars 2019 frå Havyard Ship Technology AS.

SAL AV FANAFJORD
Fjord1 selde MF «Fanafjord» i mars 2019. Fartøyet var klassifisert som anleggsmiddel for sal per 31.12.2018 og verdsett i samsvar med salsverdi.

SELSKAPS-REKNESKAP 2018

RESULTATREKNESKAP 01.01. - 31.12.

Beløp i NOK 1000	Note	2018	2017
Salsinntekt	24	818 040	854 313
Kontraktsinntekter rutedrift	24	2 241 372	1 896 958
Anna driftsinntekt	1, 24	34 427	43 387
Sum driftsinntekter		**3 093 840**	**2 794 658**
Varekostnad		68 821	67 592
Lønskostnad	14, 18	847 304	816 346
Avskriving	1	261 261	215 658
Nedskriving	1	-68 895	0
Annan driftskostnad	9, 19, 21	1 204 254	1 048 654
Sum driftskostnadar		**2 312 745**	**2 148 250**
Driftsresultat		**781 094**	**646 408**
Inntekt frå investering i dotterselskap	2	317	315
Inntekt frå investering i tilknytt selskap	3	38 183	23 102
Renteinntekt frå foretak i same konsern		6 880	536
Anna renteinntekt		3 408	4 636
Anna finansinntekt	20	795	7 274
Nedskriving av finansielle anleggsmiddel		-400	0
Annan rentekostnad		-93 129	-59 229
Annan finanskostnad	22	-22 368	-19 972
Ordinært resultat før skattekostnad		**714 780**	**603 071**
Skattekostnad på ordinært resultat	13	134 083	130 123
Årsresultat		**580 697**	**472 948**
Disponering (dekking) av årsresultatet			
Foreslått utbytte		270 000	270 000
Overført til annan eigenkapital		310 697	202 948
Sum disponert (dekt)		**580 697**	**472 948**

BALANSE PER 31.12.

Beløp i NOK 1000	Note	2018	2017
EIGENDELAR			
ANLEGGSMIDDEL			
Varige driftsmiddel			
Tomtar, bygningar o.a. fast eigedom	1, 16	278 932	40 505
Maskinar og anlegg	1	962	589
Skip o.l.	1, 16	5 128 937	3 669 216
Driftslausøyre, inventar, verktøy, kontormaskiner o.l.	1	32 630	23 180
Sum varige driftsmiddel		**5 441 461**	**3 733 490**
Finansielle anleggsmiddel			
Investeringar i dotterselskap	2	124 207	124 207
Lån til føretak i same konsern	6, 7	136 132	21 871
Investeringar i tilknytte selskap	3	248 571	238 124
Investeringar i aksjar og eigarpartar	4	840	1 176
Obligasjonar og andre fordringar	5	2 591	511
Pensjonsmidlar	14	8 728	4 822
Sum finansielle anleggsmiddel		**521 069**	**390 711**
Sum anleggsmiddel		**5 962 531**	**4 124 201**
OMLØPSMIDDEL			
Varer	8	24 049	16 447
Fordringar			
Kundefordringar	9	93 088	82 712
Andre fordringar	10	134 596	80 871
Fordring på selskap i same konsern	7	11 193	781
Sum fordringar		**238 877**	**164 365**
Bankinnskot, kontantar o.l.	16	199 710	403 418
Sum omløpsmiddel		**462 636**	**584 229**
SUM EIGENDELAR		**6 425 167**	**4 708 431**

BALANSE PR. 31.12. EIGENKAPITAL OG GJELD

Beløp i NOK 1000	Note	2018	2017
EIGENKAPITAL			
Innskoten eigenkapital			
Aksjekapital (100 000 000 aksjar á kr 2,5)	11, 12	250 000	250 000
Eigne aksjar		-2 079	0
Overkurs		360 924	360 924
Sum innskoten eigenkapital		**608 845**	**610 924**
Opptent eigenkapital			
Annan eigenkapital	12	1 211 043	900 347
Sum opptent eigenkapital		**1 211 043**	**900 347**
Sum eigenkapital		**1 819 888**	**1 511 271**
GJELD			
Avsetningar for forpliktingar			
Utsett skatt	13	431 333	378 786
Andre avsetningar for forpliktingar	15, 24	11 417	16 558
Sum avsetningar for forpliktingar		**442 751**	**395 344**
Anna langsiktig gjeld			
Obligasjonslån	16	988 250	985 250
Gjeld til kredittinstitusjonar	16	1 802 742	684 727
Sum anna langsiktig gjeld		**2 790 992**	**1 669 977**
Kortsiktig gjeld			
Leverandørgjeld		283 943	161 597
Betalbar skatt	13	87 128	34 014
Skuldige offentlege avgifter		91 945	83 989
Utbytte	12	270 000	270 000
Anna kortsiktig gjeld	17	578 619	547 179
Gjeld til selskap i same konsern	7	59 900	35 061
Sum kortsiktig gjeld		**1 371 536**	**1 131 839**
Sum gjeld		**4 605 278**	**3 197 160**
SUM EIGENKAPITAL OG GJELD		**6 425 167**	**4 708 431**

Styret i Fjord1 ASA

Florø, 20. mars 2019



Vegard Sævik
Styreleiar

Per Rolf Sævik
Styremedlem

Siri Hatland
Styremedlem



Siri Beate Hatlen
Styremedlem



Frederik Wilhelm Mohn
Styremedlem

Atle Olav Trollebø
Styremedlem

Geir Offerdal
Styremedlem



Dagfinn Neteland
Adm.dir.

KONTANTSTRAUM 2018

Tall i heile 1000	Note	2018	2017
Kontantstraum frå operasjonelle aktivitetar			
Resultat før skatt		714 780	603 071
Betalt skatt	13	-28 496	
Vinst/tap ved sal av eigendelar	1	-1 183	-4 704
Vinst ved sal av aksjar og eigarpartar			
Resultat frå investering i tilknytte selskap	3	-38 500	-23 417
Ordinære avskrivingar	1	261 261	215 958
Nedskriving på anleggsmidlar	1	-68 895	
Endring i vareleverandørgjeld		122 346	57 229
Endring i varer og kundekrav		-17 978	-18 193
Endring i andre tidsavgrensingspostar		-48 043	1 423
Netto likviditetsendring frå verksemda		**895 293**	**831 367**
Likvide midlar som blei tilførte/brukte på investeringar:			
Investeringar i varige driftsmiddel	1	-1 901 661	-676 977
Utbetaling ved kjøp av aksjar og partar		-10 511	-20 381
Sal av varige driftsmidlar (salssum)	1	1 385	100 078
Innbetalingar på lånefordringar (korts./langs)		25 900	2 365
Utbetalingar på lånefordring konsern (korts./langs.)		-139 886	
Utbytte frå tilknytte selskap	3	38 500	23 417
Endring i andre investeringar			
Netto likviditetsendring frå investeringar		**-1 986 273**	**-571 499**
Likvide midlar som er tilførte/brukte på finansiering:			
Opptak av ny langsiktig gjeld		2 120 571	1 000 000
Utbetaling ved nedbetaling langsiktig gjeld		-963 299	-1 090 783
Netto endring i kassakreditt			
Utbyte (utbetalt)		-270 000	-250 000
Netto likviditetsendring frå finansiering		**887 272**	**-340 783**
Netto endring i likvide midlar i året		**-203 708**	**-80 915**
Kontantbehaldning kjøpte selskap		0	0
Kontantar og bankinnskot per periodestart 01.01.		403 418	484 332
Likviditetsbehaldning 31.12.		**199 710**	**403 418**

REKNESKAPSPRINSIPP

Årsrekneskapen er sett opp i samsvar med rekneskapslova og god rekneskapsskikk.

BRUK AV ESTIMAT

Utarbeiding av rekneskap i samsvar med rekneskapslova krev bruk av estimat. Vidare krev bruk av rekneskapsprinsippa til selskapet at leiinga må utøve skjønn. Område som i stor grad inneheld slike skjønnsvurderingar, høg grad av kompleksitet, eller område der føresetnader og estimat er vesentlege for årsrekneskapen, er gjorde greie for i notane.

Rekneskapsprinsipp for aksjar i dotterselskap og tilknytte selskap

Dotterselskap er selskap der morselskapet har kontroll og dermed avgjerande innverknad på den finansielle og operasjonelle strategien til selskapet, normalt ved å eige meir enn halvparten av den røysteføre kapitalen. Investeringar i selskap der Fjord1 ASA eig 20–50 prosent av den røysteføre kapitalen og har vesentleg påverknad, blir definerte som tilknytte selskap. Ei oversikt over dotterselskap og tilknytte selskap per 31. desember 2018 er teken med i note 2 og note 3.

Investeringar i selskap vurderer selskapet til kjøpskost for aksjane (kostmetoden), med mindre nedskriving har vore nødvendig. Konsernbidrag til dotterselskap, med frådrag for skatt, fører selskapet som auka kostpris for aksjane. Utbytte/konsernbidrag er inntektsført same året som det er avsett i rekneskapen for dotterselskapet eller det tilknytte selskapet. Når utbytte/konsernbidrag vesentleg overstig den delen av resultatet som er halden tilbake i selskapet etter kjøpet, vurderer selskapet den overskytande delen som tilbakebetaling av investert kapital og trekkjer han frå verdien på investeringa i balansen.

DRIFTSINNTEKTER

Inntektsføring ved sal av varer skjer på leveringstidspunktet. Tenester blir inntektsførte i takt med utføringa.

Driftsinntekter, bil-, passasjer- og godsfraktinntekter, andre driftsinntekter og kontraktbetaling frå offentlege oppdragsgjevarar er inntektsførte i det året dei gjeld. Kontraktbetalinga er balanseført som fordring dersom den ikkje fullt ut er innbetalt pr. årsskiftet.

Sal av verdikort for passasjerar og køyretøy på ferjerutene blir inntektsførte på brukstidspunktet, og selskapa har ansvaret for unytta verdiar. Unytta verdiar blir klassifiserte som anna kortsiktig gjeld i balansen.

KLASSIFISERING OG VURDERING AV BALANSEPOSTAR

Eigendelar som er meinte til varig eige eller bruk, klassifiserer selskapet som anleggsmiddel. Eigendelar som er knytt til varekretsløpet, klassifiserer selskapet som omløpsmiddel. Fordringar blir klassifiserte som omløpsmiddel dersom dei skal betalast tilbake i løpet av eitt år etter utbetalingstidspunktet. For gjeld legg selskapet analoge kriterium til grunn.

Omløpsmiddel blir vurdert til det lågaste av kjøpskost og verkeleg verdi. Kortsiktig gjeld i norske kroner blir balanseført til nominelt beløp på etableringstidspunktet.

Anleggsmiddel vurderer selskapet til kjøpskost. I kjøpskost på driftsmiddel med lang tilverkingstid inngår også lånekostnadar til tilverkinga av driftsmiddelet. Varige anleggsmiddel som fell i verdi, blir avskrivne lineært over forventa økonomisk levetid.

Anleggsmiddel blir nedskrivne til verkeleg verdi ved verdifall, dersom rekneskapsreglane krev dette. Langsiktig gjeld i norske kroner blir balanseført til nominelt beløp på etableringstidspunktet. Avsetningar blir neddiskonterte dersom renteelementet er vesentleg.

VARIGE DRIFTSMIDDEL

Varige driftsmiddel blir balanseførte og avskrivne lineært over den forventa levetida til driftsmidla dersom dei har ei forventa levetid på meir enn 3 år og har ein kostpris som overstig kr 15 000. Når det gjeld avskrivingstid på investeringar/påkostnadar / større utskiftingar, vil desse følgje forventa levetid på driftsmiddelet. Vesentlege driftsmiddel som er samansette av større komponentar med ulik levetid, er dekomponert med ulik avskrivingstid for dei ulike komponentane.

Vedlikehald av driftsmiddel blir kostnadsførte kontinuerleg under driftskostnadar. Påkostnadar eller forbetringar blir tillagde kostprisen på driftsmiddelet og blir avskrivne i takt med driftsmiddelet. Skilnaden mellom vedlikehald og påkostnad/forbetring reknar selskapet i høve til den tekniske standen på driftsmiddelet ved kjøp av middelet.

Alle skip inngår i eit årleg vedlikehaldsprogram. Klassifikasjonskostnadar og vedlikehaldskostnadar blir utgiftsførte i samband med det årlege vedlikehaldsprogrammet med unntak av hovudmotor, thrustarar og tilhøyrande utstyr, og 5-årsklassing. Kostnadar til dette blir balanseførte og avskrivne over perioden fram til neste periodiske vedlikehald.

Kostnadane blir balanseførte i balansen under skip og er spesifiserte i note 1. Ved levering av nybygg balansefører selskapet ein del av kostprisen som periodisk vedlikehald, og dette blir avskrive ved første periodiske vedlikehald.

LEASING
Ein leigeavtale blir klassifisert som finansiell eller operasjonell i samsvar med det reelle innhaldet i den enkelte avtalen. Dersom det vesentlege av økonomisk risiko og kontroll knytt til det underliggjande leigeobjektet er gått over på leigetakaren, blir avtalen klassifisert som finansiell. Andre leigeavtalar blir klassifiserte som operasjonelle.

Driftsmiddel som er knytt til leigeavtalar som blir vurderte som finansiell leasing, blir aktiverte i balansen til verdien av vederlaget i leigeavtalen og blir avskrivne som varige driftsmiddel. Avdragsdelen av leigevederlaget blir vist som langsiktig gjeld. Det samla vederlaget blir redusert med betalt leige etter frådrag for utrekna rentekostnad.

For avtalar som blir klassifiserte som operasjonell leasing, blir leigebetalingane behandla som ein driftskostnad som blir fordelt systematisk over heile leigeperioden.

ANDRE LANGSIKTIGE AKSJEINVESTERINGAR
Kostmetoden blir brukt som prinsipp for investeringar i andre aksjar m.m. Investeringane er vurderte til kostpris for aksjane med mindre nedskriving har vore naudsynt. Det er gjort nedskriving til verkeleg verdi når verdifall kjem av årsaker som ein ikkje reknar med vil vere forbigåande. Nedskrivingar er reverserte når grunnlaget for nedskriving ikkje er til stades.

Utdelingar blir i utgangspunktet rekneskapsførte som finansinntekt når utdelinga er vedteken. Dersom utdelingane vesentleg overstig del av opptent eigenkapital etter kjøpet, blir det overskytande ført til reduksjon av kostprisen.

INVESTERING I TILKNYTTE SELSKAP OG DOTTERSELSKAP
Investering i tilknytte selskap og dotterselskap blir vurdert etter kostmetoden.

NEDSKRIVING AV ANLEGGSMIDLAR
Ved indikasjon på at balanseført verdi av eit anleggsmiddel er høgare enn verkeleg verdi, gjennomfører selskapet test for verdifall. Selskapet vurderer om gjenvinningsbeløpet på anleggsmidla relatert til den tilhøyrande vurderingseininga overstig balanseført verdi. Testen blir gjennomført for det lågaste nivået av anleggsmiddel som har sjølvstendige kontantstraumar.

Attvinningsbeløp blir utrekna som det høgaste av bruksverdi og netto salsverdi på vurderingseininga. Med bruksverdi meiner selskapet noverdien av framtidige kontantstraumar som er forventa å oppstå frå vurderingseininga, medan netto salsverdi blir definert som skilnaden mellom marknadsverdi på balansedagen og estimerte salskostnadar. I dei tilfella anleggsmidla i vurderingseininga er bundne opp i kontraktar og ikkje kan realiserast utan at kontraktbrot blir hevda av avtaleparten, brukar selskapet berre bruksverdi som eit alternativ for attvinningsbeløp. Framtidige kontantstraumar omfattar kontantstraumar frå vurderingseininga frå operasjonelle aktivitetar og terminalverdien for tilhøyrande anleggsmiddel ved utgangen av dei kontraktane som eventuelt er grunnlaget for vurderingseininga.

Dersom balanseført verdi er høgare enn både salsverdi og attvinningsbeløp, blir det gjennomført nedskriving til høgaste av salsverdi og attvinningsbeløp.

Tidlegare nedskrivingar blir reverserte dersom føresetnadene for nedskrivinga ikkje lenger er til stades (med unntak for nedskriving av goodwill).

SIKRING
Selskapet har ikkje nytta verdisikring.

Kontantstraumsikring
Terminkontraktar som sikrar framtidige inn- og utbetalingar, blir rekneskapsførte ved realisasjon av terminkontraktane. Verdiendring på sikringsinstrumentet blir ikkje rekneskapsført. Sikringsobjektet blir rekneskapsført på transaksjonstidspunktet.

Selskapet nyttar ulike sikringsinstrument og fastprisavtalar for å sikre kontantstraumane, særleg når det gjeld ulike typar drivstoff og renter. Bruk av sikringsinstrument vurderer selskapet opp mot reguleringsklausulane i dei aktuelle kontraktane. Om aktuelle reguleringsklausular for ein kontrakt ikkje blir vurderte å gje tilfredsstillande dekning for prisutviklinga på den aktuelle innsatsfaktoren, vil selskapet kunne bruke tilgjengelege sikringsinstrument for å redusere eller eliminere prisutviklingsrisikoen.

Drivstoff
Selskapet brukar terminkontraktar for å redusere prisrisikoen i drivstoffmarknaden for dei kontraktane som ikkje har reguleringsmekanisme for prisendring. I månadar der den aktuelle marknadsprisen ligg over sikringsprisen, vil selskapet få utbetalt skilnaden frå motparten. I månadar der den aktuelle marknadsprisen ligg under sikringsprisen, vil selskapet betale skilnaden til motparten. For det aktuelle avtalte volumet vil selskapet ha ein fastpris for den avtalte perioden.

Renter
Selskapet brukar rentebyteavtalar der selskapet avtalar

renter og nedbetalingstid med ein motpart. I månadar der den aktuelle marknadsrenta ligg over nivået som selskapet har gjort sikringsavtale for, vil selskapet få utbetalt skilnaden rekna etter resterande del av hovudstol frå motparten. I månadar der den aktuelle marknadsrenta ligg under nivået selskapet har gjort sikringsavtale for, vil selskapet betale skilnaden rekna etter den resterande delen av hovudstolen til motparten. For avtalt beløp og periode vil selskapet ha fast rente gjennom slike avtalar.

Selskapet har i mindre grad gjort bruk av avtalar der selskapet er sikra ein pris- eller rentekorridor. Målet med slike avtalar er å sikre seg mot konsekvensar ved ekstreme utslag på den underliggjande prisutviklinga.

VARER
Lager av innkjøpte varer blir vurderte til det lågaste av kjøpskost etter FIFO-prinsippet og verkeleg verdi. Det blir gjennomført nedskriving for påreknelig ukurans.

FORDRINGAR
Kundefordringar og andre fordringar blir førte opp i balansen til pålydande etter frådrag for avsetning til forventa tap. Avsetning til tap blir gjennomført på grunnlag av individuelle vurderingar av dei enkelte fordringane. I tillegg gjennomfører selskapet ei uspesifisert avsetning for å dekkje forventa tap på andre fordringar.

Andre fordringar, både omløpsfordringar og anleggsfordringar, blir førte opp til det lågaste av pålydande og verkeleg verdi. Verkeleg verdi er noverdien av forventa framtidige innbetalingar. Det blir likevel ikkje gjennomført neddiskontering når effekten av neddiskontering er uvesentleg for rekneskapen. Avsetning til tap blir vurdert på same måten som for kundefordringar.

KORTSIKTIGE PLASSERINGAR
Kortsiktige plasseringar (aksjar og partar som er omløpsmiddel) blir vurderte til det lågaste av gjennomsnittleg kjøpskost og verkeleg verdi på balansedagen. Motteke utbyte og andre utdelingar blir inntektsførte som anna finansinntekt.

TAPSKONTRAKTAR / NEDSKRIVING AV ANLEGGSMIDLAR
Verksemda til selskapet inneber mellom anna at det blir inngått kontraktar med det offentlege om levering av kollektivtenester. For fleire av desse kontraktane har selskapet ein stor del av risikoen for utviklinga i fleire kostnadsartar (til dømes lønn, rente og drivstoff), utan at inntektene blir endra tilsvarande. Dette kan resultere i at kontraktane blir ulønnsame dersom kostnadane aukar i større omfang enn inntektene. Selskapet måler difor noverdien av framtidige forventa kontantstraumar frå operasjonelle aktivitetar i kvar enkelt kontrakt, der estimerte utbetalingar omfattar alle uunngåelege framtidige driftskostnadar til betaling. Av- og nedskrivingar og finanskostnadar er ikkje inkluderte. I den grad kvar enkelt kontrakt blir rekna som ei kontantgenererande eining, blir kontantstraumen definert på same måten som den som blir lagd til grunn i nedskrivingstestar for anleggsmidlar, med unntak av at terminalverdien til anleggsmidla ved utgangen av kontraktane ikkje blir teken med. Dersom utrekningane viser ein negativ noverdi, balansefører selskapet dette beløpet som ei avsetning. Før det eventuelt blir gjort avsetning for tapskontraktar, blir behovet for å gjere nedskriving av anleggsmidlane vurdert. Dette betyr at ein først gjer nedskriving på anleggsmidlane, og så gjer ein eventuelt avsetning for tapskontraktar.

Eventuell avsetning for tapskontraktar blir balanseført under avsetning for forpliktingar (langsiktig gjeld). Avsetning for tapskontraktar som gjeld varekretsløpet, eller som har forventa oppgjerstidspunkt i løpet av eit år frå balansedagen, blir klassifiserte som anna kortsiktig gjeld.

Avsetninga/nedskrivinga blir reversert i takt med eventuell reduksjon av negativ noverdi i seinare periodar.

Ved ny utlysing av kontrakt på enkeltsamband innanfor ein eksisterande anbodspakke gjer ein ei konkret vurdering av om dette/desse sambanda kan vurderast som ein del av den opphavlege kontantgenererande eininga.

På fleire av anbodskontraktane har oppdragsgjevaren opsjon på framhald av kontraktane. Det blir gjort ei vurdering om opsjonen vil bli utøvd og dermed skal inngå i kontantstraumane til den kontantgenererande eininga.

VALUTA
Transaksjonar i utanlandsk valuta blir rekna om til kursen på transaksjonstidspunktet. Pengepostar i utanlandsk valuta blir vurderte etter kursen ved slutten av rekneskapsåret. Valutakursendringar blir resultatførte i rekneskapsperioden under finanspostar.

PENSJONAR
Selskapet har ulike pensjonsordningar. Pensjonsordningane er finansierte gjennom innbetalingar til offentleg eller privat administrerte forsikringsplanar/-selskap, med unntak av AFP-ordningar og nokre ordningar som er dekte over drift. Selskapet har både innskotsplanar og ytingsplanar.

INNSKOTSPLANAR
Ved innskotsplanar betalar selskapet innskot til offentlege eller privat administrerte forsikringsplanar/-selskap. Selskapet har inga vidare betalingsplikt etter at innskota er betalte. Innskota blir rekneskapsførte som personalkostnad. Eventuelle forskotsbetalte innskot

blir balanseførte som eigedel (pensjonsmidlar) i den grad innskotet kan refunderast eller redusere framtidige innbetalingar.

YTINGSPLANAR
Ein ytingsplan er ei pensjonsordning som ikkje er ein innskotsplan. Ein ytingsplan er vanlegvis ei pensjonsordning som definerer ei pensjonsutbetaling som ein tilsett vil få når han eller ho pensjonerer seg. Pensjonsutbetalinga er normalt avhengig av fleire faktorar, som alder, tal år i selskapet og lønn. Den balanseførte forpliktinga som er knytt til ytingsplanar, er noverdien av dei definerte ytingane på balansedagen minus verkeleg verdi av pensjonsmidlane (innbetalte beløp til forsikringsselskap), justert for ikkje resultatførte estimatavvik og ikkje resultatførte kostnadar til pensjonsopptening i tidlegare periodar. Pensjonsforpliktinga blir utrekna årleg av ein uavhengig aktuar ved bruk av ein lineær oppteningsmetode.

Planendringar blir amortiserte over forventa attverande oppteningstid. Det same gjeld estimatavvik som skriv seg frå ny informasjon eller endringar i dei aktuarmessige føresetnadene, i den grad dei overstig 10 prosent av den største av pensjonsforpliktingane og pensjonsmidlane (korridor).

SKATT
Skattekostnaden i resultatrekneskapen omfattar både skatten som skal betalast i perioden, og endring i utsett skatt. Utsett skatt blir rekna med aktuell skattesats (22 %) på grunnlag av dei mellombelse skilnadene som eksisterer mellom rekneskapsmessige og skattemessige verdiar, og eventuelt likningsunderskot til framføring ved utgangen av rekneskapsåret. Skatteaukande og skattereduserande mellombelse skilnader som blir reverserte eller kan reverserast i same periode, blir utlikna. Oppføring av utsett skattefordel på netto skattereduserande skilnader som ikkje kan utliknast og er underskot til framføring, er grunngjeve ut frå venta framtidig inntening. Utsett skatt og skattefordel som kan balanseførast, er oppført netto i balansen.

Ved oppkjøp av selskap vurderer ein om ein skal bruke noverdien av den utsette skatten på dei mellombelse skilnadene.

Skatt på gjeve konsernbidrag som blir ført som auka kostpris på aksjar i andre selskap og skatt på motteke konsernbidrag som blir ført direkte mot eigenkapitalen, fører selskapet direkte mot skatt i balansen (føringa skjer mot skatt til betaling dersom konsernbidraget har verknad på skatt til betaling, og mot utsett skatt om konsernbidraget har verknad på utsett skatt).

KONTANTSTRAUMOPPSTILLING
Kontantstraumoppstillinga blir utarbeidd etter den indirekte metoden. Kontantar og kontantekvivalentar omfattar kontantar, bankinnskot og andre kortsiktige, likvide plasseringar som omgåande og med uvesentleg kursrisiko kan konverterast til kjende kontantbeløp og med forfallsdato kortare enn tre månadar frå opphavsdato.

NOTE 1 VARIGE DRIFTSMIDDEL

VARIGE DRIFTSMIDDEL MOR	Bygningar, eigedom og tomt	Infrastruk-tur under oppføring	Skip	Skip under oppføring	Transport-middel	Drifts-lausøyre, verktøy, inventar med meir	Sum varige driftsmiddel
Kostpris og ordinære avskrivingar							
Kostpris 01.01.	69 916	3 209	5 653 808	679 638	1 931	179 864	6 588 365
+ tilgang i år	45 123	200 682	72 887	1 564 887	679	17 405	1 901 661
+ tilgang overført av ferdige driftsmidlar	0	0	1 585 181	-1 585 181	0	0	0
– avgang i år	1 381	0	17 849	0	779	339	20 348
Kostpris 31.12.	**113 658**	**203 890**	**7 294 027**	**659 344**	**1 831**	**196 929**	**8 469 678**
Akkumulerte ordinære avskrivingar 31.12.	38 616	0	2 714 859	0	869	164 299	2 918 643
Akkumulert nedskriving 31.12.			109 574				109 574
Rekneskapsmessig bokført verdi 31.12.	**75 042**	**203 890**	**4 469 594**	**659 344**	**962**	**32 630**	**5 441 461**
Årets avskrivingar	7 204	0	245 795	0	306	7 955	261 261
Årets revsersering av nedskriving	0	0	-84 625	0	0	0	-84 625
Årets nedskrivingar	0	0	15 730	0	0	0	15 730
Økonomisk levetid	0-30 år		5-30 år		5-10 år	3-5 år	
Avskrivingsplan	Linær		Linær		Linær	Linær	

TILGANG

Sju fartøy blei leverte i 2018: MF «Møkstrafjord», MF «Horgeford», MF «Husavik», MF «Vestrått», MF «Austrått», MF «Hadarøy» og MF «Kommandøren». Selskapet har per 31.12.18 femten fartøy under bygging.

NEDSKRIVING AV SKIP

Selskapet har i løpet av 2018 identifisert nedskrivingsindikatorar for skipa til selskapet i ferjesegmentet, som utløp av fleire kontraktar, og den stadige utviklinga i teknologiske og miljømessige krav i offentlege anbod. Vidare har selskapet identifisert indikasjonar på at nedskrivingsbehov, der nedskriving er teke i tidlegare periodar, er redusert eller ikkje lenger eksisterer per balansedato, som følgje av utløp av kontraktar.

Grunna identifiserte indikatorar har selskapet gjennomført nedskrivingstestar på skipa ved å estimere beløp som kan attvinnast. Kvar ferjekontrakt, og alle skip som er dedikerte for bruk på dei ulike ferjekontraktane, har blitt identifisert som eigne kontantstraumgenererande einingar (KGE-ar).

Når potensiell nedskriving av dei ulike ferjekontraktane har blitt vurderte, har selskapet vurdert attvinnbare beløp for kvar kontrakt basert på verkeleg verdi fråtrekt avhendingskostnadar. Verkeleg verdi er basert på ein kalkulert netto noverdi av framtidige kontantstraumar for kvar ferjekontrakt, med ein residualverdi lik ein estimert verdi på skipet etter utløpet av dei ulike ferjekontraktane basert på to uavhengige meglarverdsetjingar. Meglarverdiane er reduserte med ein estimert salskommisjon, som er dei estimerte avhendingskostnadene. Ei reversering av nedskrivingar av skip som er tekne i tidlegare periodar, blir gjennomførte når høve og bevis indikerer at nedskrivingsbehov som er identifiserte i tidlegare periodar, ikkje lenger eksisterer eller der nedskrivingsbehovet er redusert.

Basert på nedskrivingstestar gjennomført per 31. desember 2018 har selskapet identifisert nedskrivning teke for eitt skip som per 31. desember 2018 ikkje er dedikert for bruk på nokon ferjekontrakt, og reversert nedskriving av to kontraktar:

Nedskriving av eitt skip

Eitt skip som per no ikkje er dedikert for bruk på nokon ferjekontrakt, har blitt identifisert som nedskrive per 31. desember 2018. Skipet har i tidlegare periodar vore dedikert for bruk på ein ferjekontrakt som gjekk ut 31. desember 2018. Selskapet har ikkje lykkast i å ta skipet i bruk på ein ny ferjekontrakt og har difor skrive ned skipet

til verkeleg verdi fråtrekt avhendingskostnadar, som svarar til estimert marknadsverdi på skipet utan kontrakt fråtrekt estimert salskommisjon.

Reversering av nedskriving på to kontraktar
To av ferjekontraktane til selskapet har anten gått ut 31. desember 2018 eller kjem til å gå ut i nær framtid, og difor er heile eller storparten av verkeleg verdi for KGE-en knytt til residualverdien av skipa som er dedikerte til KGE-en, og ingen eller ein liten del av den verkelege verdien av KGE-en er knytt til den verkelege verdien av ferjekontrakten. Når ein har rekna ut verkeleg verdi fråtrekt avhendingskostnadar for desse KGE-ane er det synleggjort at nedskrivingsbehovet, som nedskrivingstapet som er teke på desse KGE-ane i tidlegare periodar er basert på, ikkje lenger eksisterer eller er redusert.

Kontantstraumen er diskontert med ein estimert vekta gjennomsnittleg kapitalkostnad (WACC). Kontantstraumane er rekna ut etter skatt og diskontert med ei diskonteringsrente etter skatt. Den nominelle vekta gjennomsnittlege kapitalkostnaden (WACC) nytta i utrekningane er 7,0 %.

Gevinst ved sal av driftsmiddel er klassifiserte som andre driftsinntekter.

NOTE 2 OPPLYSNINGAR OM DOTTERSELSKAP

Dotterselskap	Kontor-stad	Eigardel	Røyste-rett	Aksje-kapital	Totalt tal aksjar	Tal på aksjar	Eigenkapital i dottersel-skap	Resultat i dottersel-skap	Bokført verdi	Avgjeve utbytte
Hareid Trafikkterminal AS	Hareid	63 %	63 %	1 200	1 200	760	4 776	1 027	768	500
F1 Administrasjon AS	Florø	100 %	100 %	1 500	15 000	15 000	11 608	4 195	4 082	
Bolsønes Verft AS	Molde	100 %	100 %	100	100	100	5 795	962	23 000	
ÅB Eigedom AS	Årdal	66 %	66 %	2 750	2 750	1 814	11 755	4 424	6 038	
Måløy Reisebyrå AS	Måløy	100 %	100 %	300	50	50	3 963	1 064	1 777	
Fanafjord AS	Florø	100 %	100 %	400	1 000	1 000	7 559	-294	4 407	
Nye Fanafjord AS	Florø	90 %	90 %	30	30 000	27 000	102 560	-37 190	84 135	
Sum							**148 015**	**-25 812**	**124 207**	**500**

NOTE 3 AKSJAR I TILKNYTT SELSKAP

Tilknytta selskap	Forretnings-kontor	Eigardel/ stemmedel	Kostpris	Resultat i 2018	Bokført eigenkapital 31.12.18	Avgjeven utbytte
The Fjords DA	Flåm	50,0 %	5 000	(2 982)	7 018	12 118
The Fjords Fartøy I DA	Flåm	50,0 %	15 400	526	32 089	
Sognefjorden Farty I AS	Flåm	50,0 %	630	(96)	992	
The Fjords Fartøy II DA	Flåm	50,0 %	19 625	1 189	40 385	
The Fjords Fartøy III DA	Flåm	50,0 %	8 750	(18)	17 482	
Partsrederiet Kystekspressen ANS	Trondheim	49,0 %	13 382	7 041	53 803	1 715
WF Holding AS*	Bodø	34,0 %	178 600	(128)	516 910	17 000
Fjord Tours AS	Bergen	30,6 %	1 231	25 000	36 000	7 350
Geiranger Fjordservice AS	Geiranger	30,2 %	5 953	2 883	18 805	
Sum			**248 571**	**33 415**	**723 486**	**38 183**

* WF Holding AS er dotterselskap av Torghatten ASA, som utarbeider konsernrekneskap der selskapet inngår i konsolideringa. Morselskapet sitt forretningskontor har adresse Havnegata 40, 8900 Brønnøysund.

NOTE 4 INVESTERINGAR I AKSJAR OG EIGARPARTAR

Selskap	Bokført verdi
Fjord Invest AS	100
Andre aksjar og eigarpartar	741
Sum aksjar og eigarpartar	**840**

NOTE 5 OBLIGASJONER OG ANDRE FORDRINGAR

	2018	2017
Lån tilsette	2 347	192
Andre langsiktige fordringar	244	319
Sum andre fordringer	2 591	511

NOTE 6 LANGSIKTIGE FORDRINGAR TIL KONSERNSELSKAP

	2018	2017
Hareid Trafikkterminal AS	600	636
Bolsønes Verft AS	15 300	16 250
Fanafjord AS	5 232	4 984
Nye Fanafjord AS	115 000	0
Sum langsiktige fordringar til konsernselskap	**136 132**	**21 871**

NOTE 7 MELLOMVÆRE MELLOM SELSKAP I SAME KONSERN OG TILKNYTTE SELSKAP

	Salg		Kjøp	
	2018	2017	2018	2017
Konsernselskap			218 602	
F1 Administrasjon AS	929	647	161 995	131 893
Bolsønes Verft AS	1	226	8 676	8 881
Måløy Reisebyrå AS	0	0	2 241	430
Hareid Trafikkterminal AS	514	282	65	0
Nye Fanafjord AS	42	42	45 625	46 141
Fanafjord AS	26	26	0	0
Sum konsernselskap	**1 513**	**1 224**	**218 602**	**187 346**
Tilknytte selskap				
The Fjords DA	34 988	28 938	348	1 063
The Fjords Fartøy II DA	460	345	0	0
Geiranger Fjordservice AS	3	0	0	0
Sum tilknytte selskap	**35 451**	**29 283**	**348**	**1 063**

	Kortsiktig fordring		Langsiktige fordringar	
	2018	2017	2018	2017
Konsernselskap				
F1 Administrasjon AS	2 963	0	0	0
Bolsønes Verft AS	325	323	15 300	16 250
Hareid Trafikkterminal AS	315	315	600	636
Nye Fanafjord AS	7 564	0	115 000	0
Fanafjord AS	26	143	5 232	4 985
Sum konsernselskap	**11 193**	**781**	**136 132**	**21 871**
Tilknytte selskap				
The Fjords DA	2 304	1 541	0	0
The Fjords Fartøy II DA	0	144	0	0
Sum tilknytte selskap	**2 304**	**1 685**	**0**	**0**

	Kortsiktig gjeld		Langsiktig gjeld	
	2018	2017	2018	2017
Konsernselskap				
F1 Administrasjon AS	42 013	26 663	0	0
Bolsønes Verft AS	558	198	0	0
Måløy Reisebyrå AS	4 917	4 769	0	0
ÅB Eigedom AS	9 425	940	0	0
Hareid Trafikkterminal AS	2 986	2 489	0	0
Nye Fanafjord AS	0	1	0	0
Sum konsernselskap	**59 900**	**35 061**	**0**	**0**

NOTE 8 VARER

Varelager består av varer som er kjøpte inn for vidaresal, og behaldning MGO, biodiesel og LNG. Det er ikkje gjort nedskriving for ukurans. Bokført verdi er satt til det lågaste av innkjøpskostnad og verkeleg verdi.

	31.12.18	31.12.17
Tankanlegg – lager LNG	0	775
Gassbehaldning skip	3 776	0
Oljebehaldning skip	17 571	12 972
Varer kjøpte for vidaresal	2 702	2 700
Varelager 31.12.	**24 049**	**16 447**

NOTE 9 KUNDEFORDRINGAR

	2018	2017
Kundefordringar til pålydande 31.12.	94 024	83 648
Delkredereavsetning 31.12.	-936	-936
Kundefordringar 31.12.	**93 088**	**82 712**
Årets faktiske tap på fordringar	407	26
Tap på fordringar	**407**	**26**

Tap på fordringar inngår i posten andre driftskostnadar.

NOTE 10 ANDRE KORTSIKTIGE FORDRINGAR

	2018	2017
Forskotsbetalingar	15 972	5 383
Andre fordringar	23 582	18 160
Andre periodiseringar – inntekter	64 947	37 336
Havarikrav	14 345	18 906
Tilgode meirverdiavgift	15 749	1 087
Andre kortsiktige fordringar 31.12.	**134 596**	**80 871**

NOTE 11 AKSJEKAPITAL OG AKSJONÆRAR

Aksjekapitalen i Fjord1 ASA var per 31.12.18 250 000 000 kr fordelt på 100 000 000 aksjar pålydande kr 2,50 per aksje. Det er berre éin aksjeklasse i selskapet.

	Antal	Eigarandel
HAVILAFJORD AS	51 500 000	51,5 %
PERESTROIKA AS	7 758 620	7,8 %
VERDIPAPIRFONDET DNB NORGE (IV)	4 770 855	4,8 %
BROWN BROTHERS HARRIMAN (LUX.) SCA	3 576 315	3,6 %
STATE STREET BANK AND TRUST COMP	2 784 219	2,8 %
VERDIPAPIRFONDET DNB NORGE SELEKTI	2 468 227	2,5 %
DZ PRIVATBANK S.A.	2 014 488	2,0 %
ARCTIC FUNDS PLC	1 311 051	1,3 %
JPMORGAN CHASE BANK, N.A., LONDON	1 282 000	1,3 %
LANDKREDITT UTBYTTE	1 264 000	1,3 %
GH HOLDING AS	954 127	1,0 %
SEB NORDENFOND	940 500	0,9 %
TR EUROPEAN GROWTH TRUST PLC	801 892	0,8 %
SKANDINAVISKA ENSKILDA BANKEN S.A.	739 884	0,7 %
FONDSFINANS NORGE	700 000	0,7 %
VERDIPAPIRFONDET SR BANK UTBYTTE	672 661	0,7 %
RBC INVESTOR SERVICES BANK S.A.	622 325	0,6 %
VERDIPAPIRFONDET PARETO NORDIC	606 689	0,6 %
VPF NORDEA NORGE VERDI	593 000	0,6 %
RBC INVESTOR SERVICES TRUST	551 019	0,6 %
Tal aksjar hos dei 20 største (nemnde ovanfor)	85 911 872	85,9 %
Totalt antal aksjar	**100 000 000**	**100 %**

AKSJAR EIGD AV LEIARGRUPPA

	Tal aksjar 31.12.2018
Dagfinn Neteland (administrerande direktør)	36 031
Anne-Mari Sundal Bøe (økonomi- og finansdirektør)	12 926
André Høyset (driftsdirektør)	12 992
Deon Mortensen (sikkerheit- og maritim teknisk direktør)	10 011
Nils Kristian Berge (prosjektdirektør)	3 334
Totalt tal aksjar eigde av leiargruppa	**75 294**

AKSJAR EIGDE AV STYRET

	Tal aksjar 31.12.18
Vegard Sævik (styreleiar)	*
Per Rolf Sævik (styremedlem)	*
Siri Beate Hatlen (styremedlem)	0
Fredrik W. Mohn (styremedlem)	*
Siri Hatland (styremedlem)	0
Atle Olav Trollebø (styremedlem – tilsetterepresentant)	290
Geir Offerdal (styremedlem – tilsetterepresentant)	290
Reidar Tangen (vara – tilsetterepresentant)	624
Ole Kjell Eidem (vara – tilsetterepresentant)	624
Thomas Rakstang (observatør – tilsetterepresentant)	290
Egil Kirkebø (observatør – tilsetterepresentant)	624
Totalt tal aksjar eigde av styret	**2 742**

* Eigarar av aksjar gjennom andre føretak: Vegard og Per Sævik gjennom Havilafjord AS og Frederik W Mohn gjennom Perestroika AS.

NOTE 12 EIGENKAPITAL

Endring av eigenkapital i året:

	Aksje-kapital	Eigne aksjar	Overkurs	Annan eigenkapital	Sum eigenkapital
Eigenkapital 01.01.2018	250 000	0	360 924	900 347	1 511 271
Årets resultat				580 697	580 697
Avsett utbyte				-270 000	-270 000
Kjøp av eigne aksjar, kjøpte 21.12.2018		-2 079		0	-2 079
Eigenkapital 31.12.2018	**250 000**	**(2 079)**	**360 924**	**1 211 043**	**1 819 888**

Eigne aksjar

Oversikt over kjøp og avhending av eigne aksjar

	2018		
	Antal	Vederlag	Andel av aksjekapital
Behaldning 01.01.	0	0	0,0 %
Kjøp september 2018	23 746	1 112	0,4 %
Kjøp oktober 2018	52 450	2 420	1,0 %
Kjøp november 2018	2 795	129	0,1 %
Selt 07.11.2018	78 991	-3 543	-1,4 %
Rabatt aksjar selde 07.11.2018		-118	0,0 %
Kjøp desember 2018	110 000	4 798	1,9 %
Solgt 31.12.2018	63 232	-2 719	-1,1 %
Behaldning av eigne aksjar 31.12.	**331 214**	**2 079**	**0,8 %**

22. mai 2018 vedtok den ordinære generalforsamlinga i Fjord1 ASA å gje fullmakt til styret i selskapet til å erverve eigne aksjar. Etter fullmakta kan Fjord1 kjøpe inntil 3 200 000 eigne aksjar, med samla pålydande på inntil NOK 8 000 000. Det høgaste og lågaste beløpet som kan betaleast per aksje, er høvesvis NOK 100 og NOK 2,50. Fullmakta gjeld fram til ordinær generalforsamling i 2019, seinast 30. juni 2019.

Styret i Fjord1 har vedteke å setje i gang eit tilbakekjøpsprogram basert på fullmakta. Aksjar erverva under tilbakekjøpsprogrammet vil bli utdelt til leiande tilsette under det etablerte bonusprogrammet for leiande ansette, der 50 prosent av bonusen skal gjerast opp i form av aksjar i Fjord1, som det er gjort greie for i leiarlønnserklæringa som er behandla av ordinær generalforsamling 22. mai 2018. Det maksimale talet aksjar som kan ervervast i marknaden for utdeling til dei tilsette, er 110 000.

Fjord1 har engasjert Nordea Markets til å gjennomføre tilbakekjøpsprogrammet på sine vegner.

NOTE 13 REKNESKAPSMESSIG BEHANDLING AV SKATT

	2018	2017
Betalbar skatt kjem fram slik:		
Ordinært resultat før skatt	714 780	603 071
Permanente skilnader	-32 676	6 589
Grunnlag betalbar skatt	682 104	609 660
Endring i mellombelse resultatskilnader	-303 285	-21 571
Framførbart underskot	0	-446 362
Skattepliktig inntekt (grunnlag for betalbar skatt)	378 819	141 726
Årets skattekostnad kjem fram slik:		
Betalbar skatt på årets resultat	87 128	34 014
Endring betalbar skatt på fjorårets resultat	-5 593	0
Justering utsatt skatt 2016	0	-181
Endring utsett skatt / skattefordel i balansen	52 547	96 290
Årets totale skattekostnad	**134 084**	**130 123**
Betalbar skatt i balansen kjem fram slik:		
Betalbar skatt på årets resultat	87 128	34 014
Sum betalbar skatt	**87 128**	**34 014**

Spesifikasjon av grunnlag for utsett skatt:		
Skilnader som blir utlikna:		
Driftsmiddel	1 887 879	1 571 237
Fordringar	-936	-936
Gevinst- og tapskonto	82 198	104 601
Periodisering kontraktsbetaling	-11 417	-16 558
Pensjonar	8 728	4 822
Rentebyteavtale	0	0
Andelar i deltakarliknande selskap	-5 846	-16 272
Endring i underskot til framføring som følgje av endring utsett skatt i 2016	0	-754
Grunnlag for utsett skatt / skattefordel i balansen	**1 960 605**	**1 646 141**
Utsett skattefordel / utsett skatt	431 333	378 786
Utsett skattefordel i rekneskapen		
Utsett skatt	**431 333**	**378 786**
Avstemming av skattekostnaden		
Regnskapsmessig resultat før skatt	714 780	603 071
Forventet skattekostnad (23 % / 24 %)	164 399	144 737
Skattekostnad i resultatregnskapet	134 084	130 123
Avvik	-30 316	-14 614
Forklaring av avvik:		
23/24 % av permanente skilnader	-7 516	1 581
Endring i skattesats (1%)	-19 606	-16 461
Endring betalbar skatt på fjorårets resultat	-5 593	0
Andre skilnader	2 399	266
Sum forklart avvik	**-30 316**	**-14 614**

NOTE 14 PENSJONSPLIKTAR

MORSELSKAP/KONSERN

TENESTEPENSJONSORDNINGAR
Fjord1 ASA har kollektive tenestepensjonsordningar for alle tilsette. Ordningane oppfyller krava i lov om obligatorisk tenestepensjon.

BIDRAGSBASERTE PENSJONSORDNINGAR
KOLLEKTIVE TENESTEPENSJONSORDNINGAR
Kollektive bidragsbaserte pensjonsordningar blir behandla rekneskapsmessig i samsvar med norsk standard for pensjonar. Ordningane gjev rett til definerte framtidige bidrag. Desse er i hovudsak avhengig av talet på oppteningsår, lønnsnivå, lønnsnivå ved oppnådd pensjonsalder og storleiken på ytinga frå folketrygda. Forpliktinga er dekt gjennom ei ordning i KLP og ordningar i forsikringsselskap. Pensjonskostnad og forplikting/midlar er i noten vist under sikra pensjonsordningar.

INNSKOTSBASERTE PENSJONSORDNINGAR
INNSKOTSPENSJON
Innskotsbaserte pensjonar er ordningar der selskapet forpliktar seg til å betale ein årleg premie. Pensjon er avhengig av innbetalte midlar og avkastninga på desse. For selskapet er årets kostnad lik årets premie.

PENSJONSORDNINGAR FOR SEGLANDE TILSETTE I FJORD1 ASA
Seglande personell har eigen bidragsbasert tariffesta tenestepensjonsordning. Ordninga er sikra og omfattar 1084 aktive tilsette og 147 pensjonistar.

I tillegg til tariffesta tenestepensjon er det oppretta ei innskotsordning for sjøtilsette etter lov om tenestepensjon. Ordninga yter pensjon frå fylte 67 år ved 2 prosent årleg tilskot for kvart medlem. Selskapet sine sjøtilsette kan gå av ved fylte 60 år. Dei har då rett på sjømannspensjon. Denne er finansiert ved trekk i lønn og ved at selskapet betaler inn ein del. Selskapet sin del er klassifiert som innskotspensjon.

PENSJONSKOSTNAD BIDRAGSBASERTE ORDNINGAR

Pensjonskostnad	2018	2017
Noverdi av pensjonsopptening i året	4 531	4 420
Rentekostnad av pensjonsforpliktingane	1 321	1 415
Forventa avkastning på pensjonsmidlane	-1 939	-1 565
Resultatføring av estimatavvik	-210	-414
Netto pensjonskostnad	**3 703**	**3 855**

Endring i påkomen forplikting		
Påkomen forplikting ved byrjinga av året	58 249	54 627
Noverdi av pensjonsoppteninga i året	4 531	4 420
Rentekostnad på pensjonsforpliktingane	1 321	1 415
Estimatendringar	-4 250	-1 777
Overteke forplikting frå DS etter organisasjonsendring	824	
Utbetalte ytingar frå ordningane	-1 097	-435
Påkomen forplikting ved utgangen av året	**59 578**	**58 250**

Endring i pensjonsmidlar		
Verkeleg verdi av pensjonsmidlane ved byrjinga av året	77 516	63 165
Estimatendringar	-5 813	4 946
Avkastning på pensjonsmidlane	1 939	1 565
Innbetalt	8 433	8 274
Utbetalte pensjonar frå ordningane	-1 097	-435
Verkeleg verdi av pensjonsmidlane ved utgangen av året	**80 978**	**77 516**

Avstemming av pensjonsordningane sin finansierte status mot beløp i balansen		
Netto pensjonsmidlar	21 400	19 267
Ikkje resultatførte estimatavvik	-12 672	-14 445
Sum netto pensjonsmidlar (+) forplikting (-)	**8 728**	**4 822**

Sum netto pensjonsmidlar (+) forplikting (-) er i rekneskapet balanseført som

Overfinansierte ordningar	8 728	4 822
Sum netto pensjonsmidlar (+) forplikting (-)	**8 728**	**4 822**

Tal aktive tilsette i ordninga som inngår i pensjonsutrekningane:	1 084	988
Tal pensjonistar i ordninga som inngår i pensjonsutrekningane:	147	132

Totale pensjonskostnadar for selsapet (bidragsbaserte og innskotsbaserte)

	2018	2017
Kostnad bidragsbaserte ordninger ifølgje note	3 703	3 855
Kostnad innskotsbaserte ordningar	33 301	32 159
Sum pensjonskostnad	**37 004**	**36 015**

Avstemming av pensjonsmidlane til selskapet / forplikting mot balansen:

Midlar	2018	2017
Overfinansierte bidragsbaserte ordningar	8 728	4 822
Sum pensjonsmidlar oppført som eigendel i balansen	**8 728**	**4 822**

Forplikting		
Underfinansierte ordningar	0	0
Sum pensjonsforplikting oppført som gjeld i balansen	**0**	**0**

Økonomiske føresetnader for utrekning av bidragsbasert pensjon

	2018	2017
	i %	i %
Diskonteringsrente	2,60 %	2,40 %
Forventa regulering av lønn	2,75 %	2,50 %
Forventa auke av pensjonar under utbetaling	0,80 %	0,50 %
Forventa G-regulering	2,50 %	2,25 %
Forventa avkastning på pensjonsmidlar	4,30 %	4,10 %

NOTE 15 ANDRE AVSETNINGAR

	2018	2017
Avsett konstraktsbetaling	11 417	16 558
Sum andre avsetningar	**11 417**	**16 558**

Avsetning til kontraktsbetaling blir periodisert med utgangspunkt i skilnad mellom nedbetalingstida for driftsmiddel som er lagd til grunn i kontraktar med det offentlege, og dei rekneskapsmessige avskrivingane.

NOTE 16 PANTSTILLING, GARANTIANSVAR OG LIKNANDE

	2018	2017
Renteberande gjeld:		
Usikra		
Obligasjonslån *	1 000 000	1 000 000
Amortisert kost	11 750	14 750
Sum obligasjonslån	**988 250**	**985 250**
Sikra		
Gjeld til kredittinstitusjonar	1 842 000	684 727
Amortisert kost	39 258	0
Sum gjeld til kredittinstitusjonar	**1 802 742**	**684 727**
Sum langsiktig gjeld	**2 842 000**	**1 684 727**

* Verkeleg verdi obligasjonslån per 31.12.2018 er på 1 020 000,–

Avdragsstruktur langsiktig gjeld	Saldo per 31.12.18	Avdrag år 2019	Avdrag år 2020	Avdrag år 2021	Avdrag år 2022	Avdrag år 2023	Avdrag år 2024 eller seinere
Obligasjonslån							
Gjeld til kredittinstitusjonar	1 842 000	213 211	242 378	271 545	664 402	57 985	392 479
Total	**2 842 000**	**213 211**	**242 378**	**271 545**	**1 664 402**	**57 985**	**392 479**

	2018	2017
Sum gjeld med nedbetalingstid lengre enn 5 år	392 479	0

Obligasjonslånet har rente som blir regulert kvart kvartal ut frå 3M NIBOR, som gjennomsnittleg var 1,06 % i 2018 med 3,50 % margin. Anna gjeld til kredittinstitusjonar per 31.12.2018 har ei rente på 6M NIBOR som gjennomsnittleg var 1,19 % i 2018, der margin varierer mellom 1,60 % til 2,35 %.

Finansielle lånevilkår
Dei mest vesentlege låneavtalene krev at konsernet oppfyller følgjande finansielle vilkår:
- NIBD/EBITDA kan høgst vere 4,25
- Eigenkapitaldel over 25 %

Obligasjonslånet inkluderar følgjande finansielle lånevilkår:
- Minimum eigenkapitaldel på 22,5 % for perioden på seks kvartal, som startar frå 1. januar 2019 og 25 % til ei kvar tid etter dette
- Minimum likviditet på NOK 75 millionar

Sidan låna har flytande rente og stabil kredittmargin over tid er verkeleg verdi av langsiktig gjeld til kredittinstitusjonar ikkje vurdert å vere vesentleg avvikande frå bokført verdi.

Påkomne renter per 31.12.18 er 18,726 millionar kroner, men det er klassifisert som kortsiktig fordi det forfell til betaling første halvår etter årsslutt.

Sum garantiansvar, kausjonsansvar, garanti for trafikkløyve o.l.	1 308 830	548 718

Det ligg ikkje andre garantiforpliktingar enn dei som er skildra ovenfor.
Alle garantiforpliktingane går via Nordea og DNB.

Bokført verdi av eigendelar som er stilte mot sikring		
Bygningar og tomter	0	40 505
Skip	5 128 937	3 669 216
Sum	**5 128 937**	**3 709 721**

Likviditeten til Fjord1-konsernet er organisert i ei konsernkonto-ordning hos Nordea. Konsernkontosystemet er oppretta for å bidra til ei optimal likviditetsstyring i Fjord1-konsernet. I denne ordninga er Fjord1 ASA konsernkontoeigar og dermed eigar av bankmidlane. Driftskontoane til selskapet inngår her, og alle selskapa har solidaransvar for innskot i konsernkontoordninga.

Underkontiane til dotterselskapa blir formelt sett behandla som krav og gjeld på morselskapet Fjord1 ASA. Innskot på konsernkontoen er klassifisert som krav på konsernselskap i balansen, medan trekk på konsernkontoen er klassifisert som gjeld til konsernselskap i balansen. Totalt tilgodehavande i konsernet si konsernkonto-ordning per 31.12.2018 er 140,2 millionar kroner.

Når det gjeld skattetrekkskonti, har Nordea gjeve ein garanti til dei respektive kontorkommunane for skatteansvaret på 56 millionar kroner. Utanom denne ordninga er det per 31.12.2018 ikkje bundne skattetrekksmidlar. Per 04.02.2019 er denne utvida med 4 millionar til 60 millionar kroner.

Banklåna i Fjord1 ASA er i februar 2018 refinasnierte med eit syndikatlån gjennom Nordea og DnB. Det er frå det tidspunktet inga langsiktig gjeld lenger i tilknyting til den tidligare konsernavtalen.

NOTE 17 ANNA KORTSIKTIG GJELD

	2018	2017
Kortdatabase, sjøselskapa	385 772	363 042
Skuldig/opptent lønn og feriepengar	132 091	122 582
Påkomen rente / sikringsforretningar	21 531	7 849
Anna kortsiktig gjeld	39 226	53 706
Sum anna kortsiktig gjeld	**578 619**	**547 179**

NOTE 18 LØNN OG SOSIALE KOSTNADAR

	2018	2017
Lønn	666 467	626 102
Arbeidsgjevaravgift	93 918	96 169
Pensjonskostnadar	41 245	44 785
Andre ytingar	45 673	49 291
Sum lønnskostnadar	**847 304**	**816 347**
Tal sysselsette årsverk	1 105	1 056

Pensjonsordningane er dekte gjennom forsikringsselskap og KLP. Totalt er det kostnadsført ein pensjonskostnad på 33,3 millionar kroner i Fjord1 ASA.

Pensjonsordningane til selskapet tilfredsstillar krava i lov om obligatorisk tenestepensjon.

Det er ikkje ytt lån/stilt trygd til administrerande direktør, styreleiar eller andre nærståande partar. Det er ikkje ytt lån/stilt trygd som utgjer meir enn 5 % av eigenkapitalen i selskapet.

Ytingar til leiande personar	Administrande direktør	Styret / bedriftsforsamling
Lønn	2 437	2 489
Bonus	600	0
Pensjonsutgifter inkludert aktuarutrekna kostnad for 2018	2 024	0
Andre godtgjeringar	836	0
Totalt	**5 896**	**2 489**
Pensjonsforplikting	4 875	0

Administrerande direktør er tilsett i og får lønn frå F1 Administrasjon AS og har krav på sluttvederlag lik lønn i 12 månadar dersom kontrakten hans blir terminert av selskapet, eller dersom administrerande direktør sjølv seier opp stillinga si ved vesentlege endringar i kontroll eller endringar i forretningsstrategi og drift av selskapet. Ingen andre medlemmar av konsernleiinga eller styret har kontraktar som gjev vesentlege fordelar når kontrakten tek slutt.

Selskapet har ingen forpliktingar som er knytte til aksjebaserte godtgjeringar til fordel for tilsette og tillitsvalde.

Selskapet har avtalar per dags dato om bonusar og godtgjeringar i aksjar eller andre fordelar for leiande tilsette.

Revisor (tal i tusen kroner ekskl. mva)	2018	2017
Lovpålagd revisjon (inkludert teknisk bistand med årsrekneskap)	1 982	1 258
Skatterådgjeving (inkludert teknisk bistand med likningspapir)	46	61
Attestasjonstenester	59	86
Andre tenester	863	1 092
Tenestekjøp hos revisor *	**2 950**	**2 497**

*I 2018 gjeld 1,2 millionar kroner ny revisor PriceWaterhouseCoopers AS, medan 1,7 millionar kroner gjeld tidlegare revisor Ernst & Young As.

NOTE 19 POSTAR SOM ER SAMANSLÅTT I REKNESKAPEN

Andre driftskostnadar	2018	2017
Reparasjon og vedlikehald	203 792	246 278
Drivstoff	513 507	371 315
Skipskostnadar	218 898	199 166
Rutekostnadar	38 130	29 029
Andre driftskostnadar	229 927	202 865
Sum andre driftskostnadar	**1 204 254**	**1 048 653**

NOTE 20 ANNA FINANSINNTEKT

	2018	2017
Valutagevinst	605	1 022
Aksje-/kundeutbytte	83	6 002
Gevinst ved realisasjon i aksjar	75	0
Anna finansinntekt	33	250
Sum anna finansinntekt	**795**	**7 274**

NOTE 21 LEIGEAVTALAR

	Lengd i tid	Kostnadsført leige
Konsernet har ved utgangen av 2018 ymse leigeavtalar på skip/passasjerbåtar og andre driftsmidlar:		
Leigeavtaler skip og passasjerbåter, ekstern	2021	82 616
Leasingavtalar bilar	2021	450

NOTE 22 SIKRINGSKONTRAKTAR OG ANNAN FINANSKOSTNAD

Rente:

	2018	2017
Renteberande gjeld med fast rente (kontantstraumssikring)	139 500	303 250

Den faste renta i konsernet sine avtalar varierer, og avtalane har varierande lengde fram til og med 2019.

Urealisert ikkje-rekneskapsført tap på rentebyteavtalar utgjer	-5 335	18 470

Valutasikring:

	2018	2017
Urealisert ikkje regnskapsført gevinst/tap på valutasikring utgjer:	30 085	

Olje og LNG	2018	2017
Gjennomsnittleg sikra volum av olje og LNG i perioden 2013–2019	10 %	22 %
Urealisert ikkje rekneskapsført gevinst/tap på sikringsavtalar utgjer:	-504	-12 133

Spesifikasjon annan finanskostnad	2018	2017
Verdireduksjon av rentesikring	12 591	13 466
Valutakostnad (disagio)	501	1 506
Annan finanskostnad	9 276	5 000
Sum annan finanskostnad	**22 368**	**19 972**

NOTE 23 ANDRE OPPLYSNINGAR

Fjord1 ASA har rett til kompensasjon for bortfall av trafikkinntekter som følgje av at oppdragsgivaren endrar føresetnadene for rabattstruktur og takstsoner utover det som var lagt til grunn i anbodet. Frå og med 2010 er det for ein del kontraktar ikkje gjennomført endeleg oppgjer frå oppdragsgivar. For desse kontraktane kjem det utbetalt ein årleg kompensasjon som blir inntektsført.

Utbetalingane frå oppdragsgivar er frå og med 2010 gjorde med atterhald. Val av modell som skal leggjast til grunn, vil kunne påverke det endelege kompensasjonsnivået.

Selskapet sitt beste estimat er lagt til grunn. I hovudsak er utbetalt rabattkompensasjon inntektsført.

NOTE 24 SPESIFIKASJON AV SALSINNTEKT OG KONTRAKTSINNTEKT

Fjord1 ASA har inntekt hovudsakleg frå ferjedrift, passasjerbåt, utleige av fartøy til reiseliv og sal av varer frå kiosk om bord på ferjer.

Ferjesegmentet omfattar drift i Noreg der det er inngått kontrakt om samband. Det er i desse geografiske områda det også blir drive kiosk om bord på ferjene. I tillegg til ferjedrift driv selskapet lokale passasjerbåtruter i Sogn og Fjordane.

Fartøy som blir utleigde til reiselivsverksemder, går i verdsarvfjordane Nærøyfjorden og Geirangerfjorden.

Salsinntekt	2018	2017
Ferjedrift	623 933	665 530
Passasjerbåt	1 661	37
Sal av varer frå kiosk (Catering)	192 008	188 746
Reiseliv	368	0
Andre område	71	0
Sum salsinntekter	**818 040**	**854 313**

Kontraktsinntekter	2018	2017
Ferjedrift	2 138 554	1 803 139
Passasjerbåt	102 818	93 820
Sum kontraktsinntekter	**2 241 372**	**1 896 958**

Anna driftsinntekt	2018	2017
Leigeinntekt	23 773	31 523
Gevinst ved sal av driftsmiddel	1 183	4 403
NO_x-refusjon	2 281	2 163
Anna inntekt	7 190	5 298
Sum kontraktsinntekter	**34 427**	**43 387**

NOTE 25 NØKKELTAL

		2018	2017
Totalkapitalrentabilitet (1)	%	11,8 %	12,2 %
Driftsmargin (2)	%	25,2 %	23,1 %
Egenkapitaldel (3)	%	28,1 %	37,7 %
Eigenkapitalrentabilitet (4)	%	32,3 %	30,6 %
Likviditetsgrad (5)	%	33,7 %	67,8 %
Gjeldsnedbetalingsevne (6)	i år	2,7	2,5
Marknadsfinansiering (7)	%	27,6 %	32,1 %

1) Totalkapitalrentabilitet:	Årsresultat + finanskostnadar / gjennomsnittleg totalkapital
2) Driftsmargin:	Resultat etter avskrivingar / sum driftsinntekter
3) Eigenkapitaldel	Eigenkapital/totalkapital
4) Eigenkapitalrentabilitet	Årsresultat / gjennomsnittleg eigenkapital
5) Likviditetsgrad	Omløpsmidlar / kortsiktig gjeld
6) Gjeldsbeteningsevne	Gjennomsnittleg netto renteberande gjeld / årsresultat + ordinære avskrivingar
7) Marknadsfinansiering	Sum driftsinntekter – kontraktsinntekter rutedrift / sum driftsinntekter

ERKLÆRING FRÅ STYRET OG DAGLEG LEIAR

Vi erklærer at årsrekneskapet for Fjord1 ASA for perioden 1. januar til 31. desember 2018, etter vår beste overtyding, er utarbeidd i samsvar med gjeldande rekneskapsstandardar og at opplysningane i rekneskapet gir eit rettvisande bilete av selskapet og konsernet sine eigendelar, gjeld, finansielle stilling og resultat som heilskap.

Vi erklærer og at årsmeldinga gir ein rettvisande oversikt over utviklinga, resultatet og stillinga til selskapet og konsernet, saman med ei skildring av dei mest sentrale risiko- og usikkerheitsfaktorane verksemda står ovanfor i neste rekneskapsperiode, og informasjon om eventuelle vesentlege transaksjonar med nærståande.

Florø, 20. mars 2019

Vegard Sævik
Styreleiar

Per Rolf Sævik
Styremedlem

Siri Hatland
Styremedlem

Siri Beate Hatlen
Styremedlem

Frederik Wilhelm Mohn
Styremedlem

Atle Olav Trollebø
Styremedlem

Geir Offerdal
Styremedlem

Dagfinn Neteland
Adm. Dir/CEO

bring
bring
VF 88972
KH 77991

Til generalforsamlinga i Fjord1 ASA

Melding frå uavhengig revisor

Fråsegn om revisjonen av årsrekneskapen

Konklusjon

Vi har revidert Fjord1 ASA sin årsrekneskap som er samansett av:

- selskapsrekneskapen, som er samansett av balanse per 31. desember 2018, resultatrekneskap og kontantstraumoppstilling for rekneskapsåret avslutta per denne datoen og notar, medrekna eit samandrag av viktige rekneskapsprinsipp, og
- konsernrekneskapen, som er samansett av konsolidert balanseoppstilling per 31. desember 2018, konsolidert resultatrekneskap, konsolidert oppstilling av totalresultat, konsolidert oppstilling av endringar i eigenkapitalen og konsolidert kontantstraumsanalyse for rekneskapsåret avslutta per denne datoen og notar, medrekna eit samandrag av viktige rekneskapsprinsipp.

Etter vår meining:

- er årsrekneskapen gitt i samsvar med lov og forskrifter
- gir selskapsrekneskapen som følgjer med eit rettvisande bilete av den finansielle stillinga til Fjord1 ASA per 31. desember 2018 og av selskapet sine resultat og kontantstraumar for rekneskapsåret som blei avslutta per denne datoen i samsvar med rekneskapslova sine reglar og god rekneskapsskikk i Noreg
- gir konsernrekneskapen som følgjer med eit rettvisande bilete av den finansielle stillinga til konsernet Fjord1 ASA per 31. desember 2018 og av konsernet sine resultat og kontantstraumar for det avsluttande rekneskapsåret i samsvar med International Financial Reporting Standards som fastsett av EU.

Grunnlag for konklusjonen

Vi har gjennomført revisjonen i samsvar med lov, forskrift og god revisjonsskikk i Noreg, medrekna dei internasjonale revisjonsstandardane International Standards on Auditing (ISA-ane). Våre oppgåver og plikter etter desse standardane er beskrivne i *Revisor sine oppgåver og plikter ved revisjon av årsrekneskapen*. Vi er uavhengige av selskapet og konsernet slik det er krav om i lov og forskrift, og har oppfylt dei andre etiske pliktene våre i samsvar med desse krava. Etter vår oppfatning er innhenta revisjonsbevis tilstrekkeleg og formålstenleg som grunnlag for konklusjonen vår.

Sentrale tilhøve ved revisjonen

Sentrale tilhøve ved revisjonen er dei tilhøva vi meiner var av størst betyding ved revisjonen av årsrekneskapen for 2018. Desse tilhøva blei handtert då revisjonen vart utført og då danna vi oss ei meining om årsrekneskapen totalt sett. Vi konkluderer ikkje særskilt på desse tilhøva.

Sentrale tilhøve ved revisjonen	Korleis vi i vår revisjon handterte sentrale tilhøve ved revisjonen

Verdsetting av skip

Konsernet hadde per 31. desember 2018 skip balanseført til NOK 5244 millionar, samt skip tilgjengeleg for sal balanseført til NOK 174 millionar. Dette utgjer ein betydeleg del (om lag 80%) av totale

Vi har vurdert design og testa utforminga av nøkkel-kontrollar i nedskrivingsprosessen med eit fokus på kontrollar knytt til vurderinga av ekstern dokumentasjon som underbyggjer nøkkelføresetnadane i

eigedelar i konsernrekneskapen.

Vi fokuserte på dette på grunn av tydinga ei eventuell nedskriving av verdiane kan ha for rekneskapen og på grunn av at det er stor grad av skjønn involvert i vurderinga av verdien på skipa.

Leiinga har identifisert indikatorar på nedskriving eller reversering av nedskriving. Attvinnbart beløp vart berekna basert på verkeleg verdi fråtrekket salskostnadar. Den enkelte kontrakt og tilhøyrande skip blei definert som ei kontantstraumsgenererande eining (KGE).

Bruken av skjønn er knytt til kva avkastningskrav (WACC) som blei nytta, framtidige inntekter frå ferjekontraktar, driftskostnadar, vedlikehaldsinvesteringar og netto salsverdi av skip ved utløp av kontrakt. Leiinga si vurdering resulterte i nedskriving på NOK 84 millionar knytt til eit skip utan kontrakt, og ei reversering av NOK 84,6 millionar i tidligare nedskrivingar. Netto effekt på resultatrekneskapen blei derfor avgrensa.

Vi viser til note 2 og 10 i konsern-rekneskapen der leiinga forklarar nedskrivingsmodellen og sentrale føresetnader.

nedskrivingstesten.

Vi vurderte leiinga si identifikasjon av konsernet sine kontantstraumgenererande einingar og fant at desse tilfredsstilte IFRS krava.

Vi vurderte leiinga sine nøkkelføresetnader om framtidige inntekter frå ferjekontraktar, driftskostnadar og vedlikehaldsinvesteringar og netto salsverdi av skip ved utløp av kontrakt. For å vurdere nøkkelføresetnader tok vi utgangspunkt i nedskrivingsmodellen og avstemte kontraktinntekter mot eksisterande kontraktar og leverte anbod.

Vi samanlikna kostnadsnivået mot historisk kostnadsnivå og samanlikna årets resultat per ferjekontrakt med budsjett for 2018 for å vurdere historisk treffsikkerheit i leiinga sine estimat. Vi fant at kontraktinntekter og kostnadsnivå hang godt saman med hhv. inntektsnivået i eksisterande kontraktar og framtidige kontraktar og historisk kostnadsnivå.

Det nytta avkastningskravet vurderte vi gjennom å samanlikne dei enkelte elementa i avkastningskravet mot observerbare marknadsdata, der dette eksisterte, og interne data. Vi fant at avkastningskravet låg innanfor eit rimeleg intervall.

Vi gikk igjennom eksterne takstar innhenta av konsernet si leiing for å vurdere netto salsverdi av skip ved utløp av kontrakt. For å vurdere eksterne takster har vi også vurdert faktiske sal av skip mot historiske takstverdiar. Vi fant at forventa salsprisar hang godt saman med takstar og historiske nivå.

Vi utførte sensitivitetsanalysar på føresetnadane nytta i modellen. Berekningane er sensitive overfor endringar i WACC og netto salsverdi av skip ved utløp av kontrakt. Vi avstemte sensitivitetsanalysane mot informasjon presentert i note.

Vi vurderte om noteopplysningar var tilstrekkeleg knytt til utført nedskrivingstest og fant at disse tilfredsstilte IFRS krava.

Ytterlegare informasjon

Leiinga er ansvarleg for ytterlegare informasjon. Ytterlegare informasjon omfattar årsmeldinga, utgreiingane om føretaksstyring og samfunnsansvar, men inkluderer ikkje årsrekneskapen og revisjonsmeldinga.

Vår fråsegn om revisjonen av årsrekneskapen dekkjer ikkje ytterlegare informasjon, og vi attesterer ikkje den ytterlegare informasjonen.

I samband med revisjonen av årsrekneskapen er det oppgåva vår å lese den ytterlegare informasjonen for å vurdere om det er vesentleg inkonsistens mellom han og årsrekneskapen eller kunnskap vi har opparbeidd under revisjonen, eller om han tilsynelatande inneheld vesentleg feilinformasjon.

Dersom vi konkluderer med at den ytterlegare informasjonen inneheld vesentleg feilinformasjon er vi pålagde å rapportere det. Vi har ikkje noko å rapportere i så måte.

Styret og dagleg leiar sitt ansvar for årsrekneskapen

Styret og dagleg leiar (leiinga) er ansvarlege for å utarbeide årsrekneskapen i samsvar med lov og forskrifter, og for at han gir eit rettvisande bilete i samsvar med International Financial Reporting Standards som fastsett av EU. Leiinga er også ansvarleg for naudsynt intern kontroll for å kunne utarbeide ein årsrekneskap som ikkje inneheld vesentleg feilinformasjon, verken som følgje av misleg framferd eller feil som ikkje er tilsikta.

Ved utarbeidinga av årsrekneskapen er leiinga ansvarleg for å ta standpunkt til selskapet og konsernet si evne til å halde fram med drifta, og opplyse om tilhøve av betyding for dette. Føresetnaden om at drifta kan halde fram, skal leggjast til grunn for årsrekneskapen med mindre leiinga enten har til hensikt å avvikle konsernet eller legge ned verksemda, eller ikkje har noko realistisk alternativ til dette.

Revisor sine oppgåver og plikter ved revisjon av årsrekneskapen

Målet med revisjonen er å oppnå tryggande sikkerheit for at årsrekneskapen totalt sett ikkje inneheld vesentleg feilinformasjon, verken som følgje av misleg framferd eller feil som ikkje er tilsikta, og å gi ei revisjonsmelding som inneheld konklusjonen vår. Tryggande sikkerheit er ein høg grad av tryggleik, men ingen garanti for at ein revisjon utført i samsvar med lov, forskrift og god revisjonsskikk i Noreg, og ISA-ane, alltid vil avdekke vesentleg feilinformasjon som eksisterer. Feilinformasjon kan oppstå som følgje av misleg framferd eller feil som ikkje er tilsikta. Feilinformasjon blir vurdert som vesentleg dersom han, åleine eller samla, innanfor rimelege grenser kan forventast å påverke økonomiske avgjerder som brukarane tar basert på årsrekneskapen.

Som del av ein revisjon i samsvar med lov, forskrift og god revisjonsskikk i Noreg, og ISA-ane, utøver vi profesjonelt skjønn og viser profesjonell skepsis gjennom heile revisjonen. I tillegg:

- identifiserer og anslår vi risikoen for vesentleg feilinformasjon i årsrekneskapen, enten det skuldast misleg framferd eller feil som ikkje er tilsikta. Vi utformar og gjennomfører revisjonshandlingar for å handtere slike risikoar, og hentar inn revisjonsbevis som er tilstrekkeleg og formålstenleg som grunnlag for konklusjonen vår. Risikoen for at vesentleg feilinformasjon som følgje av misleg framferd ikkje blir avdekka, er høgare enn for feilinformasjon som skuldast feil som ikkje er tilsikta, sidan misleg framferd kan innebere samarbeid, forfalsking, bevisste utelatingar, urette framstillingar, eller brot på interne kontrollrutinar.
- opparbeider vi oss ei forståing av intern kontroll som er relevant for revisjonen, for å utforme revisjonshandlingar som er formålstenlege etter tilhøva, men ikkje for å gi uttrykk for ei meining om effektiviteten av selskapet og konsernet sin interne kontroll.
- evaluerer vi om rekneskapsprinsippa som er brukte, er formålstenlege, og vurderer om rekneskapsestimata og tilhøyrande noteopplysningar som er utarbeidde av leiinga, er rimelege.
- konkluderer vi, basert på innhenta revisjonsbevis, på om leiinga sin bruk av framleis drift-føresetnaden ved fastsetting av årsrekneskapen er formålstenleg og om det er vesentleg uvisse knytt til hendingar eller tilhøve som kan skape tvil av betyding om selskapet og konsernet si evne til å halde fram med drifta. Dersom vi konkluderer med at det eksisterer vesentleg uvisse, må vi i revisjonsmeldinga gjere merksam på tilleggsopplysningane i årsrekneskapen, eller, dersom slike tilleggsopplysningar ikkje er tilstrekkelege, at vi modifiserer konklusjonen vår om

årsrekneskapen og årsmeldinga. Konklusjonane våre er basert på revisjonsbevis innhenta inntil datoen for revisjonsmeldinga. Etterfølgjande hendingar eller tilhøve kan likevel føre til at selskapet og konsernet ikkje held fram med drifta.

- evaluerer vi den totale presentasjonen, strukturen og innhaldet i årsrekneskapen, og tilleggsopplysningane, og om årsrekneskapen representerer dei underliggjande transaksjonane og hendingane på ein måte som gir eit rettvisande bilete.
- innhentar vi tilstrekkeleg og formålstenleg revisjonsbevis knytt til den finansielle informasjonen til einingane eller forretningsområda i konsernet for å kunne gi uttrykk for ei meining om den konsoliderte årsrekneskapen. Vi er ansvarlege for å leie, følge opp og gjennomføre konsernrevisjonen. Vi åleine er ansvarlege for vår revisjonskonklusjon.

Vi kommuniserer med styret mellom anna om det planlagde omfanget av revisjonen og til kva tid revisjonsarbeidet skal utførast. Vi utvekslar også informasjon om tilhøve av betyding som vi har avdekka i løpet av revisjonen, samt om eventuelle svakheiter av betyding i den interne kontrollen.

Vi gir styret ei melding om at vi har etterlevd relevante etiske krav til uavhengighet, og om at vi har kommunisert og vil kommunisere med dei alle relasjonar og andre tilhøve som innanfor rimelege grenser kan tenkjast å kunne påverke uavhengigheten vår, og, der det er relevant, om tilhøyrande åtgjerder.

Av dei sakene vi har kommunisert med styret, tar vi standpunkt til kva for saker som var av størst betyding for revisjonen av årsrekneskapen for den aktuelle perioden, og som derfor er sentrale tilhøve ved revisjonen. Vi omtaler desse sakene i revisjonsmeldinga om ikkje lov eller forskrift hindrar at saka vert gjort offentleg, eller dersom vi, i ekstremt sjeldne tilfelle, avgjer at ei sak ikkje skal omtalast i revisjonsmeldinga sidan ein må rekne med at dei negative følgjene av ei slik offentleggjering innanfor rimelege grenser oppveg allmenta si interesse av at saka vert omtala.

Utsegn om andre lovmessige krav

Konklusjon om årsmeldinga

Basert på revisjonen vår av årsrekneskapen slik den er beskriven ovanfor, meiner vi at opplysningane i årsmeldinga og i utgreiingane om føretaksstyring og samfunnsansvar om årsrekneskapen, føresetnaden om at drifta skal halde fram og framlegget til bruk av overskotet er konsistente med årsrekneskapen og er i samsvar med lov og forskrifter.

Konklusjon om registrering og dokumentasjon

Basert på revisjonen vår av årsrekneskapen slik den er beskriven ovanfor, og kontrollhandlingar vi har funne nødvendige etter internasjonal standard for attestasjonsoppdrag *(ISAE) 3000 «Attestasjonsoppdrag som ikke er revisjon eller forenklet revisorkontroll av historisk finansiell informasjon»*, meiner vi at leiinga har oppfylt plikta si til å sørgje for ordentleg og oversiktleg registrering og dokumentasjon av selskapet og konsernet sine rekneskapsopplysningar i samsvar med lov og god bokføringsskikk i Noreg.

Bergen, 20. mars 2019

PricewaterhouseCoopers AS

Fredrik Gabrielsen

Statsautorisert revisor

Fjord1 ASA
Strandavegen 15
6905 Florø

www.fjord1.no

www.frequency.no